

Rapport – nr. 95/2019

Randi Bergem, Silje L. Dahl, Grethe M. Olsen, Ellen S. Synnevåg

## Nærmiljø og lokalsamfunn for folkehelse

**Sluttrapport frå evaluering av prosjektet Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse**



<b>Forfatter</b>	Randi Bergem, Silje L. Dahl, Grethe M. Olsen, Ellen S. Synnevåg
<b>Utgjevar</b>	Høgskulen i Volda
<b>År</b>	2019
<b>Serie</b>	Rapport
<b>ISBN</b>	978-82-7661-347-6 (digital utgåve)
<b>ISSN</b>	1891-5981
<b>Sats</b>	Forfatter

Nærmiljø og lokalsamfunn for folkehelse. Sluttrapport frå evaluering av prosjektet Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse.

© Forfatter/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfatter/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

### **Rapport / Høgskulen i Volda**

Vitskaplege og andre faglege arbeid på høgare nivå enn notat. Både forfatter og institusjon er fagleg ansvarlege for publikasjonen. Arbeida kan vere rapportar frå prosjekt/oppdragsverksemd eller reint teoretiske arbeid av eit visst omfang. Rapportane må vere godt gjennomarbeidde med omsyn til innhald, struktur og språk og innehalde referansar. Rapportane skal vere godkjende av anten dekan eller prosjektleiar eller annan fagperson dei har utpeika og forskingssjef ved Høgskulen i Volda..

## Forord

Denne rapporten er sluttrapporten frå evalueringa av satsinga til Helsedirektoratet *Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse* (Nærmiljøprosjektet).

Rapporten bygger på skriftleg dokumentasjon frå Helsedirektoratet, kommunane, fylka, universiteta og høgskulane som er kopla til prosjektet, og på intervju med eit utval representantar frå dei same aktørane. I tillegg har vi deltatt på ei rekke lokale, regionale og nasjonale samlingar i prosjektet. Til saman utgjer det datatilfanget til sluttevalueringa. For å få eit samla inntrykk av evalueringa av Nærmiljøprosjektet, kan ein også lese dei to delrapportane.<sup>1</sup> Faglege innspel og dialog med aktørane undervegs i prosjektet har vore sentrale element i følgjeevalueringa. Såleis utgjer den skriftlege rapporteringa berre ein del av evalueringsarbeidet.

Prosjektleiar Randi Bergem har vore ansvarleg for å skrive sluttrapporten. Dei andre prosjektmedarbeidarane har vore sentrale i datainnsamlinga, i kvalitetssikring av sluttrapporten, og elles i følgjeevalueringa.

Takk til alle som på ein eller annan måte har bidrege med tilfang til evalueringa. Ei særleg takk til prosjektleiarane i dei fylkeskommunane og kommunane som har lese og kommentert utkast til sluttrapporten.

Takk til Helsedirektoratet for at vi fekk evaluere Nærmiljøprosjektet, og for godt samarbeid!

Høgskulen i Volda, oktober 2019

Randi Bergem  
prosjektleiar

---

<sup>1</sup> Bergem, R., Amdam, R., Dahl, S.L., Olsen, G.M. & Synnevåg, E.S. (2018). *Nærmiljø og lokalsamfunn for folkehelse. Delrapport 1 frå evaluering av satsinga «Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse»*. Notat – nr 2/2018, Høgskulen i Volda. <https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/2490960>

Bergem, R., Dahl, S.L., Olsen, G.M. & Synnevåg, E.S. (2018). *Nærmiljø og lokalsamfunn for folkehelse. Delrapport 2 frå evaluering av satsinga «Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse»*. Rapport 87/2018. <https://bravo.hivolda.no/hivolda-xmlui/handle/11250/2597759>

## Innhald

<b>Forord</b> .....	<b>3</b>
<b>Innhald</b> .....	<b>4</b>
<b>Tabelloversikt</b> .....	<b>5</b>
<b>Figuroversikt</b> .....	<b>5</b>
<b>Samandrag</b> .....	<b>6</b>
Innleiing .....	6
Følgjeevaluering av Nærmiljøprosjektet.....	7
Hovudfunn og tilrådingar.....	7
<b>Innleiing - om Nærmiljøprosjektet</b> .....	<b>13</b>
<b>Om evalueringa og rapporten</b> .....	<b>14</b>
Formativ følgjeevaluering.....	14
Datainsamlinga .....	14
Om rapporten .....	16
Omfattande dokumentasjon og formidling frå Nærmiljøprosjektet .....	16
<b>Folkehelsepolitikken og folkehelsearbeid</b> .....	<b>16</b>
Systematisk folkehelsearbeid .....	17
Kommunal folkehelseoversikt .....	18
Folkehelse og planlegging.....	19
Nærmiljø og helse.....	19
Medverknad.....	21
Sosial ulikskap og sosial berekraft .....	22
Livskvalitet .....	23
<b>Formativ følgjeevaluering og vurdering av måloppnåing</b> .....	<b>24</b>
<b>Søknadsfase og oppstart</b> .....	<b>26</b>
Økonomisk støtte .....	27
Kvifor vere med?.....	28
Organisering .....	29
Dokumentasjon og rapportering .....	31
Prosjekt.....	32
Kommunikasjon og formidling i prosjektperioden .....	33
<b>Fylkeskommunen og Nærmiljøprosjektet</b> .....	<b>33</b>
Regionale nettverkssamlingar .....	36
Rapportering.....	37
Nasjonale nettverkssamlingar for fylkeskommunane og Helsedirektoratet .....	37
Fylkeskommunen er sentral i folkehelsearbeidet.....	37
<b>Mål 1. Betre kommunale folkehelseoversikter som grunnlag for planar og avgjerder</b> .....	<b>39</b>
Kommunal folkehelseoversikt og planlegging .....	42
<b>Mål 2. Å betre kunnskapen om korleis folk har det i nærmiljø og lokalsamfunn, og skaffe kunnskap om kva som bidreg til livskvalitet og trivsel</b> .....	<b>43</b>
Kva, korleis og kvifor? .....	43
Tryggleik, trivsel og tilgjenge .....	44
Faktorar på systemnivå i kommune(organisasjonen).....	45
Kunnskap for systematisk arbeid med folkehelse. Kva er kunnskap? .....	46
<b>Mål 3. Å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar</b> .....	<b>47</b>
Tilpassing til målgrupper og variasjon i tilnærmingar - Mobiliseringsgrep.....	50
Forankre i kommuneorganisasjonen og i sivilsamfunnet .....	52
Korleis ta vidare innspela? .....	52
Konsulentar, eller?.....	55
Politikarar i medverknadsprosessar .....	55
Generelle erfaringar med medverknad .....	57
Medverknadsprosessar – sentrale moment.....	59

<b>Mål 4. Å utvikle tiltak som tek utgangspunkt i utfordringane lokalt og regionalt .....</b>	<b>59</b>
Mange tiltak .....	60
<b>Mål 5. Kompetansebygging i samarbeid med utdannings- og forskingsmiljø.....</b>	<b>62</b>
Ulike tilnærmingar til følge-med-rolla .....	63
Erfaringar med samarbeidet om kompetansebygging .....	63
Kompetansebygging hos alle partar .....	64
Skal kommunar forske og drive teoriutvikling? .....	66
Bruk tid på samarbeidsavtalen .....	66
Samarbeid om kompetansebygging – eit godt grep .....	67
<b>Oppsummering .....</b>	<b>68</b>
Organisering og rammene rundt Nærmiljøprosjektet .....	68
Fylkeskommunen si rolle .....	69
Påverknadsfaktorar, utfordringar og kommunal folkehelseoversikt .....	69
Å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar .....	69
Å utvikle tiltak som tek utgangspunkt i utfordringar lokalt .....	70
Samarbeid om kompetansebygging .....	70
Framover .....	71
<b>Referansar .....</b>	<b>72</b>
<b>Vedlegg.....</b>	<b>76</b>
Vedlegg 1. Publikasjonar frå Nærmiljøprosjektet – eit utval .....	76
Vedlegg 2. Oversikt over kommunane og dei lokale prosjekta i Nærmiljøprosjektet, organisert etter tema og målgrupper .....	78
Vedlegg 3. Prosjektlearane for Nærmiljøprosjektet i dei deltakande fylkeskommunane .....	84

## Tabelloversikt

Tabell 1 Fylkeskommunar og kommunar som er med i Nærmiljøprosjektet.....	13
Tabell 2 Datainnsamlinga .....	15
Tabell 3 Oversikt over kommunar og informantar i djupnestudien.....	15
Tabell 4 Tilskott frå Helsedirektoratet .....	28
Tabell 5 Fylkeskommunane i prosjektet og organisatorisk plassering .....	34
Tabell 6 Kategorisering av nærmiljøfaktorar som er viktige for trivsel, helse og livskvalitet .....	44
Tabell 7 Data, informasjon, kunnskap og visdom .....	47
Tabell 8 Oversikt over medverknadsmåtar som er brukte i Nærmiljøprosjektet .....	49
Tabell 9 Kategorisering, ansvar og oppfølging av innspel. Døme frå Bømlo kommune.. ..	54
Tabell 10 Kategorisering, ansvar og oppfølging av innspel. Døme frå Stord kommune. ....	54
Tabell 11 Utdannings-/forskningsinstitusjonar i Nærmiljøprosjektet .....	62

## Figuroversikt

Figur 1 Det systematiske folkehelsearbeidet .....	18
Figur 2 Koplinga mellom folkehelse og ulike plannivå .....	19
Figur 3 Samanhengen i det kommunale plansystemet – eit døme.....	43

## Samandrag

### Innleiing

Nærmiljøet er ein viktig arena i folkehelsearbeidet. Nærmiljøet består av det fysiske miljøet og av sosiale og psykososiale forhold. Grøntområde, bustadområde, offentlege institusjonar og vegnettet er blant faktorar som utgjer det fysiske miljøet. Sosiale møteplassar, oppleving av tryggleik, tillit og identitet knytt til staden, er sentrale faktorar når det gjeld det sosiale og psykososiale forhold. Lov om folkehelsearbeid har som føremål å bidra til ei samfunnsutvikling som tek utgangspunkt i korleis ulike fysiske, sosiale og psykososiale faktorar påverkar helse. Folkehelselova § 1 peikar på at samordning mellom forvaltningsnivå og **langsiktig og systematisk arbeid** er nødvendig for å betre folkehelsa og utjamne sosiale skilnader i helse.

I følgje folkehelselova § 5 skal kommunane ha oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i kommunen. Oversikta skal vere basert på:

- Opplysningar som statlege helsemynde og fylkeskommunen gjer tilgjengelege, jf. §§ 20 og 25
- Kunnskap frå dei kommunale helse- og omsorgstenestene jf. helse- og omsorgstjenestelova § 3-3
- Kunnskap om faktorar og utviklingstrekk i nærmiljø og lokalsamfunn som kan ha innverknad på folkehelsa

Dei kommunale folkehelseoversiktene har i stor grad vore baserte på statistikk og opplysningar som statlege mynde har gjort tilgjengelege, og i mindre grad på opplysningar baserte på kvalitative datakjelder. For å styrke arbeidet med å kartlegge påverknadsfaktorar i nærmiljø og lokalsamfunn, tok Helsedirektoratet initiativ til ei nasjonal satsing. Satsinga vart realisert gjennom prosjektet *Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse*. I rapporten omtalt som Nærmiljøprosjektet. I alt åtte fylkeskommunar og 41 kommunar har vore med i prosjektet, som har gått i perioden 2015-2018. Ein del kommunar har arbeidd med prosjektet også i starten av 2019. Fylkeskommunane og kommunane i Nærmiljøprosjektet har fått tilskott frå Helsedirektoratet. Tilskotta skulle gå til:

- Kartlegging og utviklingsarbeid som gjeld nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse.
- Utvikling av dømme, metodar og innretning om korleis kunnskap om folkehelsekvalitetar i nærmiljøet kan takast omsyn til i oversikts- og planarbeidet.

I tillegg til finansiering frå Helsedirektoratet, har fylkeskommunar og kommunar bidrege med eigne midlar og ressursar.

Hovudmålet med Nærmiljøprosjektet har vore å medverke til gode nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse, og å styrke arbeidet med den kommunale folkehelseoversikta (jf. folkehelselova § 5). Delmål i prosjektet har vore:

1. Å betre dei kvalitative oversiktene over folkehelseutfordringar som grunnlag for kommunale planprosessar og avgjerder
2. Å betre kunnskapen om korleis folk har det i nærmiljø og lokalsamfunn, og skaffe kunnskap om kva som bidreg til livskvalitet og trivsel
3. Å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar
4. Å utvikle tiltak som tek utgangspunkt i utfordringane lokalt og regionalt
5. Kompetansebygging i samarbeid med utdanningsinstitusjonar

## Følgjeevaluering av Nærmiljøprosjektet

Høgskulen i Volda har evaluert Nærmiljøprosjektet nasjonalt. Evalueringa av Nærmiljøprosjektet bygger på eit breitt datagrunnlag, som inkluderer dokumentgjennomgang, deltaking og observasjon på regionale og nasjonale samlingar i prosjektet og på ein djupnestudie i eit utval kommunar.

Dialog med kommunar, fylkeskommunar, involverte utdanningsinstitusjonar og Helsedirektoratet undervegs i prosjektet, har vore sentralt i evalueringa. Det same gjeld formidling på regionale og nasjonale konferansar i løpet av prosjektperioden. Dialog og formidling har vore minst like viktige i følgjeevalueringa som dei skriftlege undervegsrapportane (Bergem mfl., 2018a, 2018b). Vi håper og trur at ei slik dialogbasert og formativ tilnærming har bidrege til å gi Nærmiljøprosjektet meir substans og legitimitet, enn tilfellet ville vore utan denne følgjeevalueringa.

Samandraget trekker fram hovudfunn frå evalueringa. Basert på hovudfunna gir vi tilrådingar, som vi håper vil vere nyttige for systematisk og langsiktig arbeid med folkehelse, både regionalt og lokalt.

## Hovudfunn og tilrådingar

Denne delen vil først og fremst løfte fram hovudfunn knytte til dei fem delmåla i Nærmiljøprosjektet. Men det blir også peika på erfaringar frå andre sider ved prosjektet. Vi vil kommentere tidsperspektivet i denne typen prosjekt, organisering, forankring og nedanfrå-og-opp-perspektivet, som ligg til grunn for Nærmiljøprosjektet. Fylkeskommunen si rolle i prosjektet har vore viktig, og vil også bli kommentert her i samandraget.

### **Kommunal folkehelseoversikt må bli tydelegare som verktøy i lokalt folkehelsearbeid**

Nærmiljøprosjektet har medverka til at kommunane har skaffa betre oversikt over utfordringar og påverknadsfaktorar i nærmiljøa. Det er arbeid godt med å kople denne kunnskapen til planlegging i kommunane. Men kunnskapen om påverknadsfaktorar og utfordringar må bli endå meir målretta mot å betre det systematiske og langsiktige folkehelsearbeidet. Særleg må det vise igjen i den kommunale folkehelseoversikta.

I svært mange kommunar er folkehelseoversikta og arbeidet med ho, i for stor grad knytt til folkehelsekoordinatoren åleine. Fleire i kommunen må involverast i arbeidet med oversikta. Det vil truleg gi ei betre folkehelseoversikt, og auke sjansane for at ho blir brukt i planarbeid og daglege avgjerder. Kommunal folkehelseoversikt må bli eit dokument som politikarane, planleggarane og leiarane i kommunale tenester kjenner godt til. Rådmann og politikarane må 'eige' oversikta.

Kommunal folkehelseoversikt må vere grunnlagsdokument for kommunal planstrategi, og ligge til grunn i alt planarbeid. Fleire i kommunen – inkludert folkehelsekoordinatorar – må kjenne godt til plansystemet. Det trengst for at kommunal folkehelseoversikt skal bli utforma og ha eit innhald som er eigna som grunnlag for planstrategi og planarbeid.

<b>TILRÅDINGAR</b>	<p><b>Kommunal folkehelseoversikt</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>▪ Rådmann har ansvaret for folkehelsearbeidet, inkludert folkehelseoversikta.</li><li>▪ Ordførar og andre politikarar må ha eit eigarforhold til oversikta.</li><li>▪ Arbeidet med den kommunale folkehelseoversikta må leggest opp slik at fleire i kommunen bidreg, og kjenner oversikta. Det gir eit betre utgangspunkt for at oversikta vert brukt.</li><li>▪ Folkehelsekoordinatorane, og andre som er involverte i arbeidet med den kommunale folkehelseoversikta, må få betre kjennskap til det kommunale plansystemet.</li></ul>
--------------------	--

### **Tryggleik, trivsel, tillit og tilgjenge er sentrale påverknadsfaktorar for helsa**

Nærmiljøprosjektet har hatt som delmål å betre kunnskapen om korleis folk har det i nærmiljø og lokalsamfunn, og skaffe kunnskap om kva som bidreg til livskvalitet og trivsel.

Å skaffe kunnskap om kva folk meiner bidreg til livskvalitet og trivsel, har det vore arbeidd mykje med. Kunnskapen er i stor grad skaffa gjennom medverknadsprosessar. Sentrale påverknadsfaktorar er møteplassar, variert kulturtilbod, friområde, grøntområde, parkar, gang- og sykkelveggar, nærleik til tenester og funksjonar i kommunen, arealbruk, fysisk utforming, estetiske kvalitetar i natur og i fysisk utforming. Påverknadsfaktorar i nærmiljø og lokalsamfunn kan samlast i dei tre stikkorda tryggleik, trivsel og tilgjenge.

Det har vore lagt mindre vekt på å betre kunnskapen om korleis folk har det i nærmiljø og lokalsamfunn. Å spørje folk korleis dei har det, må sjølvstøtt setjast inn i ei ramme knytt til nærmiljøutvikling, og ikkje gi forventningar om individuell oppfølging. Men ved å stille spørsmål om korleis folk har det, kan ein få viktig kunnskap, som igjen kan seie noko om sentrale påverknadsfaktorar i nærmiljøet. Kanskje kan det vere andre faktorar som vert avdekte ved å stille det spørsmålet, enn dei faktorane folk framhevar når dei vert spurde om kva faktorar i nærmiljøet dei meiner bidreg til livskvalitet og trivsel. Det er to ulike tilnærmingar til å skaffe kunnskap om påverknadsfaktorar.

<b>TILRÅDINGAR</b>	<b>Påverknadsfaktorar i nærmiljø og lokalsamfunn</b> <ul style="list-style-type: none"><li>▪ Kommunane må i større grad enn i dag prøve å finne ut korleis folk har det i nærmiljø og lokalsamfunn, og ikkje berre kartlegge kva innbyggjarane meiner bidreg til trivsel og livskvalitet.</li><li>▪ Spør folk som bur i ulike nærmiljø: Korleis har du det?</li><li>▪ Kva faktorar i nærmiljøet spelar ei rolle for at du har det slik?</li></ul>
--------------------	---

### **Variasjon i metodar og lokal tilpassing er nøkkelfaktorar for gode medverknadsprosessar**

Eit tredje delmål i Nærmiljøprosjektet har vore å utvikle og prøve ut medverknadsmetodar. Det er prøvd ut eit omfattande repertoar av medverknadsmetodar, og det er omfattande erfaringar å bygge på som følgje av Nærmiljøprosjektet.

Å variere medverknadsmetodane er nødvendig for brei mobilisering. Fordi målgruppene er ulike og føresetnadane deira for å kunne formidle synspunkt og erfaringar varierer, er det nødvendig å tilpasse medverknadsmetodane til målgruppene.

Mange kommunar har gode erfaringar med å inkludere målgruppene for medverknadsprosessane i planlegginga av prosessane. På den måten kan både val av medverknadsmetode og gjennomføringa bli meir treffsikker, enn dersom tilsette i kommunane åleine skulle stå for desse vala.

Å gjennomføre medverknadsprosessar på arenaer og i fora der folk elles er, er føremålstenleg med tanke på å mobilisere til deltaking. Døme på slike arenaer kan vere skular, barnehagar, pensjonistlag, grendelagsmøte, nærbutikkar, arbeidsmarknadsbedrifter, språkkafear for innvandrar o.a. At folk får vere på kjende arenaer kan gi større tryggleik for deltaking. Det kan igjen bidra til at ein får i tale personar og grupper som ein truleg ikkje ville nådd ved å legge aktiviteten til arenaer som er meir ukjende for målgruppa.

Politikarinvolvering kan gi medverknadsprosessar legitimitet og bidra til større mobilisering og auka engasjement hos dei ein vil ha i tale. Det er viktig at politikarane er klar over dilemma som kan oppstå når dei er involverte i medverknadsprosessane. Til sjuande og sist skal politikarane prioritere



og ta avgjerder, som ikkje nødvendigvis er i samsvar med det som folk har formidla gjennom medverknadsprosessar.

I kommunar som ikkje har folk med kompetanse om medverknad, kan det vere nødvendig å hyre ekstern hjelp. Det kan vere eit smart grep, og det kan vere til stor inspirasjon. I det lange løp, og med det trykket som er på kommunane når det gjeld medverknad, kan det vere føremålstenleg at kommunane sjølve skaffar seg slik kompetanse. Det kan også vere at kommunar kan samarbeide om slik kompetanse.

Medverknadsprosessane i Nærmiljøprosjektet har gjerne hatt som siktemål å få fram kva folk oppfattar er utfordringar i eige nærmiljø, og kva dei meiner bidreg til trivsel. Hovudintrykket er at medverknadsprosessane har dreia seg om å be innbyggjarar formidle ønske, behov og synspunkt når det gjeld kva faktorarar som bidreg til trivsel, meir enn det har handla om å mobilisere ressursar som finst i nærmiljøet. Ein del kommunar har likevel lagt vekt på at medverknad er eit verktøy for mobilisering og kapasitetsbygging i sivilsamfunnet. Utover i prosjektperioden har det stadig vore fleire kommunar som har lagt vekt på at medverknad også er ein strategi for å mobilisere ressursar i nærmiljø og lokalsamfunn.

<b>TILRÅDINGAR</b>	<p><b>Medverknad</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>▪ Bruk tid på å vurdere kva som er den / dei mest føremålstenlege medverknadsmetodane for å mobilisere den aktuelle målgruppa, og for å skaffe kunnskap som trengst.</li><li>▪ Varier medverknadsmåtane.</li><li>▪ Tilpass medverknaden til lokalt kontekst og til målgrupper.</li><li>▪ Sørg for at kommunen har kompetanse om medverknad. Samarbeid ev. med nabokommunar.</li><li>▪ Involver frivillig sektor og/eller målgruppene i planlegginga og gjennomføringa av medverknadsprosessane.</li><li>▪ Å involvere politikarar kan gi legitimitet til medverknadsprosessane.</li><li>▪ Å involvere politikarar kan auke sjansane for at det som kjem fram i prosessane blir lagt til grunn i strategi- og planarbeid. Men det er ingen garanti for at det skjer.</li><li>▪ Medverknadsprosessane må gjerne leggast til arenaer som er kjende for dei målgruppene ein ønskjer å mobilisere. Til dømes til skular, barnehagar, språkkafear o.a.</li><li>▪ Medverknad må i større grad bli eit verkemiddel for å skape engasjement, slik at folk tek meir ansvar for sjølve å gjere det dei kan for å skape trivsel i sine nærmiljø. I dag er medverknad i litt for mange tilfelle eit verktøy for at innbyggjarane skal fremje ønske, synspunkt og behov, som dei meiner kommunen bør ta tak i.</li><li>▪ Systematisering og bearbeiding av det som kjem fram gjennom medverknad, bør gjerast i eit samarbeid mellom fleire i kommunen. Gjerne også i eit samarbeid mellom kommunen, frivillige lag og organisasjonar og private bedrifter.</li><li>▪ Samarbeid med universitets-/høgskulemiljø kan vere føremålstenleg for å stille dei rette spørsmåla i forkant av prosessane og i samband med bearbeiding og analyse.</li><li>▪ Det er viktig å informere målgruppene om kva som er poenget med prosessane, og kva som vil skje med innspel og synspunkt folk formidlar gjennom deltaking.</li></ul>
--------------------	--

#### **Tiltak må ta utgangspunkt i sentrale utfordringar og påverknadsfaktorar**

Det fjerde delmålet i Nærmiljøprosjektet har vore å utvikle tiltak som tek utgangspunkt i lokale og regionale utfordringar. Kva som er aktuelle tiltak skal bygge på lokale utfordringar og påverknadsfaktorar. Tidlegare studiar av lokalt folkehelsearbeid har vist at konkrete tiltak for å betre

folkehelsa i stor grad har vore retta mot levevanar, inkludert tiltak for auka fysisk aktivitet (Ouff mfl., 2010, Helgesen & Hofstad, 2012). Slike tiltak er framleis sentrale. Men evalueringa av Nærmiljøprosjektet viser at kommunane i dag har eit mykje breiare perspektiv på kva tiltak som er viktige for å betre folkehelsa. Det er meir vekt på estetiske kvalitetar i nærmiljøet, på tryggleik, sosiale møteplassar og tilgang til grøntområde. Elles erfarer kommunane at tiltak på systemnivå også er sentrale bidrag for å betre folkehelsa. Det dreiar seg mellom anna om nettverksbygging, kompetansebygging knytt til medverknad og plan- og prosesskompetanse.

<b>TILRÅDINGAR</b>	<p><b>Tiltak som tek utgangspunkt i utfordringar lokalt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Still spørsmål rundt kva som er målet med tiltaket. Kva vil ein oppnå med tiltaket? Kvifor er det planlagde tiltaket det rette tiltaket?</li> <li>▪ Still spørsmål ved om det er kommunen som skal vere ansvarleg for tiltaket. Kanskje er det like gjerne ein privat eller frivillig aktør som skal vere ansvarleg.</li> <li>▪ Still spørsmål ved om det kanskje allereie finst eit tilbod, ein aktivitet e.l. som kan vidareutviklast og forbetrast. Det treng ikkje alltid vere snakk om nye tiltak.</li> <li>▪ Tiltak for helsefremjande nærmiljø kan også vere på systemnivå.</li> </ul>
--------------------	--

### **Samarbeid om kompetansebygging – eit godt grep**

Kompetansebygging i samarbeid mellom fylkeskommunar, kommunar og regionale utdanningsinstitusjonar har vore det femte delmålet i Nærmiljøprosjektet. For å få delta i Nærmiljøprosjektet, var det eit krav at fylkeskommunane måtte ha samarbeidsavtale med ein regional utdanningsinstitusjon. Ein del fylkeskommunar og kommunar har i tillegg samarbeidd med kompetansmiljø som ikkje var avtalepart.

Utdanningsinstitusjonar og andre kompetansmiljø har bidratt med faglege og metodiske innspel på regionale og lokale samlingar. Tilsette i kommunane har bidratt i undervisning ved høgskular og universitet. Nokre kommunar har endåtil vore representerte på forskingskonferansar i lag med representantar frå utdanningsinstitusjonen. Gjennom samarbeidet har studentar og tilsette ved utdanningsinstitusjonar fått innblikk i praksis. Samarbeidet har utfordra tilsette i kommunane på ein positiv måte, fordi dei må tenke meir systematisk gjennom sin eigen praksis. Aktiviteten i Nærmiljøprosjektet har vore grunnlag for fleire bacheloroppgåver og masteroppgåver skrivne av studentar ved utdanningsinstitusjonar som har vore samarbeidspartar i Nærmiljøprosjektet. På bakgrunn av samarbeid i Nærmiljøprosjektet er det utvikla FoU-prosjekt som utdanningsinstitusjonar og kommunar skal samarbeide om etter at prosjektet er ferdig.

Samarbeidet har bidratt til auka kompetanse både i kommunar, fylkeskommunar og utdanningsinstitusjonar. Samarbeid med kompetansmiljø gir kommunalt utviklingsarbeid legitimitet og status lokalt, mellom anna hos politikarar og den administrative leiinga. Evalueringa viser at det fungerer godt å bruke konkrete prosjekt som utgangspunkt for kompetansebygging i samarbeid mellom kommunar, fylkeskommunar og utdanningsinstitusjonar.

<b>TILRÅDINGAR</b>	<p><b>Samarbeid om kompetansebygging mellom kommunar og utdanningsinstitusjonar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bruk tid på å avklare roller i samarbeidet, og kva samarbeidet skal handle om.</li> <li>- Alle partane må ha interesse av og vilje til å samarbeide.</li> <li>- Involver studentar i samarbeidet.</li> <li>- Ta sikte på å vidareføre samarbeidet etter at konkrete samarbeidsprosjekt er slutført.</li> </ul>
--------------------	---

### **Nedanfrå-og-opp-tilnærming**

Lokalt utviklingsarbeid kan ta utgangspunkt i ei ovanfrå-og-ned-tilnærming, der statlege mynde legg føringar på arbeidet, eller ei nedanfrå-og-opp-tilnærming, der utviklingsarbeidet skjer utifrå lokal kontekst og forankring. På folkehelsefeltet er det dei siste ti åra lagt vekt på at lokalt folkehelsearbeid må ta utgangspunkt i utfordringar, påverknadsfaktorar og kompetanse lokalt. Det ligg til grunn både for folkehelselova og plan- og bygningslova. Når det gjeld Nærmiljøprosjektet har lokal tilpassing, lokal forankring og fleksibilitet i prosjektorganisering vore sentrale intensjonar med utviklingsarbeidet.

I ein del samanhengar er kommunar kritiske til for sterke føringar frå statlege mynde si side. Slik sett kan det oppfattast som eit paradoks at ein del kommunar i starten av Nærmiljøprosjektet til dels etterlyste sterkare føringar, fordi dei var usikre på korleis prosjektet kunne organiserast og elles leggest opp lokalt. I ei nedanfrå-og-opp-tilnærming er lokal kontekst og fleksibilitet sentrale stikkord. Vårt inntrykk er at fylkeskommunar og kommunar etter kvart såg det positive med fleksibiliteten som låg i utviklingsprosjektet, men at dei trengde tid for å kome til den erkjenninga.

### **Utviklingsprosjekt treng tid**

Nærmiljøprosjektet har gått føre seg i perioden 2015 - 2018, men i realiteten kom dei lokale prosjekta i gang i 2016. Det vil seie ein prosjektperiode på vel tre år. Som sluttrapporten viser, har det vore mykje aktivitet i deltakarkommunane i løpet av desse åra, og det er gjort mange erfaringar. Men mange kommunar brukte lang tid på å finne forma på utviklingsarbeidet, og kom ikkje skikkeleg i siget før prosjektet nærma seg slutten. For at denne typen utviklingsarbeid skal bidra til kompetanseheving og gi erfaringar som kan sette spor i måtar å jobbe på, er ein prosjektperiode på tre år truleg for kort tid. Utifrå erfaringane med Nærmiljøprosjektet, kan det sjå ut til at det minimum trengst fem år.

### **Å kommunisere om prosjektet i kommuneorganisasjonen og utover mot lokalsamfunnet er smart**

I eit prosjekt som Nærmiljøprosjektet, der mobilisering av innbyggjarane, politikarar og tilsette i kommunen har vore sentralt, er informasjon og kommunikasjon viktig. Ein del kommunar har involvert kommunikasjons- og informasjonseiningane i kommunen, eller brukt enkeltpersonar i kommuneorganisasjonen med slik kompetanse, til å gjere prosjektet og aktivitetar i prosjektet kjent. Både i kommuneorganisasjonen og overfor innbyggjarane. Somme har også utarbeidd ein kommunikasjonsplan/strategi. Å legge vekt på informasjon og kommunikasjon har bidratt til mobilisering og god forankring av Nærmiljøprosjektet.

<b>TILRÅDINGAR</b>	<b>Tidsperspektiv og kommunikasjon</b> <ul style="list-style-type: none"><li>▪ Eit utviklingsprosjekt, som skal bidra til kompetanseheving og gi erfaringar som kan sette spor i måtar å jobbe på, må vare i meir enn tre år, truleg minimum fem.</li><li>▪ Å informere internt i kommuneorganisasjonen og overfor innbyggjarane i kommunen bidreg til mobilisering og forankring.</li><li>▪ Lag gjerne ein kommunikasjonsplan – Bruk mediekanalar lokalt og sosiale media.</li></ul>
--------------------	---

### **Fylkeskommunane er gode støttespelarar for lokalt folkehelsearbeid**

Fylkeskommunane har vore Helsedirektoratet sine avtalepartar, og fylkeskommunane har forvalta tilskotta frå direktoratet. Såleis har dei vore ein sentral aktør i Nærmiljøprosjektet.

Evalueringa av Nærmiljøprosjektet viser at fylkeskommunane har vore svært viktige for å engasjere og motivere kommunar, og for å bidra til retning og framdrift i prosjektet. Fylkeskommunane har også hatt ei viktig rolle for å legge til rette for kompetanseheving og erfaringsdeling i prosjektet.

For å bidra til heilskapleg samfunnsutvikling kan fylkeskommunen bruke både juridiske, pedagogiske og økonomiske verkemidlar. I Nærmiljøprosjektet er det særleg dei pedagogiske verkemidlane som har vore viktige, med nettverkssamlingar, dialog med kommunane om utfordringar og behov, og tilrettelegging for erfaringsdeling. Dei økonomiske bidraga i Nærmiljøprosjektet har vore viktige for å mobilisere kommunar til deltaking, og kanskje også for å få kommunar til å søke om deltaking. For resultatane av Nærmiljøprosjektet er det likevel **dei pedagogiske verkemidlane** som har vore viktigast for framdrift og god retning i kommunane.

<b>TILRÅDINGAR</b>	<p><b>Fylkeskommunen er ein viktig støttespelar for lokalt folkehelsearbeid</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Fylkeskommunane må føre vidare rolla som nettverksbygger og støttespelar for kommunane.</li> <li>▪ Fylkeskommunane må prøve å bidra til å mobilisere meir tverrfagleg representasjon til nettverkssamlingar, der lokalt folkehelsearbeid er tema.</li> <li>▪ Folkehelsearbeid, og særleg kunnskap om påverknadsfaktorar for trivsel og livskvalitet, må i større grad bli tema på regionale plankonferansar og andre arrangement der rådmenn, planleggarar og politikarar er målgrupper.</li> </ul>
--------------------	--

## Innleiing - om Nærmiljøprosjektet

I alt åtte fylke og 41 kommunar har vore med i prosjektet *Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse*, i rapporten omtalt som Nærmiljøprosjektet. Prosjektet er initiert og finansiert av Helsedirektoratet. Prosjektperioden har vore 2015-2018. Prosjektet vart initiert og starta delvis opp i 2015, men prosjektarbeidet i fylkeskommunar og kommunar kom i realiteten i gang i 2016. Ein del kommunar har arbeidd med prosjektet også inn i 2019. Hovudmålet med prosjektet har vore å medverke til gode nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse, og å styrke arbeidet med den kommunale folkehelseoversikta (jf. folkehelselova § 5) med meir kvalitativ kunnskap når det gjeld folkehelseutfordringar. Delmål i Nærmiljøprosjektet har vore:

1. Å betre dei kvalitative oversiktene over folkehelseutfordringar som grunnlag for kommunale planprosessar og avgjerder
2. Å betre kunnskapen om korleis folk har det i nærmiljø og lokalsamfunn, og skaffe kunnskap om kva som bidreg til livskvalitet og trivsel
3. Å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar
4. Å utvikle tiltak som tek utgangspunkt i utfordringane lokalt og regionalt
5. Kompetansebygging i samarbeid med utdanningsinstitusjonar

Fylkeskommunane og kommunane i Nærmiljøprosjektet har fått tilskott frå Helsedirektoratet, og tilskotta skulle gå til:

- Kartlegging og utviklingsarbeid som gjeld nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse.
- Utvikling av døme, metodar og innretning om korleis kunnskap om folkehelsekvalitetar i nærmiljøet kan takast omsyn til i oversikts- og planarbeidet.

Helsedirektoratet lyste ut midlar til Nærmiljøprosjektet våren 2015 og med søknadsfrist i august 2015. For å få midlar var det eit krav at fylkeskommunane måtte samarbeide med minst tre kommunar i fylket, og med universitet/høgskule i regionen. Det var også ein føresetnad at fylkeskommunen og kommunane bidrog med eigendel/eigne ressursar i prosjektet. Fylkeskommunane har vore prosjekteigarar og har samordna Nærmiljøprosjektet regionalt. Tabell 1 nedanfor, viser kva fylkeskommunar og kommunar som har vore med i Nærmiljøprosjektet.

Tabell 1 Fylkeskommunar og kommunar som er med i Nærmiljøprosjektet<sup>2</sup>

Fylke	Kommunar	
Buskerud	Flesberg, Rollag, Nore og Uvdal	3
Finnmark	Båtsfjord, Hammerfest, Måsøy, Sør-Varanger og Tana	5
Hordaland	Askøy, Bømlo, Fjell og Stord	4
Møre og Romsdal	Giske, Sunndal, Volda, Ulstein, Ørsta og Ålesund	6
Nordland	Alstahaug, Bodø, Dønna, Hattfjelldal, Meløy, Narvik, Rana, Saltdal, Sømna, Vestvågøy og Øksnes (11)	11
Rogaland	Randaberg, Stavanger og Tysvær	3
Vestfold	Horten, Larvik, Sandefjord-Andebu-Stokke, Tjøme og Tønsberg	5
Østfold	Fredrikstad, Sarpsborg, Marker og Trøgstad	4

<sup>2</sup> Dei fleste kommunane har vore med gjennom heile prosjektperioden, men på grunn av personalsituasjon, permisjonar e.a., har eit par av kommunane avslutta deltakinga i Nærmiljøprosjektet før prosjektperioden var ute.

Fylkeskommunen har hatt ansvar for rapportering til Helsedirektoratet når det gjeld økonomi og framdrift. Kommunane har bidrege med grunnlaget for rapporteringa. Siste rapportering frå kommunar og fylkeskommunar til Helsedirektoratet var i april 2019.

## Om evalueringa og rapporten

### Formativ følgjeevaluering

Det er gjennomført følgjeevaluering av Nærmiljøprosjektet, og i løpet av prosjektperioden har det vore publisert to delrapportar (Bergem mfl., 2018a, 2018b). Elles har det vore relativt omfattande dialog med Helsedirektoratet og fylkeskommunar undervegs i prosjektet. Ein viktig del av evalueringsarbeidet har vore å bidra med faglege innlegg og bringe inn status frå evalueringa på nasjonale og regionale samlingar. Basert på evalueringa undervegs er det også gitt innspel til Helsedirektoratet når det gjeld kva som kan vere føremålstenleg å legge vekt på overfor fylkeskommunar og kommunar, mellom anna når det gjeld rapporteringar derifrå. På den måten har det vore ei formativ følgjeevaluering av Nærmiljøprosjektet (Weiss 1998, Msila & Setlhako, 2013). Dialog undervegs og formidling på regionale og nasjonale konferansar har vore ein svært sentral del av evalueringa, og minst like viktig som dei skriftlege rapportane.

Evalueringa har først og fremst lagt vekt på å vurdere korleis fylke og kommunar har arbeidd for å nå hovudmålet og delmåla i prosjektet, og problemstillingar / spørsmål som har ligge til grunn for evalueringa er:

- Kva ligg til grunn for val av tiltak/aktivitetar/prosjekt i fylkeskommunar og kommunar?
- Kven er målgruppene, og kvifor er desse målgruppene valde?
- Korleis arbeider kommunane med medverknadsprosessane? Kvifor arbeider dei slik?
- Kven er involverte i arbeidet, og kvifor?
- Kva er erfaringane med medverknadsprosessane?
- Korleis vert medverknadsprosessane kopla til kommunale plan- og avgjerdsprosessar?
- Korleis er samarbeidet med universitet/høgskular lagt opp?
- Kva er erfaringane med samarbeidet mellom kommunale prosjekt og høgskular/universitet?
- Korleis vert utviklingsarbeidet i kommunane kopla til utdanningane ved høgskular/universitet?
- Kva er erfaringane hos utdanningsinstitusjonane?

Dei lokale delprosjekta i Nærmiljøprosjektet har vore mange, og innanfor rammene til evalueringsoppdraget har det ikkje vore mogleg for oss å gå inn i delprosjekt på ein måte som gir grunnlag for å evaluere enkeltprosjekt.

### Datainnsamlinga

Evalueringa av Nærmiljøprosjektet bygger på eit breitt datagrunnlag, som inkluderer dokumentgjennomgang, deltaking og observasjon på regionale og nasjonale samlingar og konferansar i prosjektet og ein djupnestudie i eit utval kommunar. I alt 17 kommunar er inkluderte i djupnestudien, som bestod av intervju med sentrale aktørarar i kommunane. Utvalet er to kommunar i kvart fylke. I utvalet tok vi omsyn til at både relativt store, mellomstore og små kommunar er med, og til at aktiviteten i kommunane i utvalet representerte variasjon. Men utvalskriteria ligg ikkje til grunn for å undersøke samanhengar mellom type kommune, aktivitet og resultat av arbeidet i Nærmiljøprosjektet.

Innanfor rammene av evalueringa var det ikkje mogleg å inkludere alle 41 deltakarkommunane i djupnestudien. Men alle kommunane er inkluderte i evalueringa ved at vi har rapportar frå alle kommunane og vi har deltatt på regionale og nasjonale samlingar og konferansar, der vi har observert og notert frå innlegg kommunane har hatt. Tabell 2 gir ei oversikt over datainnsamlinga.

Tabell 2 Datainnsamlinga

Datainnsamlingsmåte	Datainnsamlingsgrunnlag og informantutval	
– Dokumentgjennomgang	– Prosjektskisser og rapportar m/vedlegg frå kommunar og fylkeskommunar – Rapportar og evalueringsrapportar frå utdanningsinstitusjonar	
– Deltaking på regionale og nasjonale samlingar	– Observasjon og notat frå innlegg som kommunar og fylkeskommunar har hatt på arrangementa – Samtalar med deltakarar frå kommunar og fylkeskommunar	
– Deltaking på samlingar for fylkeskommunane		
– Djupnestudie i eit utval kommunar (17) - intervju med sentrale aktørar	– Prosjektleiingar i fylkeskommunar – Prosjektleiingar, planleggarar, rådmenn, politikarar – Kontaktpersonar hos regionale utdanningsinstitusjonar	8 intervju 40 intervju 6 intervju <b>I alt 54 intervju</b>

Informantar i djupnestudien har vore prosjektleiarane, planleggar og ordførar eller andre politikarar i kommunane, prosjektleiarane i fylkeskommunane og kontaktperson hos utdannings/forskningsinstitusjonen.<sup>3</sup> Informantar i djupnestudien går fram av tabell 3 som følgjer.

Tabell 3 Oversikt over kommunar og informantar i djupnestudien

Fylkeskommune	Deltakarkommune	Informantar
Buskerud	Flesberg Rollag	Prosjektleiingar, rådmann, ordførar Prosjektleiingar, rådmann, ordførar
Finnmark <sup>4</sup>	Båtsfjord Måsøy Sør Varanger	Representant frå prosjektgruppa Prosjektleiingar, rådmann, ordførar Prosjektleiingar
Hordaland	Bømlo Stord	Prosjektleiingar, planleggar, varaordførar Prosjektleiingar, planleggar
Møre og Romsdal	Sunnadal Ørsta	Prosjektleiingar, planleggar, ordførar Prosjektleiingar, planleggar
Nordland	Narvik Vestvågøy	Prosjektleiingar (planleggar), representant frå frivillig organisasjon Prosjektleiingar, planleggar, ordførar
Rogaland	Randaberg Tysvær	Prosjektleiingar, planleggar, ordførar Prosjektleiingar, plansjef
Vestfold	Larvik Færder (Tjøme & Nøtterøy)	Prosjektleiingar, planleggar Prosjektleiingarane (2) frå tidlegare Tjøme og Nøtterøy kommunar
Østfold	Sarpsborg Trøgstad	Prosjektleiingar (planleggar), kommunepolitikar Prosjektleiingar, planleggar, ordførar

I djupnestudien var det ønskeleg å få data om korleis politikarar erfarer ulike sider ved Nærmiljøprosjektet. Med tanke på forankring av prosjektet, vart ordførarane valde som informantgruppe. Å kome i posisjon til å avtale tid med ordførarar var ei utfordring, og i somme kommunar hadde ordføraren (og andre kommunepolitikarar) vore så perifere i prosjektet at det ikkje gav meining å intervju dei om erfaringar med Nærmiljøprosjektet. Det kan sjølvstundt gjerast til eit poeng i seg sjølv at prosjektet i nokre kommunar kanskje ikkje har kopla politikarane tett på, men vi fann ikkje grunn til å gjennomføre intervju med ordførarar (eller andre politikarar) som ikkje hadde kjennskap til arbeidet i prosjektet. Det går fram av tabell 3 ovanfor i kva kommunar ordførar eller andre kommunepolitikarar er intervjuar. Nærmiljøprosjektet vart gjennomført i ein periode der fleire av kommunane var inne i kommunesamanslåingsprosessar. Det påverka organiseringa av prosjektet,

<sup>3</sup> I dei fleste kommunane er ein planleggar intervjuar, men i tre av kommunane er rådmannen intervjuar, mellom anna fordi ein kommune ikkje hadde planleggar i perioden intervjuar vart gjort.

<sup>4</sup> Prosjektleiaren i Hammerfest kommune er også intervjuar, sjølv om kommunen gjekk ut av Nærmiljøprosjektet siste prosjektåret.

og i somme tilfelle førte det også til byte av prosjektleiar, noko som gav utfordringar med tanke på kontinuiteten i prosjektarbeidet.

## Om rapporten

Rapporten er først og fremst formidling og drøfting av det som kjem fram i evalueringa av Nærmiljøprosjektet. Men for å setje Nærmiljøprosjektet inn i ein samanheng, vil ulike sider ved folkehelsepolitikken, nærmiljø og medverknad bli omtalt.

Rapporten formidlar hovudintrykk frå evalueringa av aktiviteten i Nærmiljøprosjektet, og enkeltprosjekt i deltakarkommunar er ikkje vurdert. Men mange av enkeltprosjekta/tiltaka er det gjort greie for i rapportar frå fylke og kommunar (jf. neste punkt). I somme tilfelle er det laga eigne rapportar frå enkeltprosjekt.

Rapporten er hovudsakleg organisert med utgangspunkt i dei fem delmåla for Nærmiljøprosjektet, men rapporten har også kapittel om rammene rundt prosjektet, det vil seie om søknadsfase og oppstart, motiv for å vere med, organisering, rapportering og liknande. Det er elles eit kapittel om fylkeskommunane si rolle i prosjektet.

## Omfattande dokumentasjon og formidling frå Nærmiljøprosjektet

Dokumentasjonen frå Nærmiljøprosjektet er svært omfattande, og i denne rapporten kan vi ikkje gjere greie for alle typar dokumentasjon og publikasjonar. Det kan ein få ved å vende seg til prosjektleiarane i fylkeskommunane eller deltakarkommunane.<sup>5</sup> Fleire av fylka har gjennomført regionale evalueringar av Nærmiljøprosjektet, og referansane til evalueringsrapportane er: Agdal & Midtgård, 2019, Andrews & Antonsen, 2019, Barstad, 2018, Bergem, 2019, Stang & Lorentzen, 2019a, 2019b, Østfold fylkeskommune, 2019. Ein del enkeltprosjekt i kommunar er evaluerte, t.d. Tvedt, 2019, Telemarksforsking, 2017. Elles har fylkeskommunar og kommunar skrive fleire rapportar frå sitt arbeid i Nærmiljøprosjektet, jf. vedlegg 1.

Samarbeid mellom fylkeskommunar, kommunar og utdannings- og forskingsinstitusjonar har vore sentralt i Nærmiljøprosjektet, og det har resultert i fleire publiserte studentarbeid, som tek utgangspunkt i aktivitetar i Nærmiljøprosjektet. I alt er det publisert ni masteroppgåver (sjå vedleggsdelen), og tre masteroppgåver er under arbeid. Når det gjeld samarbeid med utdannings- og forskingsinstitusjonar elles, kjem vi tilbake til det i drøfting av måloppnåing knytt til delmåla i prosjektet.

## Folkehelsepolitikken og folkehelsearbeid

Lov om folkehelsearbeid vart sett i verk i 2012. Føremålet med lova er å bidra til samfunnsutvikling som fremmer folkehelse og jamnar ut sosiale skilnader i helse. Folkehelsearbeidet skal fremme helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade og lidning. Folkehelselova § 1 peikar på at samordning mellom forvaltningsnivå og **langsiktig og systematisk arbeid** er nødvendig for å betre folkehelsa og utjamne sosiale skilnader i helse.

Ifølgje folkehelselova § 3 er **folkehelse**: «Befolkningens helsetilstand og hvordan helsen fordeler seg i en befolkning». Og **folkehelsearbeid** er:

---

<sup>5</sup> Oversikt med namn og kontakinformasjon til prosjektleiarane i dei deltakande fylkeskommunane er vedlagt.



Samfunnets innsats for å påvirke faktorer som direkte eller indirekte fremmer befolkningens helse og trivsel, forebygger psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, eller som beskytter mot helsetrusler, samt arbeid for en jevnere fordeling av faktorer som direkte eller indirekte påvirker helsen.

Med ei slik tilnærming til folkehelse som Lov om folkehelsearbeid legg til grunn, er folkehelsearbeidet og utvikling av aktive og trygge lokalsamfunn på sett og vis to sider av same sak. At folkehelsearbeidet føreset tverrfagleg og tverrsektoriell innsats følgjer mellom anna av denne formuleringa i folkehelselova «samfunnets innsats for å påvirke faktorer som **direkte eller indirekte** fremmer befolkningens helse og trivsel.»

Koplinga mellom planlegging og folkehelse er vektlagt i mange samanhengar, og ikkje minst i folkehelselova (2011) og plan- og bygningslova (2008). Prinsippet om «helse i alt vi gjer» skal legge føringar på organisering, styring og leiing av folkehelsearbeidet på alle nivå. Det inneber at alle politikkområde og tenester har ei rolle i folkehelsearbeidet.

I folkehelsemeldinga frå 2015 «Mestring og muligheter» vart nærmiljøet og lokalsamfunnet si rolle i folkehelsearbeidet formidla slik:

Hensynet til befolkningens helse skal få større plass i steds-, nærmiljø- og lokalsamfunnsutviklingen. Gode lokalsamfunn har stor betydning for livskvalitet og utvikling av sosiale nettverk som bidrar til trivsel, tilhørighet og god helse (Helse- og omsorgsdepartementet, 2015 s. 18).

I denne folkehelsemeldinga vart nærmiljø- og lokalsamfunnsutvikling løfta fram som eit utviklingsområde, og meldinga la til grunn at god planlegging er eit viktig verkemiddel. Prosjektet «Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse» Nærmiljøprosjektet, vart initiert som eit tiltak for å bidra til måla i folkehelsemeldinga frå 2015 (Helse- og omsorgsdepartementet, 2015). Med andre ord er Nærmiljøprosjektet forankra i eit stortingsvedtak.

### Systematisk folkehelsearbeid

Folkehelselova pålegg statlege og lokale mynde å sørge for eit systematisk og langsiktig folkehelsearbeid jf. § 1. Ifølgje folkehelselova § 5 skal kommunane ha oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i kommunen. Oversikta skal vere basert på:

- Opplysingar som statlege helsemynde og fylkeskommunen gjer tilgjengelege, jf. §§ 20 og 25.
- Kunnskap frå kommunale helse- og omsorgstenester jf. helse- og omsorgstjenestelova § 3-3.
- Kunnskap om faktorar og utviklingstrekk i nærmiljø og lokalsamfunn som kan ha innverknad på folkehelsa.

Nærmiljøprosjektet er forankra særleg i det tredje punktet. Prosjektet var sett i gang mellom anna fordi det har vist seg at dei kommunale folkehelseoversiktene i stor grad har vore baserte på statistikk og andre opplysningar som statlege mynde har gjort tilgjengelege, og i mindre grad på faktorar og utviklingstrekk i nærmiljø og lokalsamfunn som kan ha innverknad på folkehelsa. Ikkje minst har det vore ei utfordring at helseoversiktene i liten grad har lagt til grunn kvalitative datakjelder og tilnæringsmåtar i utarbeidinga av eit kunnskapsgrunnlag for lokalt folkehelsearbeid.

I 2015 vurderte Riksrevisjonen i kva grad folkehelsearbeidet i kommunar og fylkeskommunar er systematisk og langsiktig, og korleis dei statlege verkemidlane støttar folkehelsearbeidet lokalt og regionalt (Riksrevisjonen, 2015). Hovudfunn i undersøkinga til Riksrevisjonen var:

- Dei fleste kommunane har ikkje etablert eit systematisk folkehelsearbeid.
- Arbeidet med folkehelse og folkehelseiltak er ikkje tilstrekkeleg kunnskapsbasert.

- Folkehelsearbeidet er ikkje godt nok forankra i sektorar utanfor helse.
- Det er behov for å styrke oppfølginga av det kommunale folkehelsearbeidet.

Men det ser ut til at folkehelselova har påverka lokalt folkehelsearbeid i retning av å legge meir vekt på planlegginga si rolle, og på tverrretatlege og tverrsektorielle tilnærmingar (Lynne, 2015). Evensen og Raanaas (2018) har studert helsefremjande nærmiljøutvikling som baserer seg på medverknad. Dei meiner det er mykje som tyder på planleggarar er i ferd med å få ei meir heilskapleg forståing av kva som fremmer helse. Med andre ord ser det ut til at profilen i det lokale helsearbeidet er på veg i ønska retning mot 'helse i alt vi gjer'.

### Kommunal folkehelseoversikt

Kommunal folkehelseoversikt er sentral i det systematiske folkehelsearbeidet,<sup>6</sup> og skal vere eit viktig utgangspunkt for planarbeid og tiltak i kommunane. For at oversikta på best mogleg måte skal fange



opp både utfordringar og faktorar som folk opplever som helsefremmande, må oversikta vere basert på opplysningar og data som er samla gjennom både kvantitative og kvalitative metodar. Elementa i det systematiske folkehelsearbeidet er skissert i figur 1.

Kommunal folkehelseoversikt skal ligge til grunn for planstrategi og mål for planar. Tiltak skal følgje av måla i kommunale planar. Evaluering er eit femte sentralt moment i det systematiske folkehelsearbeidet. Logikken i denne sirkelen, jf. figur 1, har vore relevant for Nærmiljøprosjektet.

Figur 1 Det systematiske folkehelsearbeidet

Nærmiljøprosjektet har hatt som mål å bidra til å styrke det systematiske folkehelsearbeidet, og særleg med tanke på kvalitative tilnærmingar for å få oversikt over utfordringar og påverknadsfaktorar. Nærmiljøprosjektet har såleis vore eit tiltak for å skaffe kunnskap om faktorar og utviklingstrekk som er vanskelege å kartlegge gjennom bruk av statistikk og registerdata.

Av rettleiaren til arbeidet med oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar (Helsedirektoratet, 2013) går det fram at føremålet med oversikta er at:

- Oversikta skal vere grunnlag både for daglege avgjerder med konsekvensar for folkehelsearbeidet, og for meir strategiske avgjerder, til dømes med tanke på å gå inn i område som viser seg å vere særleg utfordrande eller positive.
- Oversikta skal vere grunnlag for avgjerder knytte til langsiktig planlegging av folkehelsearbeidet.

Ein studie viser at folkehelseoversikta til dels blir brukt i langsiktig planlegging og strategiske avgjerder, men i mindre grad lagt til grunn i daglege avgjerder med konsekvensar for folkehelsearbeidet (Bårdseth, Bergem & Andenes, 2019). Det kan henge i hop med at folkehelseoversikta er best kjent blant planleggarar og andre i kommunane som har ansvar for meir overordna strategi- og utviklingsarbeid, og til dels er lite kjent blant tilsette i kommunale tenester (ibid. 2019).

<sup>6</sup> Om det systematiske folkehelsearbeidet, Helsedirektoratet:


<https://www.helsedirektoratet.no/tema/folkehelsearbeid-i-kommunen/systematisk-folkehelsearbeid>

Den nyaste Folkehelsemeldinga — *Gode liv i eit trygt samfunn* (Helse- og omsorgsdepartementet, 2019), held fast på at det er viktig med systematikk i folkehelsearbeidet. Den systematiske arbeidsforma i ein syklus på fire år med rapportering om status, utvikling av tiltak og evaluering er difor framleis aktuell.

### Folkehelse og planlegging

Koplinga mellom planlegging og folkehelse er framheva i mange samanhengar, og ikkje minst i folkehelselova (2011) og plan- og bygningslova (2008). God kommunal planlegging føreset at kommunen har oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar. Kommunale folkehelseoversikter er eit viktig utgangspunkt for den kommunale planstrategien, og arbeidet med planstrategien er ein god arena for medverknad og brei (tverrfagleg og tverrsektoriell) drøfting av utfordringar og for arbeidet med planprogram i kommunane. Koplinga mellom folkehelse og kommunalt planarbeid er også eit verkemiddel for at folkehelsearbeidet kan få ei tydelegare politisk forankring.

Kommunane har eit generelt ansvar for lokalsamfunnsutvikling (kommunelova, 1992). Konkrete reglar om planlegging går fram av plan- og bygningslova (2008), som gir kommunane mange oppgåver innanfor samfunns- og arealplanlegging. Samfunnsutvikling har også ein sentral plass i folkehelselova, i den forstand at føremålet med lova er at ho skal bidra til samfunnsutvikling som fremmar folkehelse og utjamnar sosial ulikskap i helse (folkehelselova, 2011, § 1). Koplinga mellom dei to lovene og deira funksjon i folkehelsearbeidet er skissert i figur 2 nedanfor.



Figur 2 Koplinga mellom folkehelse og ulike plannivå

Plan- og bygningslova er sentral i folkehelsearbeidet, og omsynet til helse skal vere ein naturleg del av kommunal planlegging. Lova omhandlar mellom anna korleis kommunar og fylkeskommunar kan arbeide med folkehelse i kommunalt planarbeid. Det er særleg paragrafane 6 i folkehelselova og 10-1 i plan- og bygningslova som legg føringar på planlegging som verktøy i folkehelsearbeidet. I § 6 i folkehelselova går det fram at kommunen i arbeidet med kommuneplanar etter plan- og bygningslova kapittel 11 skal fastsetje overordna mål og strategiar for folkehelsearbeidet som er eigna til å møte dei utfordringane kommunen står overfor med utgangspunkt i helseoversikta (jf. § 5). Nettopp denne koplinga har vore sentral i Nærmiljøprosjektet.

### Nærmiljø og helse

Nærmiljøet er ein viktig arena i folkehelsearbeidet. Nærmiljøet består av det fysiske miljøet og av sosiale og psykososiale forhold. Grøntområde, bustadområde, offentlege institusjonar og vegnettet er blant faktorar som utgjer det fysiske miljøet, medan sosiale møteplassar, oppleving av tryggleik og

tillit og identitet knytt til staden, er sentrale faktorar når det gjeld det sosiale og psykososiale forhold. Verdas Helseorganisasjon (WHO, 2009) meiner at sunne byar består av eit fysisk miljø som fremjar helse, rekreasjon, tryggleik, sosiale møteplassar, godt tilgjenge og kulturell identitet.

*Folkehelsemeldinga – Gode liv i eit trygt samfunn* slår fast at gode lokalsamfunn og nærmiljø er grunnleggjande føresetnader for god helse og livskvalitet (Helse- og omsorgsdepartementet, 2019). Men vårt inntrykk er at meldinga legg noko mindre vekt på nærmiljøarbeid og lokalsamfunnsutvikling si rolle i lokalt folkehelsearbeid enn tilfellet var i folkehelsemeldinga frå 2015.

Utforming av det fysiske miljøet og utemiljøet har mykje å seie for fysisk aktivitet, tryggleik, psykisk helse, tilgjenge og deltaking i aktivitetar (Racioppi, Dora & Rutter, 2005, Tucker mfl., 2008). Fleire studiar viser at det å vere i naturen og i grønne omgivnader har positive verknader på den psykiske helsa (Passmore & Holder, 2017, Tost, Champagne & Meyer-Lindenberg, 2015). Samanhengen er gyldig og også utan at det er knytt til fysisk aktivitet, og Passmore formidlar det slik: “This wasn’t about spending hours outdoors or going for long walks in the wilderness. This is about the tree at a bus stop in the middle of a city and the positive effect that one tree can have on people.”

Tilgang til natur, lag og organisasjonar og sosiale møteplassar er viktig for folkehelsa, medan mangel på sosiale møteplassar er det som tydelegast hemmar folkehelsa (Kiland mfl., 2015). Det er ein klar samheng mellom utforming av nærmiljøet og trivsel hos folk i nærmiljøet (Elliot mfl., 2014). Ein studie gjennomført av Hekler mfl. (2012) viser at tilgang til gode gangveggar og enkel tilgang til nærmiljøtenester gir auka rekreasjonsgåing. At tenester og sørvistilbod er tilgjengelege i nærmiljøet, gjer at folk tek beina fatt for å nå desse tenestene (Sugiyama mfl., 2012). Auka tilgang til grøntområde og parkar har samheng med større grad av utandørs fysisk aktivitet, og det er ein klar samheng mellom utforming av nærmiljøet og fysisk aktivitet, særleg ulike former for gåing (Boone-Heinonen, Casanova, Richardson og Gordon-Larsen, 2010). I kva grad parkar og grøntområde vert brukte, er avhengig av at områda ligg nær der folk bur, at vedlikehaldet er bra og at folk kjenner seg trygge der (McCormack, Rock, Toohey & Hignell, 2010).

Leyden (2003) konkluderer sin studie med at personar som bur i nærmiljø tilrettelagde for å kunne bevege seg til fots, har meir sosial kapital enn personar som bur i område tilpassa bilbruk. Mellom anna var det meir sannsynleg at dei som budde i nærmiljø tilrettelagde for å vere fotgjengar kjende naboane, hadde høg tillit til kvarandre og var sosialt engasjerte (Leyden, 2003). Yoo og Lee (2016) har studert samanhengen mellom miljøbyggjande nabolag, sosial kapital og sosial berekraft. Studien deira viser at det er ein positiv samheng mellom fysisk utforming i nabolag/nærmiljø og sosial kapital. Dei konkluderer med at arealplanlegging, mellom anna av uteområde i nærmiljø, kan spele ei viktig rolle i å skape tillit og gode sosiale relasjonar mellom dei som bur og oppheld seg i desse nærmiljøa. Studiane til Leyden (2003) og Yoo & Lee (2014) viser at det er ein nær samheng mellom fysiske og sosiale faktorar.

Fleire studiar viser altså at det er ein sterk og positiv samheng mellom utforming av fysiske omgivnader, tilgang til natur og grøntområde og den fysiske og mentale helsa. God tilgang til nærturområde, grøntareal og gang- og sykkelveggar bidreg til auka fysisk aktivitet. Likevel ser det ut til at norske kommunar arbeider for lite bevisst og systematisk med planlegging på dette feltet. Thorén, Nordh og Holth (2018) har studert korleis kommunar og fylkeskommunar arbeider for å legge til rette for at folk flest skal kunne gå tur nær der dei bur. Det gjeld turar for rekreasjon, men også å legge til rette for å kunne gå til daglege gjeremål. Studien deira viser at nærturar vert prioriterte i planarbeid, men at den strategiske forankringa er svak og at planane er lite forpliktande. Dei konkluderer elles med at det er mangel på plankompetanse hos dei i kommunen som arbeider med planar for kultur, idrett- og friluftsliv (KIF-planar), og at det generelt er for lite kompetanse på nærturararbeid, som dei meiner må ha brei fagleg forankring i kommunane. Thorén mfl. (2018) formidlar at nærturarbeidet

bygger på lite systematisk kunnskap, som mellom anna kjem til uttrykk ved at berre rundt sju prosent av kommunane har plan for grøntstruktur, som er ei systematisk kartlegging av natur- og grøntområde. Medverknaden i nærturarbeidet er svak, og det er hovudsakleg idrettsråd som vert trekte inn i arbeidet, for det meste ved å vere høyringsinstans. Thoren mfl. (2018) konkluderer med at det i kommunar og fylkeskommunar ikkje er samsvar mellom ambisjonar og faktiske prioriteringar i planar og budsjett. Dei meiner at ei av dei viktigaste utfordringane er kompetanse i kommunane når det gjeld å arbeide for meir systematisk arbeid med grøntstruktur som legg til rette for nærturar.



Foto. Regine S. Aklestad

## Medverknad

Folk sin rett til medverknad er forankra i plan- og bygningslova (2008, § 5-1). Argumenta for medverknad er mellom anna at det gir betre kunnskapsgrunnlag for målretta planarbeid og at det er ein demokratisk rett. Både den nyaste og den førre folkehelsemeldinga framhevar at medverknad er eit viktig demokratisk prinsipp, og at folkehelsearbeid skal bygge på medverknad både på systemnivå og individnivå (Helse- og omsorgsdepartementet, 2019 og 2015). Å prøve ut og utvikle medverknadsmåtar er eit sjølvstendig delmål i Nærmiljøprosjektet, men medverknad er også eit verkemiddel for å nå andre delmål i prosjektet, som å betre dei kvalitative oversiktene over folkehelseutfordringar, å betre kunnskapen om korleis folk har det i nærmiljø og lokalsamfunn, og skaffe kunnskap om kva som bidreg til livskvalitet og trivsel.

Medverknad kan føre til at planar og avgjerder vert forankra hos innbyggjarane, og bidra til tillit til at politikarane lyttar til innbyggjarane. Innspel frå innbyggjarane, gjennom medverknad, kan gi viktig informasjon om behov, løysingar og konsekvensar, slik at kvaliteten på planar og avgjerder kan bli betre og meir føremålstenlege enn dei elles ville blitt (Klausen mfl., 2013). Studien til Klausen mfl. (2013) viser at vellukka innbyggjarmedverknad på kommunenivå for det første føreset **forankring** hos

den administrative og politiske leiinga i kommunen. Forankring kan bety at medverknad er inkludert i visjonar og mål, og at prinsipp for medverknad er nedfelt i overordna planar i kommunen. For det andre er det viktig å utforme **prosedyrar** for kva tid det er aktuelt med medverknad, for korleis ein skal gjere det og for korleis det som kjem fram i medverknadsprosessar skal følgjast opp. For det tredje er det viktig at det vert sett av **ressursar** til medverknad. Eit døme på korleis det kan gjerast er at ein av dei tilsette i kommunen har spesielt ansvar for medverknad, noko som kan gi auka medvit og vedvarande fokus på medverknad. Klausen mfl. (2013) kom fram til nokre kriterium som er sentrale for at medverknad på enkelttiltaksnivå skal bli vellukka:

- God informasjon
- Medverknadsprosessar må vere knytt til noko som er konkret og identifiserbart for innbyggerane
- Innbyggerane må vite kva planar, avgjerder eller tiltak medverknaden er retta mot
- Bruke tid på å definere målgruppa
- Vere på arenaer der folk er – skular, barnehagar, kjøpesenter, torg, turvegar, sosiale medium
- Variere og kombinere medverknadsmåtane
- Innbyggerane må tidleg med i prosessane
- Å legge medverknad til etablerte fora, som ungdomsråd, grendeutval e.l. ser ut til å bidra til meir varig og langsiktig deltaking
- Informere dei som har vore med når innspel frå medverknaden skal behandlast politisk e.a.
- Informere om korleis innspela er brukte

Fleire av argumenta for medverknad, slik dei er skisserte av mellom andre Klausen mfl. (2013), handlar om at medverknad er eit verkemiddel for at planar, strategiske avgjerder og enkelttiltak blir målretta og har betre kvalitet. I tillegg må det leggjast vekt på at medverknad i seg sjølv er helsefremjande, og at medverknadstiltak i seg sjølve kan bidra til trivsel og livskvalitet. Studiar viser at det er ein positiv samanheng mellom det å engasjere seg i nærmiljøet og å oppleve tilhøyrsløse til ein stad (Evensen & Raanaas, 2018, Lund, 2014, Mihaylov & Perkins, 2014).

Ein klassisk måte å forstå og kategorisere medverknad og deltaking er å bruke Sherry Arnstein (1969) sin deltakingsstige, der deltaking og ikkje-deltaking er hovudkategoriar. Stega i stigen er "manipulation, therapy, informing, consultation, placation, partnership, delegated power and citizen control". Arnstein meiner at "manipulation" og "therapy" er ikkje-deltaking, medan informasjon og konsultasjon er symbolsk deltaking. Først når innbyggjararar (eller brukarar) inngår i partnerskap, oppnår makt eller kontroll, kan ein snakke om reell deltaking, ifølgje Arnstein (1969).

Hovudføremålet med medverknadsperspektivet i Nærmiljøprosjektet har vore at kommunane skal oppnå dialog med innbyggerane, eller utvalde grupper innbyggjarar, for å få innspel om kva faktorar i nærmiljøet som bidreg til trivsel og livskvalitet. Såleis er det ikkje snakk om medverknad i den meininga at kommunen informerer innbyggerane (jf. Arstein, 1969), men heller om konsultasjon, dialog, dagsordensetting eller medstyring i ei eller anna form. I evalueringa har vi ikkje gjort forsøk på å vurdere dei ulike medverknadstiltaka direkte i lys av logikken i stigen til Arnstein, men vi gjer ei generell vurdering av korleis det i Nærmiljøprosjektet har vore arbeidd med å utvikle og prøve ut medverknadstiltak.

### Sosial ulikskap og sosial berekraft

Samanlikna med dei fleste andre land, er Norge eit land med høg levestandard og livskvalitet og med liten ulikskap i levekår. Men dei sosiale ulikskapane i helse og økonomi aukar (også) i Norge (Folkehelseinstituttet, 2018, Statistisk Sentralbyrå, 2017). Dei som har lang utdanning og god økonomi lever lengre og har færre helseplager enn dei som har kortare utdanning og dårlegare



økonomi (Folkehelseinstituttet, 2018). Gjennom politikk og lovverk prøver ein å bremse utviklinga, og målet er å jamne ut skilnadene. Folkehelselova har eit slikt siktemål.

Føremålet med folkehelselova, jf. §1, er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremmar folkehelse og utjamnar sosiale skilnader i helse, og føremålet med plan- og bygningslova, jf. § 1-1, er å fremme berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Vi har sett at det er nære koplingar mellom dei to lovene når det gjeld folkehelse, og det same gjeld berekraft. Dette ligg sjølvstendig også til grunn for Nærmiljøprosjektet, og særleg gjeld det sosial berekraft. I fleire samanhengar har Helsedirektoratet formidla til fylkeskommunar og kommunar i Nærmiljøprosjektet at det er ønskeleg at medverknadsprosessane må organiserast på måtar som kan mobilisere dei såkalla «svake stemmene». Til grunn for det ligg nettopp måla om å utjamne sosiale skilnader og fremme ei berekraftig utvikling.

Berekraftig utvikling er eit omgrep som gjerne blir kopla til planlegging og samfunnsutvikling. Berekraft kan generelt omtalast som: «Development that meets the needs of the present without compromising the ability of future generations to meet their own needs» (Brundtland & Dahl 1987:42). Berekraft gjeld både miljømessig, økonomisk og sosial berekraft. Det er nødvendig at desse tre formene for berekraft blir ivaretatt på same tid, men dei er også viktige kvar for seg. I Nærmiljøprosjektet er det sosial berekraft som først og fremst har vore relevant.

Sosial berekraft vert brukt i policydokument (t.d. Finansdepartementet, 2019), men med relativt svakt presisjonsnivå og mange ulike definisjonar. I eit overordna perspektiv, kan vi seie at sosial berekraft handlar om korleis ein kan ta vare på velferda til innbyggerane, målt i form av levekår og livskvalitet (McKenzie, 2004). Vi kan nærme oss sosial berekraft som tilstand, målt utifrå objektive indikatorar og/eller subjektiv oppleving, og som prosess. Prosesstilnærminga handlar mellom anna om i kva grad lokalsamfunnet er prega av prosessar og mekanismar som styrkar eller svekker sosial berekraft (McKenzie, 2004). Det siste kan til dømes vere grad av inkludering, deltaking og medverknad (Taylor, 2003). Sosial berekraft kan studerast både på individnivå og samfunnsnivå. På individnivå dreiar sosial berekraft seg om grunnleggande materielle og immaterielle behov, som arbeid, tryggleik og identitet. På samfunnsnivå handlar det om struktur og kapasitet i lokalsamfunnet, til dømes mangfald og sosial integrasjon. Ein tredje dimensjon er interaksjonen mellom individ og lokalsamfunn, mellom anna om rettferdig fordeling av ressursar og gode. Såleis kan vi snakke om tre dimensjonar ved sosial berekraft: Individuelle behov, interaksjonen mellom individ og samfunn, og lokalsamfunnet (Hofstad & Bergsli, 2017).

## Livskvalitet

OECD har etablert eit rammeverk for å måle nivå og ulikskap i livskvalitet i enkeltland (OECD, 2018). Livskvalitet vert der operasjonalisert gjennom 11 dimensjonar. Rammeverket måler både den materielle velferda og den ikkje-materielle velferda. Dimensjonane knytte til dei ikkje-materielle sidene er helse, utdanning, dugleikar, sosialt nettverk, samfunnsengasjement, balanse mellom arbeid og fritid, personleg tryggleik og subjektivt opplevd livskvalitet. Indikatorar for fysiske miljøfaktorar inngår også, og vil kunne bli påverka av oppgradering av fysiske omgivnader i utsette område. Inntekt, formue, bustandard og arbeidstilknytning er dimensjonar som seier noko om den materielle velferda.

Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet legg til grunn eit heilskapsperspektiv på livskvalitet som består av hovudkomponentane fridom, tryggleik og fellesskap, som kan målast både subjektivt og objektivt (Nes, Hansen & Barstad, 2018). Deira tilnærming og tilråding når det gjeld korleis ein skal måle livskvalitet er:

Vi må derfor spørre folk - ikke bare om generell tilfredshet, men også om glede og mestring i hverdagen, om opplevelse av mening, handlefrihet, respekt og tilhørighet, om håpløshet, stress eller press. Vi må kombinere slike data med informasjon om faktiske livsbetingelser, samfunnsforhold, bo- og arbeidsforhold – sette mennesket inn i en større sammenheng. Og så må vi følge utviklingen over tid så vi kan forstå hvem som får det verre og hvem som får det bedre - hvordan, på hvilken måte og under hvilke omstendigheter (Nes, Hansen & Barstad, 2018:6).

Hovudmålet i Nærmiljøprosjektet om å bidra til gode nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse, og å styrke arbeidet med den kommunale folkehelseoversikta, med vekt på medverknad og kvalitative data, er i tråd med ei tilnærming til livskvalitet som Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet tilrår.

## Formativ følgjeevaluering og vurdering av måloppnåing

Evalueringa av Nærmiljøprosjektet har vore ei formativ følgjeevaluering (Msila & Setlhako, 2013, Weiss, 1998). Formativ vil seie at evalueringa har hatt som siktemål å bidra til meir målretta gjennomføring av Nærmiljøprosjektet. Det formative aspektet har vore intendert i den forstand at evalueringa har som hovudfunksjon å bidra til å styrke prosjektet. Undervegs har vi formidla resultat frå evalueringa og generell kunnskap om relevante tema. Dette er brukt til å betre framdrifta og retninga i Nærmiljøprosjektet. Vi har følgd Nærmiljøprosjektet gjennom heile prosjektperioden, og hovudføremålet med følgjeevalueringa har vore erfaringsformidling undervegs. Med ei slik tilnærming til evalueringa, har vi på sett og vis vore både deltakar og tilskodar.

I evalueringa har vi hatt søkelyset på måla med Nærmiljøprosjektet. Undervegs har vi vurdert korleis kommunar og fylkeskommunar arbeider i retning av måla med prosjektet. Dialog undervegs og formidling på regionale og nasjonale konferansar har vore ein svært sentral del av evalueringa, og minst like viktig som dei skriftlege rapportane. Vi har delteke og hatt bidrag på alle samlingane som Helsedirektoratet og dei åtte fylkeskommunane har hatt i lag, på dei nasjonale samlingane for deltakarkommunar og på regionale samlingar i alle dei åtte fylkeskommunane. Tema på samlingar og konferansar har vore m.a.:

- Kva er kunnskap?
- Korleis kome frå kunnskap til plan og handling?
- Utdanningsinstitusjonar si rolle i Nærmiljøprosjektet
- Medverknad og kvalitative data
- Medverknad som metode i kommunalt utviklingsarbeid

Status frå evalueringa av Nærmiljøprosjektet er formidla på regionale og nasjonale samlingar undervegs i prosjektet. I tillegg til å halde innlegg på samlingar og konferansar, har vi bidrege med innspel til opplegg og spørsmål for gruppearbeid på samlingar, og til kva som bør vektleggast i rapporteringar. Såleis har ein stor del av ressursane i evalueringa gått til slike aktivitetar. Vi håper og trur at ei slik tilnærming i evalueringa har bidrege til å gi Nærmiljøprosjektet meir substans og legitimitet enn tilfellet ville vore utan denne følgjeevalueringa.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Miljødirektoratet og Husbanken har også følgd Nærmiljøprosjektet relativt tett. Dei har ikkje hatt ei aktiv rolle i prosjektet, men kan likevel ha bidratt til legitimiteten i prosjektet. Ikkje minst kan dei ha ei viktig rolle når det gjeld å formidle frå aktiviteten i og erfaringane frå Nærmiljøprosjektet.

Som nemnt, er det publisert to undervegsrapportar frå følgjeevalueringa (Bergem mfl. 2018a og 2018b.). I denne sluttrapporten vurderer vi resultatata av Nærmiljøprosjektet, utifrå korleis vi meiner



måla er nådde. Innanfor rammene av evalueringa har det ikkje vore aktuelt å følgje enkeltkommunar eller delprosjekt. Vi har undersøkt og vurdert Nærmiljøprosjektet som heilskap. For meir kunnskap om konkrete delprosjekt og erfaringar frå enkeltfylke, viser vi til andre rapportar og evalueringar (t.d. Agdal & Midtgård, 2019, Andrews & Antonsen, 2019, Barstad, 2018 og Stang & Lorentzen, 2019a og 2019b).<sup>7</sup>

Evalueringa gir utgangspunkt for å vurdere korleis kommunar og fylkeskommunar arbeider systematisk med folkehelse, og om dei har auka kompetanse om kva som skal til for i større grad å kunne sjå samanhengar mellom planlegging og folkehelse. Ikkje minst kan evalueringa seie noko om korleis medverknad kan inngå i ei slik tilnærming. Men vi har ikkje grunnlag for å vurdere eventuelle effektar av Nærmiljøprosjektet i form av betre trivsel og livskvalitet. Effektevaluering inngår såleis ikkje i evalueringa.

I det følgjande presenterer vi resultatata frå evalueringa. Vi gir mest plass til å vurdere Nærmiljøprosjektet med utgangspunkt i måla. Men innleiingsvis i denne delen vil rammene rundt prosjektet, slik som søknadsfasen, oppstarten, organisering og fylkeskommunen si rolle, bli drøfta.

---

<sup>7</sup> Erfaringshefte om Nærmiljøprosjektet frå Møre og Romsdal fylkeskommune  
<https://mrfylke.no/Tenestoomraade/Kultur/Nyheiter/Erfaringshefte-om-Naermiljoeprojektet-i-Moere-og-Romsdal>

# Rammene for Nærmiljøprosjektet

Lokalt utviklingsarbeid kan ta utgangspunkt i ei ovanfrå-og-ned-tilnærming, der statlege mynde legg føringar på arbeidet eller ei nedanfrå-og-opp-tilnærming, der utviklingsarbeidet skjer utifrå lokal kontekst og forankring. På folkehelsefeltet er det dei siste ti åra lagt vekt på at lokalt folkehelsearbeid må ta utgangspunkt i utfordringar, påverknadsfaktorar og kompetanse lokalt. Det ligg til grunn både for folkehelselova og plan- og bygningslova. På den første samlinga i Nærmiljøprosjektet vart det poengtert frå Helsedirektoratet si side at lokal tilpassing, lokal forankring og fleksibilitet i prosjektorganisering og måtar å arbeide på var sentralt i prosjektet.

I ein del samanhengar ser ein at kommunar er kritiske til for sterke føringar frå statlege mynde si side. Slik sett kan det oppfattast som eit paradoks at ein del kommunar i starten av Nærmiljøprosjektet til dels etterlyste sterkare føringar, fordi dei var usikre på kva prosjektet skulle handle om, og på korleis det kunne organiserast og elles leggest opp lokalt. I ei nedanfrå-og-opp-tilnærming er lokal kontekst og fleksibilitet sentrale stikkord. Vårt inntrykk er at fylkeskommunar og kommunar etter kvart såg det positive med fleksibiliteten som låg i utviklingsprosjektet, men at dei trengde tid for å kome til den erkjenninga.

## Søknadsfase og oppstart

Helsedirektoratet lyste ut midlar i Nærmiljøprosjektet seint på våren 2015, med søknadsfrist i august 2015. Prosjektleiarane i kommunane framhevar den korte fristen når dei får spørsmål om oppstart og organisering av prosjektet. Prosjektleiarane i eit par av kommunane formulerer det slik:

Sommaren er ikkje eit gunstig tidspunkt for kommunar og fylkeskommunar å arbeide med ein søknad. Utlysing rett før sommaren og frist midt i august var ikkje gunstig tidspunkt for å få gode prosjekt, og heller ikkje med tanke på forankring i kommunane (prosjektleiar i kommune).

Vi fekk invitasjonen 23. juni 2015 og fristen var nokre veker etter det. Så det var litt armar og bein for å få inn den søknaden. Det var ikkje så mykje høve til å få involvert så mange i det (prosjektleiar i kommune).

Den relativt knappe søknadsfristen, som mellom anna inkluderte feriemånadene juli/august, kan ha påverka kvaliteten på prosjektskissene. Fleire prosjektleiarar gir uttrykk for at det også kan ha prega prosjekta mellom anna når det gjeld organiseringa og forankring, ikkje minst med tanke på å kunne få på plass ein god prosjektorganisasjon for å unngå at prosjektet vart avhengig av éin person. Tidsaspektet i søknadsfasen førte elles til at ein del kommunar ikkje søkte om å delta i prosjektet. Nokre fylkeskommunar bad om utvida søknadsfrist, og Helsedirektoratet innvilga to ekstra veker. Det kan også nemnast at kravet om eigenfinansiering gjorde truleg at nokre kommunar vegra seg for å søke om deltaking i Nærmiljøprosjektet.

I somme fylke var det vanskeleg å mobilisere tilstrekkeleg mange kommunar, som måtte vere minimum tre for at fylkeskommunane skulle få delta i Nærmiljøprosjektet. Prosjektleiarar i fylkeskommunar måtte i nokre tilfelle ta direkte kontakt med enkeltkommunane, og hadde nær dialog med kommunane, både for å få mobilisert kommunar til å søke, og for at dei lokale prosjekta skulle få ein profil som passa innanfor rammene av Nærmiljøprosjektet. For å bidra til gode søknader og brei mobilisering frå kommunane, valde ein fylkeskommune å invitere alle kommunane i fylket til informasjonsmøte:

Vi inviterte alle til informasjonsmøte. Vi la inn nokre kriterium, i tillegg til dei frå Helsedirektoratet. Forankring, planlegging, metodeutviklingsarbeid var stikkord i den

samanheng. På den måten la vi grunnlag for at dei som søkte forstod kva Nærmiljøprosjektet handla om. Sju søknader, og vi tok inn fire kommunar, som vi hadde bestemt skulle vere talet (prosjektleiar i fylkeskommune).

Vårt inntrykk er at det var ei god prioritering å bruke tid til eit slikt informasjonsmøte. Det ser ut til å ha vore føremålstenleg også med tanke på å få formidla nedanfrå-og-opp-tilnærminga som låg til grunn for Nærmiljøprosjektet frå Helsedirektoratet si side.

Ideelt sett burde fylkeskommunar og kommunar hatt meir tid til søknadsarbeid, prosjektdesign (delmål, målgrupper, planar for prosjektet osv.) og prosjektorganisering. At søknadsfristen hadde vore lenger, er sjølv sagt ingen garanti for betre forankring og organisering av prosjekta. Men prosjektleiarane formidlar at prosjektet kom brått på, og at dei måtte snu seg fort rundt for å få utforma prosjektide og skisse til ein søknad. Meir tid til å tenke gjennom prosjektet i søknadsfasen kunne kanskje medverka til at kommunane hadde famla mindre i starten: «Vi burde hatt ein betre plan for prosjektet», som ein prosjektleiar i ein deltakarkommune seier det.

I første del av prosjektperioden var det fleire kommunar som var usikre på korleis dei skulle organisere og elles legge opp prosjektet. Ein prosjektleiar formulerer det slik:

I starten forvirring og rot. Usikkerhet rundt hva man kunne bruke penger på. Vi skulle gjerne fått bedre veiledning, men føler også at vi fikk til mye sjøl (prosjektleiar i kommune).

Kommentaren illustrerer behovet nokre kommunar hadde for rettleiing ovanfrå, men også at ein er tilfreds med å finne ut av ting på eiga hand. Sjølv om fleire informantar frå kommunar og fylkeskommunar formidlar at dei kava i starten av prosjektet, kjem det også til uttrykk positive oppfatningar om fleksibiliteten i Nærmiljøprosjektet:

Vi tenkte meir at det var mange måtar vi kunne nærme oss prosjektet på, viss vi vart med. Noko av ideen vart at det kunne vere eit signalprosjekt med tanke på setje folkehelse på dagsordenen. Litt sånn strategisk. Det tok litt tid det første prosjektåret. Kva skal vi kople det på lokalt som gir meining, osv.? (prosjektleiar i kommune).

Fleksibiliteten i prosjektet har vært viktig. Om de (Helsedirektoratet) hadde vært veldig styrende, hadde man fått mindre utviklingsglød og mer forvaltningsarbeid. Da hadde vi bare venta på neste direktiv fra Helsedirektoratet. Venta på neste kommando, og det ville vært veldig bremsende. Utviklingsgløden hadde blitt borte. Friheten til å utvikle prosjektet har vært veldig bra (prosjektleiar i fylkeskommune).

I ein del kommunar var det såleis ein treig start, og det vart lagt stor vekt på medverknad, tiltak og aktivitetar, og mindre på dei andre delmåla i prosjektet. I siste del av prosjektperioden opplevde mange at dette endra seg, og som ein av prosjektleiarane seier så «løсна det veldig i siste del av prosjektperioden, men det såg litt vanskeleg ut i starten». Vår vurdering er at det gjaldt for svært mange av kommunane. Det er eit kjenneteikn ved utviklingsarbeid at det tek tid, og såleis kan det tyde på at ein prosjektperiode på vel tre år er i knappaste laget.

## Økonomisk støtte

Tabell 4 som følger er ei oversikt over tildelte midlar frå Helsedirektoratet til fylkeskommunane i perioden 2015 - 2017. Tilskottet vart gitt årleg i november eller desember. Midlar kunne overførast og brukast påfølgande år.

Tabell 4 Tilskott frå Helsedirektoratet

	Hordaland	Møre og Romsdal	Rogaland	Buskerud	Vestfold	Østfold	Finnmark	Nordland	Totalt alle åra
<b>2015</b>	2.000.000	2.200.000	2.157.954	1.200.000	2.000.000	2.000.000	2.100.000	2.157.955	<b>15.815.909</b>
<b>2016</b>	2.000.000	1.850.000	1.975.000	1.850.000	1.850.000	1.850.000	1.925.000	2.100.000	<b>15.400.000</b>
<b>2017</b>	1.950.000	1.713.852	2.350.000*	1.950.000	1.950.000	1.950.000	1.950.000	2.300.000	<b>16.113.852</b>
<b>SUM</b>	<b>5.950.000</b>	<b>5.763.852</b>	<b>6.482.954</b>	<b>5.000.000</b>	<b>5.800.000</b>	<b>5.800.000</b>	<b>5.975.000</b>	<b>6.557.955</b>	<b>47.329.761</b>

\*Finansiering av nasjonal konferanse i Stavanger i 2018 er inkludert i tilskottet.

Tilskotta har gått til fylkeskommunane, som igjen har gitt tilskott vidare til deltakarkommunane. Dersom ein deler totalsummen på talet på kommunar i prosjektet, så vert det i gjennomsnitt – for alle tre åra - vel 1 million kroner til kvar kommune. Det vil seie i snitt ein årleg sum på rundt 300 000 kroner. Vi har ikkje detaljert oversikt over korleis tilskott er fordelte mellom kommunane i kvar av fylkeskommunane, så vi opererer med eit gjennomsnitt, for å gi eit bilete av storleiken på tilskott frå Helsedirektoratet. Økonomisk har Helsedirektoratet gitt eit solid bidrag til Nærmiljøprosjektet, og har på den måten signalisert at dette er ei viktig satsing. For kommunane i prosjektet er alle økonomiske bidrag kjærkomne, men kommunane ser storleiken på tilskottet i eit anna perspektiv enn Helsedirektoratet. I tillegg til midlane frå Helsedirektoratet, var det krav om eigenfinansiering (midlar, arbeidsinnsats) frå fylkeskommunar og kommunar. Det vil seie at dei totale rammene regionalt og lokalt er større enn det som går fram av tabell 4. Det må elles nemnast at lag og organisasjonar i frivillig sektor lokalt har vore viktige aktørar i prosjektet. Dei har også bidratt med ressursar i Nærmiljøprosjektet.<sup>8</sup>

Helsedirektoratet har løyvt vel 47 millionar kroner til prosjektet. Når vi i tillegg tek høgde for eigenfinansiering frå fylkeskommunar, kommunar og frivillige lag og organisasjonar i Nærmiljøprosjektet, så må ein kunne konkludere med at det har vore ei stor satsing.

### Kvifor vere med?

Motiva for å vere med i Nærmiljøprosjektet var mange, både innanfor ein kommune og ikkje minst når ein samanliknar kommunar. Somme vart med fordi måla med Nærmiljøprosjektet var i tråd med arbeidsmåtar i folkehelsearbeidet som fylkeskommunane og kommunane allereie hadde lang erfaring med. Andre vart med fordi dei ville arbeide meir målretta med langsiktig planlegging, og oppdatere plandokument i kommunen i tråd med folkehelseutfordringar. Nokre hadde behov for å auke kompetansen når det gjaldt planarbeid: «Utgangspunktet for deltaking i Nærmiljøprosjektet var at vi var svake på planarbeid.» Elles formidlar prosjektleiarar i kommunar og fylkeskommunar følgjande motiv for deltaking:

Vi hadde etablert eit folkehelseforum som eg tromma saman i samband med søknaden, og vi hadde starta arbeidet med ny kommuneplan. Det med medverknad var vi opptatt av. Vi inviterte folkehelseforum, planlegging, kultur og oppvekst. Så diskuterte vi om det var interessant å sende søknad om deltaking. Vi veit lite om kva ungdom meiner om sine lokalmiljø, og det landa vi på skulle vere utgangspunktet for prosjektet. Kva meiner ungdom om møtestader, og kva skal vere til stades for at det skal vere gode møtestader? (prosjektleiar i kommune).

<sup>8</sup> Kommunar som har kome i gang med utvikling av tiltak, som følgje av Nærmiljøprosjektet, kan ha fått støtte til desse frå statlege, kommunale og fylkeskommunale tilskottsordningar, utanom Nærmiljøprosjektet.

Levekårsrapportar frå 2012 og 2014 viste store utfordringar knytt til opphoping av dårlege levekår, barnefattigdom mm. Intervjuundersøkingar i dei aktuelle områda gav meir kunnskap som grunnlag for tiltak. Det blei sett i verk prosjekt knytt til skular og bydelar. Dette er tiltak som vart starta før Nærmiljøprosjektet. Når sjansen til å delta i Nærmiljøprosjektet kom, fann vi ut at vi ville jobbe vidare med desse prosjekta (prosjektlear i kommune).

Vi var med i piloten til Nærmiljøprosjektet (2013-2014). Vi hadde med nærmiljø og samarbeid i regional plan for folkehelse (godkjent politisk), og vi rigga oss politisk for å bli med. Sånn sett hadde vi eit godt utgangspunkt (prosjektlear i fylkeskommune).

Desse sitata illustrerer det som var situasjonen i mange fylkeskommunar og kommunar: dei hadde etablerte strukturar og arbeid på gang som dei kopla aktiviteten i Nærmiljøprosjektet til. Andre kommunar starta med litt meir blanke ark. For mange av desse var resultat frå Ungdata utgangspunktet, både for profilen i prosjektet og for val av målgrupper i Nærmiljøprosjektet:

Basert på resultatene fra Ungdata-undersøkelsen hadde vi underveis blitt mer nysgjerrige på en del ting i ungdomsmiljøet som vi ønsket å undersøke nærmere i vårt prosjekt (prosjektlear i kommune).

Ein konsekvens av dette, var at barn og unge vart valt som målgruppe for mange kommunar. Barn og unge er hovudmålgruppe i 22 av deltakarkommunane. I dei andre kommunane er det alle innbyggjarane som er målgruppe, og det inkluderer sjølv sagt også barn og unge. I vedleggsdelen er det ei oversikt over deltakarkommunane og deira delprosjekt i Nærmiljøprosjektet. Oversikta viser også kva målgrupper som aktiviteten i prosjekta hovudsakleg er retta mot.

## Organisering

I tråd med nedanfrå-og-opp-tilnærminga i Nærmiljøprosjektet, var det ikkje lagt føringar på korleis prosjekta lokalt skulle organiserast, på kven som burde vere prosjektlearar eller på korleis prosjektet elles skulle riggast i kommunane. Men frå Helsedirektoratet si side låg det til grunn ein overordna prosjektomtale, utlysingsstekst og eit regelverk, som det måtte takast omsyn til i prosjektsøknadene.

## Prosjektleiing

I dei aller fleste kommunane har folkehelsekoordinatoren/rådgevaren vore prosjektlear, og i somme tilfelle planleggar eller andre. Om det er folkehelsekoordinator, planleggar eller andre som har hatt prosjektlearansvaret ser ikkje ut til å ha vore vesentleg for gjennomføringa av prosjektet. Det som spelar ei rolle er om prosjektleiaren har lagt vekt på at folkehelsearbeidet er tverrfagleg, sektorovergripande og retta mot strategi- og planarbeid i kommunen. Med det utgangspunktet er plassering av prosjektlearansvaret hos folkehelsekoordinator, eller hos planleggar med kunnskap om folkehelsearbeid, føremålstenleg. Frå andre studiar av lokalt folkehelsearbeid veit ein at plassering av folkehelsekoordinator i rådmannstaben eller i plan- og utviklingsavdelingar er bra med tanke på den tverrfaglege tilnærminga som folkehelsearbeidet må ha (Hagen mfl., 2015, Ouff mfl., 2010). Det er også erfaringa i Nærmiljøprosjektet:

Det at folkehelsekoordinator er organisert på plan- og utviklingsavdelingen, og at Nærmiljøprosjektet styres derfra, bidrar til større grad av implementering og mulighet for et langsiktig folkehelsearbeid (prosjektlear i kommune).

Nokre kommunar har hatt utfordringar med kontinuiteten i prosjektleiinga. Ein konsekvens var at somme kommunar nærast «rykte tilbake til start» når det måtte bytast prosjektlear. Slike utfordringar er vanskelege å sikre seg mot. Dei negative konsekvensane av at prosjektlearar kjem og går, kan likevel reduserast viss kommunane har etablert ei prosjektgruppe/arbeidsgruppe der det er

fleire enn prosjektleiaren som har eigarskap til prosjektet. Det føreset at ein brukar tid på prosjektetableringa, og er bevisst på kven som blir med i prosjektgruppa/arbeidsgruppa.

#### Prosjektgrupper, arbeidsgrupper og referansegrupper

Med unntak av at dei fleste kommunane har lagt prosjektleiinga til folkehelsekoordinatorfunksjonen, er det stor variasjon når det gjeld organisering av Nærmiljøprosjektet lokalt. Somme kommunar har hatt både prosjektgruppe, styringsgruppe/referansegruppe og arbeidsgrupper for delprosjekt, andre har hatt berre prosjektgruppe, som også har fungert som arbeidsgruppe. I dei kommunane som har hatt styringsgruppe/referansegruppe, er det oftast kommunestyret som har hatt den rolla.

I evalueringa er det ikkje lagt opp til systematisk å undersøke samanhengen mellom organisering og konsekvensar for gjennomføringa av Nærmiljøprosjektet. Vi har likevel relativt omfattande data om organiseringa, og i gjennomgangen av dette materialet ser vi ingen klare samanhengar mellom type prosjektorganisering og framdrift og retning. Det vi likevel ser, er at i dei kommunane der politisk og administrativ leiing på eitt eller anna vis har vore involverte i prosjektet (t.d. gjennom prosjektgrupper eller styringsgrupper) har dette bidratt til å gi arbeidet legitimitet og brei mobilisering. Forankring i den politiske og administrative leiinga gir også betre vilkår for å ta erfaringane frå prosjektet med vidare i folkehelsearbeidet lokalt.

Nedanfor er nokre sitat som viser erfaringar knytte til organisering av Nærmiljøprosjektet lokalt:

Det kunne vært en strammere struktur. Veien i prosjektet har blitt til underveis. Nærmiljøprosjektet ville nok ha blitt organisert på en annen måte om man skulle gjøre det om igjen. Kom på toppen av alle andre gjøremål og med mye rapportering. Prosjektet ble også litt enmannsbutikk. Hadde vært bedre om flere i kommunen hadde vært sterkere involvert (prosjektleiar i kommunen).

Vi var litt fاملande med tanke på den administrative organiseringa. Men eg ser no i ettertid at vi kanskje burde landa på ei anna organisering. Det vart litt mange aktørar involvert. Det vart vanskeleg å organisere med ei arbeidsgruppe. Rådmann var prosjekteigar og så var relevante frå hans leiargruppe med i ei administrativ styringsgruppe. Så hadde vi ei ressursgruppe der mange var med. Dei øvste leiarane har vorte litt fråkoplade i løpet av prosjektet, men fotfolka har jobba på. Eg skulle kanskje vore tydlegare frå starten med tanke på å skape eit godt eigarskap til prosjektet. Vi burde hatt litt fleire faste møtepunkt med leiargruppa i løpet av prosjektet, men det avklara eg ikkje med rådmannen i starten. Det burde eg gjort, men det vart ikkje slik. Eg er usikker på kva som ville vore den beste organiseringa (prosjektleiar i kommunen).

Somme kommunar valde å ikkje etablerte «overordna» prosjektgrupper for Nærmiljøprosjektet. Dei oppretta delprosjektgrupper eller arbeidsgrupper for ulike delprosjekt/aktivitetar. I desse gruppene var det med folk frå ulike einingar i kommunane, inkludert skular og barnehagar, og så har andre aktørar – innbyggjarar, næringsliv, frivillig sektor - vore representert i arbeidsgrupper avhengig av kva delprosjekta har handla om. Involverte i slike arbeidsgrupper har vore ungdomsråd, eldreråd, næringsforum, vidaregåande skular mfl. Ei slik løysing har mellom anna ført til brei mobilisering i prosjektarbeidet, og prosjektleiarane seier det slik:

Eg synest det har vore ein ok måte å jobbe på. Det har vore ulike prosjektleiarar og nokre har vore inn og ut. Og det har ført til at vi har fått mobilisert mange i arbeidet. Prosjektet har hatt ein fleksibel struktur, med tanke på å kunne kople seg på plan- og utviklingsprosessar som var på gang, og då måtte også organiseringa av prosjektet vere fleksibel, med arbeidsgrupper o.l. (prosjektleiar i kommune).

Vi har hatt aller mest fokus på delprosjekta og ikkje lagt mykje arbeid i at Nærmiljøprosjektet som prosjekt skulle løftast veldig fram i arbeidet. Men delprosjekta har vi lagt vekt på. Så vi har mange prosessar og planarbeid i kommunen der Nærmiljøprosjektet inngår (prosjektleiar i kommune).

Sjølv om etablering av styringsgrupper eller overordna prosjektgrupper truleg kunne ført til betre politisk og administrativ forankring av arbeidet i Nærmiljøprosjektet i kommunar som valde å ikkje ha slike grupper, har andre måtar å organisere prosjektet på hatt positive konsekvensar for å nå måla i prosjektet – ikkje minst når det gjeld deltakingsaspektet, brei mobilisering og kapasitetsbygging lokalt.

Mobilisering av frivillig sektor og sivilsamfunnet elles er sentralt med tanke på ideane som ligg til grunn i Nærmiljøprosjektet. Nokre kommunar har organisert arbeidet med sikte på å skape forankring utanfor kommuneorganisasjonen. Døme på det er at representantar frå frivillig sektor har vore med i grupper i prosjektet, og/eller at medverknadsprosessar er gjennomførte i regi av lag og organisasjonar. Kommunar som ikkje gjorde det på den måten, ser at det kan vere ein farbar veg, slik denne prosjektleiaren uttrykker det:

Eg har fått med meg at andre kommunar har tatt med frivillige i prosjektgrupper og ressursgrupper og det kanskje vi burde ha tenkt på med tanke på å forankre tankegangen og samarbeidet med dei ute. Det handlar også om prosjektleiing, det er jo eit fag, og eg har ikkje vore prosjektleiar på slike prosjekt før, så det er klart at det har vore mykje lærdom for meg (prosjektleiar i kommune).

Vi ser ikkje mønster som gir grunnlag for å trekke klare konklusjonar om kva organisering, gruppesamansetjing eller funksjonsmåte som har vore mest føremålstenleg for gjennomføringa av Nærmiljøprosjektet. Det er eit godt poeng at utviklingsprosjekt kan tilpassast den lokale konteksten og kompetansen. Men i kommunar som har hatt utfordringar med personalsituasjonen, og hadde vanskeleg for å få tak på prosjektarbeidet, ser det ut til at fleksibiliteten har forsterka dei utfordringane. Å trekke politikarane inn i arbeidet, gjennom styringsgrupper eller prosjektgrupper og i medverknadsprosessar (som vi kjem inn på seinare i rapporten) har vore føremålstenleg for å oppnå intensjonane i Nærmiljøprosjektet. Det same gjeld det å involvere lag, organisasjonar og sivilsamfunnet i den «overordna» prosjektgruppa eller i delprosjektgrupper.

### Dokumentasjon og rapportering

Innleiingsvis i denne rapporten er det nemnt at dokumentasjonen frå Nærmiljøprosjektet er omfattande. Ein god del av dokumentasjonen har kome på plass fordi kommunar og fylkeskommunar har rapportert til Helsedirektoratet om aktivitet og måloppnåing. Deltakarkommunane har også rapportert i form av formidling på regionale nasjonale samlingar.

Fleire prosjektleiarar i deltakarkommunar formidlar at rapporteringa undervegs i prosjektet har bidratt til bevisstgjerjing av eige arbeid, som igjen har ført til justering av kursen i retning måla for Nærmiljøprosjektet. Følgjande sitat frå prosjektleiarar illustrerer det:

Spørsmålene knyttet til rapportering har skjerpet oss. Dokumentasjon fører til at det blir klargjørende (prosjektleiar i kommune).

Det at vi må rapportere til fylkeskommunen legg litt positivt press på oss i prosjektet (prosjektleiar i kommune).

Andre prosjektleiarar meiner det har vore for store krav til dokumentasjon, rapportering, deltaking og formidling på samlingar i Nærmiljøprosjektet:



Eg føler at kommunane sit med det store arbeidet. Det blir for mykje dokumentasjon. Mykje skrivearbeid, og så føler ein kanskje at ein ikkje er så god til det (prosjektleder i kommune).

For eksempel i grunnlagsdokumentet frå fylkeskommunen stod det at det var nokre samlingar i året regionalt og ein gong i året nasjonalt. Og ein delrapport i halvåret. Det tenkte vi at skulle gå greitt. Men så fekk vi oppgåver til samlingane: legge fram, veiledning til universitetet, reisetid. Mykje tid vekk. Forarbeid og etterarbeid. Og så vil du jo gjere det bra. Ekstraarbeid, rapportering. Og korte fristar frå direktoratet eller fylket. «Om ei veke skal de ha ferdig det og det». Og du har jo andre arbeidsoppgåver (prosjektleder i kommune).

Vår vurdering er at rapportering, dokumentasjon, nasjonale og regionale samlingar har fungert som eigenvurdering for kommunane. Det har bidratt til framdrift og nyttige justeringar av prosjektarbeidet både i fylkeskommunane og lokalt. Det har ført til at fylkeskommunar og kommunar etter kvart har drive arbeidet meir i tråd med måla for prosjektet. Ein av føresetnadene for å få det til, har vore at rapporteringsmalen frå Helsedirektoratet er utforma på ein måte som bidreg til slik bevisstgjerings hos dei som har vore med i prosjektet. Eigenvurderingsaspektet ved rapporteringa kunne vore tydelegare formidla, slik at rapporteringa i mindre grad vart oppfatta som kontroll frå direktoratet si side. Det kunne skapt ein annan motivasjon for å dokumentere aktiviteten ute i kommunane og dermed også for dei lokale prosjekta.

I eit utviklingsprosjekt, som Nærmiljøprosjektet har vore, er det truleg nødvendig å legge arbeid i rapportering, formidling og dokumentasjon. Både for at deltakarkommunar med jamne mellomrom vurderer eige arbeid, og for at ressursar som følgjer med prosjektet skal verte nytta i samsvar med intensjonane. Dokumentasjon og formidling er også viktig med tanke på at erfaringane frå Nærmiljøprosjektet skal ha overføringsverdi til kommunar og fylkeskommunar som ikkje har vore med i prosjektet.

## Prosjekt

Generelt er det slik at kommuneleiinga kan oppfatte at prosjekt er noko som kjem i tillegg til oppgåvene som kommunen har ansvar for. På sett og vis er det ein viss logikk i det, men for Nærmiljøprosjektet sin del handla det om å ta tak i lovpålagde oppgåver, jf. folkehelselova og plan- og bygningslova, og ikkje om oppgåver som ligg på utsida, eller skal kome i tillegg til slike oppgåver. Såleis kunne deltaking i prosjektet like gjerne oppfattast som ein gylden sjanse til å få framdrift i det lovpålagde systematiske folkehelsearbeidet. For prosjektledarane og andre i kommunane som har arbeidd med prosjektet, har det også vore oppfatta slik – etter kvart. Men dersom den politiske og administrative leiinga i kommunane i større grad hadde blitt klart introdusert for ei slik tilnærming i søknadsfasen og tidleg i prosjektperioden, ville det kunne skapt betre vilkår for forankring og endå betre tilslutning til prosjektet i kommuneorganisasjonen.

Det vert formidla at Nærmiljøprosjektet har bidrege til svært nyttig erfaring med prosjektarbeid, som kommunar og fylkeskommunar vil legge til grunn for vidare arbeid på folkehelsefeltet:

Prosjektet har tatt form og blitt mer konkret. Utrolig verdifullt som grunnlag for andre prosjekt i forhold til måten å jobbe på – vi bygger vidare på det når det gjelder kunnskap. Hele prosjektet har båret preg av at veien blir til mens man går (prosjektleder i fylkeskommune).

Som resultat av Nærmiljøprosjektet ser vi et stort behov for å øke kompetansen hos ansatte i kommunen på tvers av alle etater. Det skal derfor avholdes tre regionale kurs i samarbeid med KS. Deltagerne skal jobbe med sentrale begreper innen prosjektledelse. I denne forbindelse er det lagt opp til case-orientert metodikk der deltakerne skal jobbe opp mot



regional plan for folkehelse, og bygge vidare på erfaringer fra Nærmiljøprosjektet (rapport frå fylkeskommune).

Å vere del av eit prosjekt, der både kommunar, fylkeskommunar, utdanningsinstitusjonar og Helsedirektoratet er samarbeidspartar, vert trekt fram som ei svært positiv side ved Nærmiljøprosjektet. Det har gitt legitimitet til arbeidet lokalt å vere del av ei nasjonal satsing, og det har gitt gode arenaer for erfaringsdeling. Fleire poengterer at mykje av det som er erfart gjennom Nærmiljøprosjektet hadde vore vanskeleg å få til, dersom det ikkje vart prøvd ut gjennom eit definert prosjekt.

Utifrå det som kjem fram i evalueringa og det vi elles veit om kva status systematisk folkehelsearbeid har hatt i kommunane (Riksrevisjonen, 2015), meiner vi det er nødvendig at nasjonale mynde legg vekt på å styrke og markere regionalt og lokalt folkehelsearbeid, slik det er gjort gjennom Nærmiljøprosjektet. Nokre informantar nemner at det hadde vore betre om pengane hadde gått direkte til kommunen, og ikkje forvalta gjennom eit prosjekt. Sjølv om førebygging, gjennom folkehelselova, er ei lovpålagd oppgåve for kommunane, er det vårt inntrykk at det er andre oppgåver som vert prioriterte når kommuneøkonomien er trong. Det viser seg mellom anna ved at folkehelsekoordinatorfunksjonen i mange tilfelle er oppe til diskusjon når kommunebudsjetta skal handsamast. Å få denne innsikta i kva som er viktig for trivsel og livskvalitet i nærmiljøa, og å bidra til nyttig erfaring og kompetansehevinga og i så mange kommunar, ville truleg ikkje vore mogleg utan at det var ei særleg satsing på det – gjennom eit slikt prosjekt.

#### Tidsperspektivet i eit utviklingsprosjekt som Nærmiljøprosjektet

Nærmiljøprosjektet har gått føre seg i perioden 2015 - 2018, men i realiteten kom dei lokale prosjekta i gang i 2016. Det vil seie ein prosjektperiode på vel tre år. Som denne sluttrapporten viser, har det vore mykje aktivitet og kompetanseheving i deltakarkommunane i løpet av desse åra, og det er gjort mange erfaringar. Men mange kommunar brukte lang tid på å finne forma på utviklingsarbeidet, og kom ikkje skikkeleg i siget før prosjektet nærma seg slutten. For at denne typen utviklingsarbeid skal bidra til kompetanseheving og gi erfaringar, som kan sette spor i måtar å jobbe på framover, er ein prosjektperiode på tre år for kort tid. Utifrå erfaringane med Nærmiljøprosjektet, kan det sjå ut til at det minimum trengst fem år.

#### Kommunikasjon og formidling i prosjektperioden

Å gjere arbeidet med Nærmiljøprosjektet kjent i eigen kommune, og å formidle frå prosjektet undervegs er viktig for å mobilisere til medverknad, bidra til engasjement og å gi prosjektet legitimitet, både hos innbyggjarar, politikarar og i kommuneorganisasjonen. Såleis er informasjon og kommunikasjon rundt prosjektaktivitetar sentralt. Å ha kompetanse om korleis ein bodskap kan formidlast til ulike målgrupper kan difor kome godt med. Ein del kommunar har involvert sine einingar for kommunikasjon, eller enkeltpersonar i kommunen med relevant kompetanse, aktivt i Nærmiljøprosjektet. Erfaringane med det er gode. Somme utarbeidde endåtil kommunikasjonsplan for prosjektet. I eit prosjekt som Nærmiljøprosjektet, der brei mobilisering og breitt engasjement har vore viktig, er informasjon og kommunikasjon viktig.

#### Fylkeskommunen og Nærmiljøprosjektet

Fylkeskommunen sitt ansvar i folkehelsearbeidet er blant anna å samordne innsatsen i det sektorovergripande folkehelsearbeidet regionalt og lokalt med vekt på å støtte kommunane (folkehelselova § 20). I støtterolla overfor kommunane er særleg tre oppgåver sentrale, slik det går fram av lovproposisjonen, Prop. 90 L (2010-2011), Lov om folkehelsearbeid (Helse- og omsorgsdepartementet, 2011):

- Vidareutvikle arbeidet med oversikt over helsetilstanden i fylket og positive og negative faktorar som kan ha innverknad på den
- Drive planretteiing etter plan- og bygningslova
- Bidra til systematisk og tverrsektorielt folkehelsearbeid

I alt er det åtte fylkeskommunar som er med i Nærmiljøprosjektet. Tabell 5 viser kva fylke som har vore med, og organisatorisk plassering av prosjektet i fylkeskommunane.

Tabell 5 Fylkeskommunane i prosjektet og organisatorisk plassering

Fylke	Organisatorisk plassering
Buskerud	Utviklingsavdelinga (eining for plan, miljø og folkehelse)
Finnmark	Kultur, kulturminne- og miljøavdelinga (faggruppe folkehelse, idrett, friluftsliv og miljø)
Hordaland	Regionalavdelinga (seksjon næring- og lokalsamfunnsutvikling)
Møre og Romsdal	Kulturavdelinga (seksjon folkehelse og fysisk aktivitet)
Nordland	Folkehelseavdelinga (seksjon folkehelse)
Rogaland	Regionalplanavdelinga (fagområde folkehelse)
Vestfold	Kultursektoren (seksjon folkehelse)
Østfold	Samfunnsplanavdelinga (seksjon folkehelse)

Fylkeskommunane har hatt ei nøkkelrolle i Nærmiljøprosjektet. Dei tok i mot søknadene frå kommunane, valde ut kommunar og har følgd delprosjekta i kommunane tett gjennom heile prosjektperioden.

Nordland fylkeskommune har eiga folkehelseavdeling, som har hatt ansvaret for å forvalte Nærmiljøprosjektet. Elles viser tabell 5 at ansvaret for Nærmiljøprosjektet er plassert i kulturavdelinga i fylka Finnmark, Møre og Romsdal og Vestfold. I Buskerud, Hordaland, Rogaland og Østfold er folkehelsefeltet plassert i utviklings- og planavdelingar, og dermed er også ansvaret for Nærmiljøprosjektet lagt dit. Organisatorisk plassering av Nærmiljøprosjektet heng altså i hop med kva avdeling i fylkeskommunen som har ansvaret for folkehelseområdet.

Evalueringa har ikkje undersøkt systematisk om det er samanhengar mellom organisatorisk plassering og korleis det er arbeidd med Nærmiljøprosjektet. Men vårt inntrykk er at korleis fylkeskommunane har arbeidd med Nærmiljøprosjektet i liten grad har samheng med organisatorisk plassering. Likevel kan organiseringa ha noko å seie for forankring av Nærmiljøprosjektet, og dermed for ideane i prosjektet. Det er viktig med tanke på å kunne vidareføre arbeidsmåtar og erfaringar når prosjektperioden er ute.

Som ein kan sjå av tabell 1 i innleiingskapittelet, er det stor variasjon med tanke på kor mange kommunar som er i med i kvart av fylka. Helsedirektoratet stilte krav om at minimum tre kommunar måtte vere med. Nordland har med 11 kommunar, medan Buskerud og Rogaland begge har tre deltakarkommunar. I dei andre fylka er det med frå fire til seks kommunar. I Nordland meinte prosjektleiinga i fylkeskommunen at dess fleire kommunar som var med i Nærmiljøprosjektet, dess fleire ville få erfaring med og kompetanse knytt til tema og arbeidsmåtar som var vektlagde i Nærmiljøprosjektet:

Vi ønsker at så mange som mulig kan bli bedre på medvirkning uavhengig av prosjektmidler. Alle er forskjellig. Alle har ulike ressurser og muligheter. Overførbarheten blir ikke like stor, om man bare tar noen få. Dette er jo noe de skal drive med uansett.

I andre fylke var strategien å ta med dei kommunane som søkte, så lenge innhaldet var i tråd med intensjonane for prosjektet og kvaliteten på søknaden var god. Ein tredje strategi var å ta med

relativt få kommunar, mellom anna for å klare å følgje desse opp på ein god måte, både sett frå fylkeskommunen og utdanningsinstitusjonen si side. På den måten kunne ein legge til rette for endå betre prosjekt lokalt, med erfaringar som både i prosjektperioden og seinare kan formidlast til andre kommunar.

I tillegg til å bidra i søkeprosessen og velje ut deltakarkommunar, har fylkeskommunane følgd opp kommunane i heile prosjektperioden og hatt ansvar for å koordinere rapportering til Helsedirektoratet. Dei har også hatt dialogen med regionale utdannings- og forskingsmiljø. Om sitt oppdrag i Nærmiljøprosjektet seier prosjektleiarar i eit par av fylkeskommunane:

Å tolke nasjonale styringsdokument, halde på retninga. Vi veit kva som er det nasjonale oppdraget, og få kommunane til å arbeide i den retninga (prosjektleiar i fylkeskommune).

Lage gode rammer for prosjektet, og for heile prosjektperioden. Motivere og engasjere. Lage plan for heile perioden, ikkje berre for eitt år i gongen (prosjektleiar i fylkeskommune).

Generelt har ikkje fylkeskommunane vore mykje på besøk i deltakarkommunane, men har konsentrert oppfølginga om regionale nettverkssamlingar, og elles hatt dialog på telefon og e-post. Nokre fylkeskommunar har likevel vore relativt tett på og besøkt kommunane jamt i prosjektperioden, og dei har gode erfaringar med det:

At vi besøker kommunane bidreg til å legitimere det arbeidet som skjer i kommunane (prosjektleiar i fylkeskommune).

Som prosjektleiar i fylket har eg vore opptekne av å motivere og løfte fram kommunane. Fremje kommunane, ikkje fylkeskommunen. Det er viktig for engasjementet å løfte kommunane og vise at kommunane blir sett (prosjektleiar i fylkeskommune).

Det at vi valgte «kommunebesøk» som en arbeidsform har bidratt til større kunnskap om den enkelte kommunen. Vi mener at det har vært med på å danne en god samarbeidsstruktur, bedre råd og veiledning og større forståelse for organisasjonskultur i kommunene (prosjektleiar i fylkeskommune).

Vilkåra for å vere så tett på kommunane, til dømes gjennom kommunebesøk, er mellom anna avhengig av kor mange deltakarkommunar det er i fylket, geografiske forhold og i kor stor grad fylkeskommunen sjølv prioriterer eigne ressursar på prosjektet. Men det ser ut til at kommunar som har hatt tett oppfølging, mellom anna gjennom at fylkeskommunen og utdanningsinstitusjonar har besøkt og hatt aktivitet i kommunane, har fått ein ekstra gevinst som følgje av det. Det gir prosjektarbeidet legitimitet, og betre forankring i kommuneorganisasjonen og i lag og organisasjonar.

Prosjektleiarane i fylkeskommunane oppfattar at deira rolle har vore å engasjere, motivere og bidra til at Nærmiljøprosjektet held retninga. Det er også erfart at det har vore nødvendig å stille krav til kommunane, og at fylkeskommunen har vore i posisjon til det, men at det kan gjerast utan å styre kommunane:

Prosjektet sine mål har gjort det mer legitimt for fylket å stille krav til kommunene i prosjektet (prosjektleiar i fylkeskommune).

Har ikke definert rollen som styringsrolle. Har inngått avtaler med kommunene hvor felles prosjektplan er lagt til grunn. Følger med at kommunene holder seg til planene, men prosjektene utvikler seg også underveis (prosjektleiar i fylkeskommune).

I evalueringa har det ikkje kome til uttrykk at aktørar i kommunane i særleg grad har reagert negativt på fylkeskommunen si rolle. Men det er døme på at nokon erfarte krava som frustrerande: «Det som frustrerte oss veldig i starten var at vi opplevde at de (fylkeskommunen) stilte krav til kommunene».

Sitatet viser at dette gjaldt i starten av prosjektet, og hovudinntrykket frå evalueringa er at aktørar i kommunane generelt oppfattar fylkeskommunen si rolle som positiv og viktig for framdrifta og retninga i Nærmiljøprosjektet. Det skal vi kommentere nærare nedanfor.

### Regionale nettverkssamlingar

Regionale nettverkssamlingar for deltakarkommunane har vore eit verkemiddel fylkeskommunane har brukt for å støtte kommunane og koordinere Nærmiljøprosjektet. Samlingane har vore viktige for framdrift, retning og for å motivere kommunane. Det varierer korleis samlingane har vore lagt opp, men hovudinnhaldet på samlingane uavhengig av fylke har vore:

- Nytt frå kommunane – kommunane formidlar frå sitt arbeid og løfter fram positive erfaringar og utfordringar for kvarandre.
- Fylkeskommunen formidlar frå møte dei har hatt med Helsedirektoratet.
- Faglege innspel etter behov som kommunane har meldt inn.

I somme fylke er det lagt vekt på at kommunane skal ha eit nært eigarskap til desse samlingane, og det er mellom anna gjort ved at kommunane har vore arrangør for nettverkssamlingar. Ifølgje prosjektleiarar i fylkeskommunar og kommunar har dette vore ei god tilnærming, mellom anna fordi det har forankra prosjektet endå betre i kommunane og bidrege til meir eigarskap til Nærmiljøprosjektet som regionalt prosjekt.

Dei fleste fylkeskommunane har lagt vekt på å kombinere faglege innspel, som er relevante for Nærmiljøprosjektet, med prosessretteleing overfor kommunane. Til dei regionale nettverkssamlingane inviterte fylkeskommunane som regel både kommunepolitikarar og folk frå kommuneadministrasjonen, i tillegg til prosjektleiarar. I nokre tilfelle var også frivillig sektor representert. Målet med det var å bidra til at fleire aktørar i kommunane fekk kjennskap til erfaringar frå prosjektet, og at det skulle gi betre forankring i kommunen. Det generelle biletet er at det har vore vanskeleg å få til brei mobilisering på nettverkssamlingar, men i ein del fylke har ein klart å få det til, om enn med litt «press» frå fylkeskommunen si side.

På nettverkssamlingar (forelesningar og prosessveiledning) skulle kommunenes prosjektgruppe delta og prosessveiledning var rettet mot prosjektleder og prosjektgruppa. Formålet var at kunnskapen skulle tilflyte bredt i den kommunale organisasjonen. En modell som vi synes har fungert bra (rapport fylkeskommune).

Erfaringsdeling har vore særleg viktig for prosjektleiarane i kommunane. Erfaringa deira er at dei deler meir, tek meir kontakt med kvarandre og er meir i dialog med andre kommunar som følgje av deltaking i Nærmiljøprosjektet. Dei meiner det har lagt grunnlag for samarbeid og kontakt også utover prosjektperioden.

Prosjektleiarane i fylkeskommunane har vore opptekne av å formidle erfaringar frå Nærmiljøprosjektet også til kommunar som ikkje har vore med i prosjektet. Det er mellom anna gjort i samband med konferansar som fylkeskommunen arrangerer, der alle kommunane er målgruppe, og som samlar andre enn folkehelsekoordinatorarar. Det er elles formidla frå prosjektet på m.a. plankonferansar, byutviklingskonferansar og tettstadskonferansar.

Alle aktørane i Nærmiljøprosjektet har hatt stort utbyte av dei regionale nettverkssamlingane, og vi meiner at samlingane har vore ein suksessfaktor i prosjektet. Det positive utbytet gjeld for både kommunane, fylkeskommunane og utdanningsinstitusjonane.

## Rapportering

Fylkeskommunane har hatt ansvar for rapportering av framdrift og vore økonomisk ansvarleg overfor Helsedirektoratet. Som vi har vore inne på tidlegare i rapporten, har kommunane hatt ein del innvendingar på omfanget av rapportering og dokumentasjon i prosjektet. Men rapporteringa kan også ha sine positive sider, slik som nokre prosjektleiarar i deltakarkommunar ser det:

Det at vi må rapportere til fylkeskommunen legg litt positivt press på oss i prosjektet (prosjektleiar i kommune).

Fylkeskommunen har ei god rolle på den måten at vi blir godt kjent, dei er på tilbodssida. Og så har dei ei «maserolle», og er ein positiv pådrivar. Det treng vi kanskje av og til, at det er forventningar til oss (prosjektleiar i kommune).

Det har vært tett kontakt. De fra fylkeskommunen er lyttende, romslige og fleksible. Tilgjengelige. Positive møter og samlinger. Veldig positive erfaringer med dialogen med dem. Møter her hos oss. Lytter til oss, Vi får sagt det vi mener. De stiller også krav og skjerper oss litt, og det er også bra (prosjektleiar i kommune).

## Nasjonale nettverkssamlingar for fylkeskommunane og Helsedirektoratet

I heile prosjektperioden har det vore jamlege samlingar for fylkeskommunane i prosjektet og Helsedirektoratet. Høgskulen i Volda har også deltatt på desse samlingane. Samlingane har vore viktige for erfaringsdeling og nettverksbygging mellom prosjektleiarane på fylkesnivået. Elles har samlingane vore den mest sentrale arenaen for dialog mellom Helsedirektoratet og fylkeskommunane. På desse samlingane har Helsedirektoratet fått tilbakemeldingar om framdrift, gode døme og utfordringar i prosjektet.

På same måten som dei regionale nettverkssamlingane har vore svært viktige for kommunane i prosjektet, har dei nasjonale samlingane vore avgjerande viktig for fylkeskommunane sitt arbeid med Nærmiljøprosjektet.

## Fylkeskommunen er sentral i folkehelsearbeidet

Fylkeskommunen har fire roller: Demokratisk arena, myndeutøvar, tenesteprodusent og regional samfunnsutviklar. Fylkeskommunen sitt arbeid på folkehelsefeltet er særleg knytt til rolla som tenesteprodusent på område som vidaregåande opplæring, tannhelse, samferdsle og transport, og kultur, idrett og friluftsliv. Samfunnsutviklarrolla handlar om å samle alle gode krefter på tvers av sektorar og nivå i en felles innsats for å skape betre utvikling i regionen. I denne samanhengen er det å støtte kommunane i deira folkehelsearbeid ein viktig funksjon (folkehelselova § 20).

For å bidra til heilskapleg samfunnsutvikling kan fylkeskommunen bruke både **juridiske, pedagogiske og økonomiske verkemidlar**. I Nærmiljøprosjektet er det særleg dei pedagogiske verkemidlane som har vore viktige, med nettverkssamlingar, dialog med kommunane om utfordringar og behov, og tilrettelegging for erfaringsdeling. Det er også brukt økonomiske verkemidlar på den måten at det er fylkeskommunen som har forvalta midlane frå Helsedirektoratet, og som avgjorde kva kommunar som skulle få midlar til deltaking i prosjektet. Juridiske verkemidlar ligg også til grunn gjennom folkehelselova § 20 og plan- og bygningslova. Dei juridiske verkemidlane ligg i botnen for legitimering av folkehelsearbeidet generelt, fylkeskommunen si støtterolle m.m. Dei økonomiske bidraga som er sette inn i Nærmiljøprosjektet har vore viktige for å mobilisere kommunar til deltaking, og kanskje også for å få kommunar til å søke om deltaking. For resultatene av Nærmiljøprosjektet er det likevel dei pedagogiske verkemidlane som, etter vår vurdering, har vore viktigast for framdrift og god retning i kommunane.

Basert på det som kjem fram i evalueringa, meiner vi at fylkeskommunane si rolle i Nærmiljøprosjektet har vore avgjerande for å engasjere og motivere kommunar, for retninga og framdrifta i prosjektet, og for å legge til rette for kompetanseheving og erfaringsdeling i prosjektet.

Det er viktig å gå bak flokken i stedet for å løpe foran. Ting tar tid. Viktig å ha tålmodighet med at ikke alle er begeistra fra dag en. Det er noe man må tenke på (prosjektleder i fylkeskommune).

# Mål og måloppnåing i Nærmiljøprosjektet

Å medverke til gode nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse, og å styrke den kommunale folkehelseoversikta med meir kvalitativ kunnskap om folkehelseutfordringar, har vore hovudmål i Nærmiljøprosjektet. Delmåla har vore:

1. Å betre dei kvalitative oversiktene over folkehelseutfordringar som grunnlag for kommunale planprosessar og avgjerder
2. Å betre kunnskapen om korleis folk har det i nærmiljø og lokalsamfunn, og skaffe kunnskap om kva som bidreg til livskvalitet og trivsel
3. Å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar
4. Å utvikle tiltak som tek utgangspunkt i utfordringane lokalt og regionalt
5. Kompetansebygging i samarbeid med utdanningsinstitusjonar

I delen som følgjer drøftar vi delmåla utifrå kva evalueringa viser med tanke på måloppnåing.

## Mål 1. Betre kommunale folkehelseoversikter som grunnlag for planar og avgjerder

Heilskapleg og sektorovergripande planlegging i tråd med determinantperspektivet (faktorar som påverkar helsa) er løfta fram i plan- og bygningslova:

Planleggingen skal fremme helhet ved at sektorer, oppgaver og interesser i et område ses i sammenheng gjennom samordning og samarbeid om oppgaveløsning mellom sektormyndigheter og mellom statlige, regionale og kommunale organer, private organisasjoner og institusjoner, og allmennheten (plan- og bygningsloven 2008, § 3-1 2. ledd).

Kommunane blir utfordra til å samhandle på tvers av sektorar og forvaltningsnivå, og å trekke innbyggerane inn i planlegginga. Gjennom samhandling kan samanheng mellom ulike sektorinteresser bli tydelegare og gi meir treffsikre og heilskaplege/koordinerte løysingar. Særleg dei siste ti-femten åra er det i aukande grad blitt lagt vekt på planlegging som reiskap for ei heilskapleg og helsefremjande samfunnsutvikling. For at planlegginga skal kunne bidra i denne retninga, trengst det kunnskap om kva utfordringar som finst i nærmiljø og lokalsamfunn, og om kva faktorar som påverkar trivsel og livskvalitet. Kravet om at kommunane skal ha ei kommunal folkehelseoversikt (jf. folkehelselova § 5), som gir oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar, er i tråd med denne tankegangen.

Eit sentralt utgangspunkt for Nærmiljøprosjektet har vore å styrke det systematiske folkehelsearbeidet. Særleg med tanke på å utvikle kommunal folkehelseoversikt (kunnskapsgrunnlag), som i større grad enn til no, har ei kvalitativ tilnærming. Kommunal folkehelseoversikt er sentral i det systematiske folkehelsearbeidet, og skal vere eit viktig utgangspunkt for planarbeid og tiltak i kommunane. For at oversikta på best mogleg måte skal fange opp både utfordringar og faktorar folk opplever som helsefremmande, må oversikta vere basert på opplysningar og data som er samla både gjennom kvantitative og kvalitative metodar.

Vårt inntrykk er at målet om å betre kommunal folkehelseoversikt har vore relativt lite tydeleg framme i arbeidet med Nærmiljøprosjektet, særleg dei to første åra i prosjektperioden. Vi er usikre på kva som er årsaka til det, men det kan handle om at særleg delmåla om å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar og utvikle tiltak fekk mykje merksemd lokalt i starten av prosjektet. Ein

prosjektleiar og ein planleggar formidlar det slik når vi spør om systematisk og langsiktig arbeid med folkehelse:

Det er lite tålmodighet – man vil helst iverksette konkrete prosjekt – og det er mindre interesse for dokumentasjon (prosjektleiar i kommune).

Det langsiktige perspektivet vert utfordra i alle enkeltsaker. Men som prinsipp så ser politikarane verdiane i arbeidet som er gjort, og ønskjer å kople det til det langsiktige arbeidet (planleggar i kommune).

Viss den kommunale folkehelseoversikta skal bli eit godt kunnskapsgrunnlag for systematisk arbeid med folkehelse, må ho løftast meir fram i kommunane, både som kunnskapsgrunnlag for planar og strategiarbeid og i daglege avgjerder. Somme, om enn ikkje mange, oppfatta nettopp at Nærmiljøprosjektet var eit høve til å arbeide med folkehelseoversikta. Ein prosjektleiar i ein av deltakarkommunane seier følgjande:

Gjennom nærmiljøprosjektet har vi fått til ein slik prosess som eg ønskte å gjennomføre i samband med den første folkehelseoversikta. Eg synest det er veldig relevant. Det er nesten litt sånn å få noko «gratis» til det vi no skal i gang med. Det er litt feil å lage ei folkehelseoversikt utan at folk (innbyggerane) er med. Gjennom Nærmiljøprosjektet får vi ein veldig god start (prosjektleiar i kommune).

Mot slutten av prosjektperioden er det fleire kommunar som har arbeidd med å ta kunnskap, som er skaffa gjennom Nærmiljøprosjektet, inn i arbeidet med kommunal folkehelseoversikt. Ein informant formidlar erfaringane på denne måten:

Vi ser at vi burde ha innrettet metodene fra starten av slik at de kunne lettere ha overføringsverdi til oversiktsdokumentet, så dette med kunnskap om kvalitativ metode-hvordan spørre etc. har vi mangler på i kommunen. Vi har fått inn veldig mye informasjon, noe som handler om mindre ting som går til drift og vedlikehold, andre konkrete som har inngått i de aktuelle planprosessene og andre ting som gjelder i et lenger tidsperspektiv. Hvordan vi skal klare å oppsummere dette i oversiktsdokumentet har vi ikke funnet helt ut av enda, men jobber med saken. Og om hva av kunnskapen vi kan nyttiggjøre oss i oversikten og hva som hører til andre steder (prosjektleiar i kommune).

I og med at fleire kommunar mot slutten av prosjektperioden har kopla arbeidet meir direkte mot kommunal folkehelseoversikt, såg vi at det etter kvart vart arbeidd bra med dette delmålet i Nærmiljøprosjektet. Men dersom målet hadde vore trekt tydelegare fram tidlegare i prosjektperioden, så kunne fleire brukt Nærmiljøprosjektet meir målretta til å styrke arbeidet med oversikta, både når det gjeld innhald og form.

Det er variasjon mellom fylkeskommunar og kommunar med tanke på kor sentral kommunal folkehelseoversikt er som grunnlag for plan- og utviklingsarbeid. Men det generelle inntrykket er at kommunal folkehelseoversikt er relativt ukjent. Blant informantgruppene i Nærmiljøprosjektet er oversikta minst kjent blant politikarar og rådmenn, og til dels blant planleggarar. I den grad dei har høyrte om oversikta eller kjenner til ho, har dei ikkje eit 'aktivt' forhold til ho. Nokre sitat frå intervjuet illustrerer det:

Nei, vet om et barometer (KS), og der kommer kommunen vår dårlig ut på mange indikatorer. Har et lavt utdanningsnivå og høg andel av primærnæringer (ordførar i kommune).



Eg kjenner ikkje til den kommunale folkehelseoversikta du snakkar om der, altså, eg gjer ikkje det (ordførar i kommune).

Eg brukte nok lite den kommunale folkehelseoversikta (planleggar i kommune).

Informanten, som det siste sitatet er henta frå, seier «brukte». Planleggaren har nemleg i løpet av arbeidet med Nærmiljøprosjektet både fått kjennskap til den kommunale folkehelseoversikta og oppfattar no oversikta som eit godt grunnlag for planarbeidet.

Nærmiljøprosjektet har medverka til at kommunane har skaffa betre oversikt over utfordringar og påverknadsfaktorar som grunnlag for planlegginga i kommunen. Vi meiner likevel at kunnskapen kunne vore endå meir målretta mot å betre det systematiske folkehelsearbeidet og særleg den kommunale folkehelseoversikta. Det viktigaste er sjølvstendig at kommunane arbeider med å skaffe kunnskap som grunnlag for planar og avgjerder, og då er det kanskje ikkje så nøye om den kunnskapen inngår i kommunal folkehelseoversikt. Men viss målet er å betre og styrke det systematiske folkehelsearbeidet, bør fleire i kommunane bli bevisste på kva kommunal folkehelseoversikt er, og kva den kan brukast til. Kommunal folkehelseoversikt bør bli eit dokument som alle kjenner til og som ligg til grunn i all planlegging og strategiarbeid. For at det skal bli slik, må prosessen rundt arbeidet med oversikta og utforminga av oversikta vere slik at det gir eit godt utgangspunkt for at ho blir brukt. Rådmann og politikarane må 'eige' oversikta, og prosessen med å få på plass kunnskapen må vere knytt til fleire enn folkehelsekoordinatoren.

Folkehelsekoordinatorene erkjenner desse utfordringane, og synest det er krevjande arbeid:

Det er veldig mange temaer i folkehelseoversikten, så vi må velge noen temaer som man kan løfte fram. For å gjøre det rett og slett, når vi skriver dokumenter må vi lage kortversjoner. Dokumenter på 100 sider blir ikke lest. Vi må gjøre en god jobb for å velge hva som skal løftes fram. Vi må ha det kunnskapsgrunnlaget, samtidig som vi må velge noen områder som må løftes fram. Formålet med helseoversikten er jo å danne grunnlag for prioritering av hvilke planer vi skal jobbe videre med, altså som innspill til planstrategien (prosjektleder/folkehelsekoordinator i kommune).

Å planlegge innhenting av kunnskap, å bearbeide og forstå det som kjem inn, korleis skal vi gjere det? Det skulle eg ønske vi kunne meir om. Å klare å analysere og få det til å gi ei mening, til dømes i folkehelseoversikta og som kan brukast i konkret arbeid, det synest eg er utfordrande, det å få dratt ut dei viktigaste tinga inn i folkehelseoversikta (prosjektleder/folkehelsekoordinator i kommune).

Vår kommentar til dette er at det går an bruke kommunal folkehelseoversikt til å løfte fram særlege utfordringar og påverknadsfaktorar. Det bør likevel vere eit politisk spørsmål å gjere prioriteringane, mellom anna gjennom kommunal planstrategi.

Kva kan kommunane så gjere for å få fleire i kommuneorganisasjonen involverte i arbeidet med folkehelseoversikta, og sørge for at oversikta vert betre kjent, får meir legitimitet og vert brukt i daglege avgjerder og i planarbeid? Å starte hos rådmannen er eitt av svara:

Får kommunen ei god folkehelseoversikt så har mange i kommunen eit svært godt utgangspunkt for sitt arbeid. Vi bør kanskje kople dette meir opp til rådmannen. Eg trur det er viktig å kople rådmannen på, fordi det er rådmannen som kan «gi ordre» til tenestene om å bidra i arbeidet med den kommunale folkehelseoversikta (prosjektleder i kommune).

Samarbeid på tvers er viktig for det systematiske folkehelsearbeidet, og Nærmiljøprosjektet har heilt klart mobilisert til arbeid på tvers:

Prosjektet har ført til eit svært godt samarbeid med andre tenester i kommunen og med aktørarar utanfor kommunen. Vi har blitt kjent, og har arbeidd i lag. Prosjektet har bidratt til ein måte å tenke på som fleire kan ha referanse til. Det er eit viktig utgangspunkt for å arbeide godt med folkehelse, som er tverrsektorielt. Ein styrke for kommunen er at vi har arbeidd tverrsektorielt i prosjektet. Det er bra for folkehelsearbeidet i kommunen (prosjektleiari i kommune).

Eg har som planleggar sitte mykje åleine og arbeidd med planane. Men no har vi også fått til meir medverknad internt i kommunen. Eg skulle ønske vi kunne halde fram på den måten, og at vi var fleire i kommunen som kunne arbeide i lag om ulike oppgåver (planar). Så eg håper at vi kan halde fram med den måten å jobbe på. Vi har gode erfaringar frå Nærmiljøprosjektet på det. Vi kan vere fleire som støttar kvarandre når vi skal ut til folk. Så vi ikkje er så åleine kvar av oss på det. Det blir betre då (planleggar i kommune).

Sjølv om Nærmiljøprosjektet har bidrege til større legitimitet i oversiktsarbeidet, meir eigarskap og engasjement frå den administrative leiinga i kommunane, bør kommunane framover prøve å legge meir vekt på den kommunale folkehelseoversikta som eit verkemiddel i det systematiske folkehelsearbeidet lokalt. Mobilisering av innbyggjarar og mobilisering på tvers i kommuneorganisasjonen (både administrativt og politisk) er nødvendig for at kommunane skal ha oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar, og for at oversikta skal ha legitimitet og bli brukt. Medverknadsprosessar blant innbyggjarane og arbeid på tvers i kommunen i arbeidet med oversikta, vil i seg sjølv kunne mobilisere ressursar og faktorarar som er positive for folkehelsa.

### Kommunal folkehelseoversikt og planlegging

Kommunal folkehelseoversikt kunne vore vektlagt meir i dei tidlegaste fasane av Nærmiljøprosjektet. Sjølv om ikkje oversikta i seg sjølv burde fått meir merksemd tidlegare i prosjektet, så har kunnskapsgrunnlag for planlegging og konkrete planar vore sentralt for kommunane i arbeidet i Nærmiljøprosjektet. Nokre kommunar målretta arbeidet med kunnskapsinnhenting til konkrete planar, andre kommunar skaffa data om utfordringar først, gjerne gjennom medverknadsprosessar, og fann relevante planar eller utviklingsarbeid etter kvart. Vi trur at begge måtane å arbeide på er brukbare. Uavhengig av tilnærming, er det viktig å tenke gjennom kva plannivå kunnskapen skal koplast til, til dømes om det er planstrategi, overordna kommuneplan og/eller kommunedelplanar. Somme kommunar i Nærmiljøprosjektet har erfart at det er utfordringar med å knyte kunnskapen til planar. Årsakene til det er mellom anna at planane er gamle og utdaterte, at kommunen manglar plan- og prosesskompetanse og/eller at dei manglar folk i planleggarstillingar.

Såleis er kjennskap til plansystem i kommunane ein viktig føresetnad for å kunne bruke kunnskap om helsefremjande nærmiljø som grunnlag for planar og avgjerder. I figur 3, som følgjer, er det gjort eit forsøk på å vise samanhengen mellom planstrategi og ulike kommunale planar. Vi trur at fleire som arbeider i kommunane må bli endå betre kjende med og meir bevisste på korleis det kommunale plansystemet fungerer. Først då kan ein hente ut meir av det potensialet som planlegging har i å styrke det systematiske arbeidet med folkehelse. Kunnskap om politikk og politiske prosessar er også ein fordel når det gjeld å forankre arbeidet med helsefremjande nærmiljø i ein kommune. Denne måten å arbeide på stiller store krav til samfunnsplanleggarane sin kompetanse om å organisere kompliserte prosessar og skape dialog med mange partar.

Vi har skissert nokre spørsmål i figur 3, som er knytte til planstrategi og dei ulike kommunale planane. Desse spørsmåla vil truleg vere nyttige med tanke på å konkretisere arbeidet med å kople kunnskap til planar og avgjerder i kommunane.



Figur 3 Samanhengen i det kommunale plansystemet – eit døme

Det nasjonale målet om å skape eit samfunn som fremmar helse i heile befolkninga (Helse- og omsorgsdepartementet, 2015), må vere eit mål på tvers av politikkområde, frå barnehagepolitikk, skulepolitikk, helsepolitikk, frivilligpolitikk og eldreomsorg til nærings- og arealpolitikk. Planleggingsprosessar er godt eigna for koordinering og samordning på tvers av politikkområde, slik at det blir lagt eit felles grunnlag for ei samfunnsutvikling som er helsefremjande. Nærmiljøprosjektet har bidrege positivt i denne retninga.

## Mål 2. Å betre kunnskapen om korleis folk har det i nærmiljø og lokalsamfunn, og skaffe kunnskap om kva som bidreg til livskvalitet og trivsel

Det andre delmålet i Nærmiljøprosjektet har vore å få meir kunnskap om korleis folk har det, og om kva faktorar i nærmiljø og lokalsamfunn som bidreg til trivsel og livskvalitet. I Nærmiljøprosjektet er det særleg lagt vekt på å få svar på dette ved å spørje, eller på andre måtar mobilisere, innbyggerane for å få fram deira synspunkt. Målet er å få kunnskap om kva sosiale og fysiske faktorar i nærmiljøet som fremmer eller hemmar at staden er ein god og trygg stad å vere. I Nærmiljøprosjektet gjeld det først og fremst innbyggerane sine subjektive meningar om og vurderingar av kva som bidreg til trivsel og livskvalitet. Objektive mål på samanhengar mellom nærmiljøfaktorar og trivsel er i liten grad inkludert i prosjektet.

### Kva, korleis og kvifor?

Delmålet om å betre kunnskapen om påverknadsfaktorar har to element. Det eine gjeld kunnskap om korleis folk har det, det andre å skaffe kunnskap om kva som bidreg til livskvalitet og trivsel. Medverknad har stått sentralt for å prøve å skaffe denne kunnskapen (jf. delmål 3). Gjennom å kartlegge kva spørsmål som har vore sentrale i medverknadsprosessar lokalt, og det som er formidla frå det som kjem fram i prosessane, ser vi at det er lagt meir vekt på å skaffe kunnskap om kva som bidreg til trivsel enn å få kunnskap om korleis folk har det. Medverknadsprosessane har i stor grad handla om å få informasjon om kva innbyggerane eller grupper av innbyggjarar meiner er sterke og svake sider ved sitt nærmiljø, og om kva som kan gjerast for at nærmiljøet i større grad skal vere trivselsfremjande. For at data frå medverknadsprosessar skal kunne inngå i eit kunnskapsgrunnlag for kommunale planar og avgjerder, der målet er å styrke påverknadsfaktorar og finne gode løysingar på utfordringar, er det nødvendig å vite noko om kvifor folk løftar fram visse påverknadsfaktorar. Det vil seie at ein må stille «kvifor-spørsmål» og ikkje berre «kva-spørsmål». I løpet av evalueringa har vi gitt signal til fylkeskommunar og kommunar om at dei i større grad må prøve å finne ut kvifor visse

påverknadsfaktorar vert oppfatta å bidra til trivsel. Etter kvart har kommunane fått meir kunnskap om det, jf. tabell 6.

### Tryggleik, trivsel og tilgjenge

Tabell 6, som følgjer, er ei oversikt der vi har kategorisert ulike påverknadsfaktorar som har blitt trekte fram gjennom medverknadsprosessar i dei lokale prosjekta. Tabellen er basert på faktorar som prosjektleiarane/prosjektgruppene i kommunane har kome fram til i si systematisering av kartleggingar, intervju og andre medverknadsprosessar. I tabellen er det skilt mellom fysiske faktorar og sosiale faktorar, og det er gjort for å gi betre oversikt. Vi vil likevel presisere at dei fysiske og sosiale faktorane heng i hop, og at nærmiljøkvalitetar svært ofte er resultat av eit samspel mellom dei. Kolonnen til høgare inneheld stikkord som folk trekker fram når dei skal forklare kvifor dei meiner at dei ulike påverknadsfaktorane bidreg til trivsel og livskvalitet.

Tabell 6 Kategorisering av nærmiljøfaktorar som er viktige for trivsel, helse og livskvalitet

Kategoriar påverknadsfaktorar	Kvifor bidreg det til trivsel og livskvalitet?
<b>Sosiale faktorar</b>	
Møteplassar	Tilhøyrsløse, fellesskap, inkludering, eigenorganisering, relasjonsbygging
Kulturtilbod	Sosiale og estetiske opplevingar, inkludering, stimulerer kreativiteten, tilhøyrsløse
<b>Fysiske faktorar</b>	
Friområde, grøntområde, parkar	Fysisk aktivitet, frisk luft, rekreasjon, sosial kontakt
Gang- og sykkelveggar	Tryggleik, fysisk aktivitet, klimavenleg
Nærleik til tenester og funksjonar	Tilgjenge, tryggleik
Arealbruk, fysisk utforming, estetikk	Kontrollert utbygging, klima, utbygging som tek vare på kvalitetar ved staden

Kva som er opplevd som sentrale påverknadsfaktorar kan sjølvstøtt variere avhengig av kva grupper det er snakk om. Tabell 6 viser faktorar som i større eller mindre grad gjeld alle grupper, uavhengig av alder, kjønn, status m.m., i alle fall slik det kjem fram i evalueringa av Nærmiljøprosjektet. Dersom vi, med utgangspunkt i dette prosjektet, skal oppsummere nærmiljøkvalitetar kort, kan det gjerast med stikkorda: tryggleik, trivsel og tilgjenge. Det er sjølvstøtt viktig å presisere at dette er kategoriar, og at det lokalt har kome fram fleire detaljar og konkrete synspunkt når det gjeld kva det er i nærmiljøet som er utfordringar og kva faktorar som kan bidra til trivsel. Det kan vere ein skummel skuleveg eller eit ønske om å ta vare på eit grøntområde og ein sti i nærmiljøet.

I intervjuet spurde vi informantane i kommunane (prosjektleiarar, planleggjarar, politikarar) om dei meiner arbeidet i Nærmiljøprosjektet har gitt meir kunnskap om kva folk meiner bidreg til trivsel, og svaret på det er ja. Det kan dreie seg om å få stadfesta det dei allereie har tenkt om kva som er sentrale påverknadsfaktorar, men gjennom prosjektet har dei også fått ny kunnskap:

Yngre barn er ofte meir opptekne av naturområde å leike i enn opparbeide leikeplassar. Det er slik ny kunnskap for oss. Vi nemner det ofte til utbyggjarar no. Det er kunnskap som har kome fram i Nærmiljøprosjektet, og som vi ikkje har tenkt så mykje på tidlegare (planleggjar i kommune).

I vår kommune var ungdom målgruppe. Dei framheva veldig mykje sosiale kvalitetar. Hyggelege stader å møte vennar. Både planlagde aktivitetar, men også lagt til rette for spontane aktivitetar. Ungdom set pris på ein kombinasjon av aktivitet og sosialt. Bevegelse, sjølv om dei sit og snakkar. Det sosiale, det med aktivitetar og litt det med estetikk. Alt det til saman er det som er kvalitetar ved ein stad. Vi kjem til å ta omsyn til det i framtidige arealplanar (planleggjar i kommune).

Offentleg transport, særleg hos ungdomane. Vi har nok no ei meir bevisst oppfatning av kva som er eit godt nærseier. Det er delvis på innspel frå høyring til samfunnsplanen – mellom anna når det gjeld kvar butikksenter bør vere (ordførar i kommune).

Folk trekker fram natur og grøntområde, og at det er mogleg å vere ute i naturen. Tilbod, kultur, idrett og friluftsliv. Kulturhuset er ein stor verdi, og det er mykje kjekt som skjer der (prosjektleder i kommune).

Det siste sitatet tener godt som illustrasjon på kva påverknadsfaktorar som vert løfta fram av innbyggjarar i svært mange kommunar. I mange tilfelle er faktorane sjølvstundå meir konkretisert, ved at innbyggjarane viser til ein spesiell skog i nærmiljøet, eit spesifikt kulturtilbod, skummel skuleveg osv.



*Tilgang til skog og grøntområde er viktig for barn (og andre) - Illustrasjonsbilde*

### Sosial berekraft

Berekraftperspektivet er sentralt i planlegging og samfunnsutvikling. Det er nødvendig at miljømessig, økonomisk og sosial berekraft blir ivaretatt samla, men dei er også viktige kvar for seg. Aktiviteten i Nærmiljøprosjektet kan særleg knytast til sosial berekraft, fordi det har handla om korleis ein kan ta vare på velferda til innbyggjarane, mellom anna knytt til tryggleik, tilgjenge og tilhøyrsl/identitet. Ikkje minst har prosjektet handla om sosial berekraft som prosess. Det har kome til uttrykk gjennom medverknad og anna mobilisering i sivilsamfunnet. Det har handla om å etablere strukturar og bygge kapasitet i lokalsamfunnet. Ein av informantane har gjort seg desse tankane om Nærmiljøprosjektet innanfor berekraftperspektivet:

Det kan være en hjelp å plassere betydningen av helsefremmende nærmiljø inn i rammene av bærekraftig utvikling, for å videreutvikle det som handler om sosial bærekraft (prosjektleder i kommune).

### Faktorar på systemnivå i kommune(organisasjonen)

Når det gjeld kva faktorar som bidreg til trivsel og livskvalitet er det i Nærmiljøprosjektet først og fremst lagt vekt på å få fram kva folk meiner om påverknadsfaktorar i sine nærmiljø. Men faktorar på systemnivå i kommunen har også mykje å seie for folkehelsa. Det kan vere organisering, forankring og styringsstrukturar. Til dømes: Korleis er det politiske engasjementet for lokalt folkehelsearbeid? Korleis er folkehelsearbeidet organisert i kommunen? Kva plan- og prosesskompetanse er det i kommunen? Kva kompetanse er det i kommunen når det gjeld deltaking og medverknad? Innsats på tvers av sektorar og nivå, gjennom myndiggjering av lokalsamfunn og medverknad frå innbyggjarane



er også helsefremmande faktorar. Nærmiljøprosjektet har også bidrege til bevisstgjerung og kompetanseheving i kommunane når det gjeld slike påverknadsfaktorar. Somme har etablert tverrfaglege grupper for folkehelse, andre har lagt planar for kompetanseheving når det gjeld medverknad.

Nokre kommunar har valt å trekke inn omgrepet «stadutvikling», fordi det er eit omgrep som er meir kjent enn folkehelsearbeid og nærmiljøutvikling. Det kan vere eit godt grep med tanke å gjere prosjektet meir attraktivt og relevant for aktørar som ein gjerne vil trekke inn (politikarar, utbyggjarar mfl.). Men det er viktig å halde fast på at Nærmiljøprosjektet har eit tydelegare velferdsfokus enn det ein som regel koplar til stadutvikling. Den sosiale dimensjonen er svært sentral i den samanhengen, og då er individuelle behov, prinsipp for interaksjon mellom individ og samfunn (rettferd, likskap) og tilstanden (tilhøyrslø, deltaking, tryggleik) i eit lokalsamfunn sentralt. Sosial støtte er sentralt i utvikling av helsefremmande og berekraftige lokalsamfunn (Hofstad & Bergsli, 2017).

### Kunnskap for systematisk arbeid med folkehelse. Kva er kunnskap?

I delmålet om å få betre kunnskap om korleis folk har det og kva som bidreg til trivsel, er omgrepet 'kunnskap' sentralt. I mange samanhengar i Nærmiljøprosjektet har det vore løfta fram og diskutert korleis ein kan forstå og nærme seg det. Vi vil her trekke inn nokre moment frå det som, gjennom følgjeevalueringa, har vore formidla frå vår side når det gjeld kunnskap i lokalt folkehelsearbeid. Vi meiner desse ideane om kva kunnskap er, er viktig for å arbeide fram gode kunnskapsgrunnlag for systematisk arbeid med folkehelse.

Kunnskap kan forståast på ulike måtar. Eit nyttig startpunkt kan vere å skilje mellom data og kunnskap. Ein kan ha mykje data på eit felt, utan å ha kunnskap. For at det skal verte kunnskap, må data tolkast og setjast inn i ein samanheng. Data må tolkast i konteksten det er ein del av: korleis kan data tolkast og forståast i lys av det ein veit om lokale forhold, forskning på det aktuelle feltet, praktisk erfaring m.m.? Ein start er å bruke både kvalitative og kvantitative data.

Gjennom kommunehelseprofilar, Ungdata og andre kjelder med kvantitative data, har kommunane eit visst bilete av utfordringar og status når det gjeld helse og trivsel. Men dei kvantitative oversiktene gir lite informasjon om kvifor noko er opplevd som ei utfordring, eller kva faktorarar i nærmiljø og lokalsamfunn folk meiner er helsefremjande. For å få innsikt i det, er meir kvalitativt orienterte datainnsamlingsmetodar tenlege. Kvalitative datainnsamlingsmetodar har sin styrke i at dei gir eit nedanfrå- eller innanfrå-perspektiv på fenomen, fordi dei kan få fram korleis enkeltpersonar og grupper tenkjer om og opplever nærmiljøet og lokalsamfunnet sitt.

Kvalitative data kan gje ei anna type innsikt enn det kvantitative oversikter kan gje. Dei kan utdjupe, forklare og supplere informasjon som er samla inn gjennom kvantitative metodar. I somme tilfelle kan kvalitative data vere eit grunnlag for å stille kritiske spørsmål ved kvantitative data. Dersom ein kommune har kvantitative data, som til dømes viser at stadig fleire eldre i kommunen er einsame, kan ein ved å snakke med eldre kunne få meir innsikt i korleis einsemd vert forstått, korleis einsemd kjennest og kva for følgjer det har for den enkelte. Kvalitative data kan såleis bidra til å gi ei fyldigare forståing av eit fenomen, og dermed vere eit betre grunnlag for kommunal planlegging og utvikling.

Kvalitative data kan også danne grunnlag for kvantitativ datainnhenting. Dersom kommunen, til dømes i eit folkemøte, får informasjon om at ein del av bysentrum vert opplevd som utrygt, kan det gjennomførast ei kvantitativ spørjeundersøking for å finne ut kor mange og kva grupper blant innbyggjarane som opplever det slik. For å utvikle gode lokalsamfunn og nærmiljø trengst både kvalitativ og kvantitativ informasjon om forhold som fremmar og hemmar trivsel og god livskvalitet.

For å kunne planlegge og bidra til tiltak for ei samfunnsutvikling som er helsefremmande, må kvalitativ og kvalitativ kunnskap sjåast i samanheng. Det må forståast i lokal kontekst og i lys av verdiar, fagkompetanse, forskning på feltet og erfaringskunnskap. Når data har blitt til kunnskap, i den meininga at ein forstår samanhengar og mønster og kvifor samanhengane er slik, kan det ligge til grunn for politikkkutforming (Ackoff, 1989, Boulding, 1955, Zeleny, 1987). I fleire samanhengar i Nærmiljøprosjektet har vi formidla tankar om korleis kommunane i lokalt folkehelsearbeid kan tilnærme seg det å utarbeide eit godt kunnskapsgrunnlag for kommunal folkehelseoversikt. I tabellen nedanfor skisserer vi den tilnærminga.

Tabell 7 Data, informasjon, kunnskap og visdom

Handling / tiltak	Visdom	Visdom føreset vurderingar og bruk av skjøn: å forstå kvifor
Avgjerder	Kunnskap	Kunnskap er å vite korleis: å forstå samanhengar. Kunnskap er det som gjer det mogleg å transformere informasjon til handlingar
Samanstille	Informasjon	Informasjon: når ein kan svare på spørsmål som byrjar med spørjeord som kven, kva, når og kvar. Ein legg til kontekst, tolking og forståing – også basert på erfaringar og fagkunnskap
Analysere	Data	Data: viser til eigenskapar/kjenneteikn ved objekt, hendingar, nærmiljø. Data er det folk fortel, det ein observerer osv.
Organisere data		
Samle data		

Prosjektlearane og planleggarane meiner dei har fått betre oversikt over kva faktorar og forhold som er viktige, og særleg når det gjeld kva barn og unge meiner er kvalitetar i eit nærmiljø, jf. tabell 5. Arbeidet i Nærmiljøprosjektet har også bidrege til at kunnskapen har blitt «ryddigare på ein måte», som ein av prosjektlearane uttrykker det. Data som er samla om kva faktorar innbyggjarane meiner er viktige for trivsel og livskvalitet, er trekt inn og brukt i planarbeid, i utviklingsarbeid og i konkrete tiltak i kommunane. Men det har i mindre grad vore brukt i lag med annan type kunnskap, som fagkunnskap hos tilsette, forskning på feltet og samanstilling av desse, og i utforming av den kommunale folkehelseoversikta.

Å kome til kunnskap og visdom som grunnlag for lokalt folkehelsearbeid er ei utfordring. Det systematiske arbeidet med folkehelse må skje innanfor rammer som kommunane har, både med tanke på kompetanse, økonomi, tid og andre ressursar. Vi er einige med dei tilsette i kommunane når dei uttrykker at det er grenser for kor mykje arbeid dei kan legge ned i å skaffe, bearbeide, systematisere og analysere data, og at det ikkje må bli «for akademisk», som ein informant seier det. Vi meiner likevel at det er nødvendig å vere bevisst på at data og informasjon, samla gjennom medverknadsprosessar eller som statistikk frå Ungdata eller andre kjelder, ikkje åleine kan seiest å vere kunnskap som gir grunnlag for handlingar. Det bør arbeidast meir i retning den logikken som er skissert i tabell 6. Sitatet frå ein planleggar stadfestar at kommunane kan få til meir enn ein kanskje trur:

Prosjektet har vist at det er praktisk mogleg å hente inn eit kunnskapsgrunnlag gjennom medverknad som er meir enn eit minimum (planleggar i kommune).

### Mål 3. Å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar

Eit tredje delmål i Nærmiljøprosjektet har vore å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar. Hovudføremålet med medverknadsperspektivet i Nærmiljøprosjektet har vore at kommunane skal oppnå dialog med innbyggjarane, eller utvalde grupper innbyggjarar, for å få innspel om kva faktorar i nærmiljøet som bidreg til trivsel og livskvalitet. Såleis er det ikkje snakk om medverknad i den meininga at kommunen informerer innbyggjarane (jf. Arstein, 1969), men heller om konsultasjon,



dialog, dagsordensetting eller medstyring i ei eller annan form. I evalueringa har vi ikkje gjort forsøk på å vurdere konkrete medverknadsprosessar i lys av logikken i stigen til Arnstein, men vi gjer ei generell vurdering av korleis det har vore arbeidd med å utvikle og prøve ut medverknadstiltak i Nærmiljøprosjektet.

Det har vore eit mål i seg sjølv å gjere erfaringar med ulike medverknadsmåtar. På same tid har det vore ein måte å skaffe kvalitative data på. Medverknadsprosessane og resultatane av dei skal bidra til å betre kunnskapsgrunnlaget for kommunale planar og avgjerder. I første del av prosjektet låg målet om medverknad til grunn for mesteparten av arbeidet i dei lokale prosjekta (Bergem mfl., 2018), utan at medverknadsprosessane då vart kopla i særleg grad til hovudmålet og til dei andre delmåla i Nærmiljøprosjektet. Kvifor dette målet vart vektlagt kan ha fleire årsaker, og vi vil nemne tre: 1. Generelt auka søkelys på medverknad i kommunal planlegging. 2. Det vart løfta fram på samlingar i starten av Nærmiljøprosjektet. 3. Arbeid med medverknad er relativt konkret, og dermed ein bra stad å starte det lokale arbeidet i Nærmiljøprosjektet.

Ein konsekvens av at delmålet om å prøve ut og utvikle medverknadsmåtar fekk mykje merksemd i prosjektet, er at det er gjort omfattande erfaringar med medverknad. Det har også bidrege til auka kompetanse i kommunane når det gjeld medverknad. I den nasjonale følgeevalueringa har det ikkje vore mogleg å gå inn i konkrete medverknadsprosessar og undersøke dei, men erfaringane med medverknad er godt dokumenterte gjennom fleire regionale evalueringar (t.d. Agdal & Midtgård, 2019, Andrews & Antonsen, 2019, Barstad, 2018, Stang & Lorentzen, 2019a og 2019b). Såleis kan ein få nærare innblikk i erfaringar med medverknad ved å lese dei evalueringsrapportane.



Medverknad kan skje på mange måtar - Illustrasjonsbilde



Medverknadsprosessane har gjerne hatt som siktemål å få fram kva folk oppfattar er utfordringar i eige nærmiljø og kva dei meiner vil gi auka trivsel. Det samla biletet er at medverknadsprosessane har dreia seg om å be innbyggjarar formidle ønske, behov og synspunkt når det gjeld kva faktorarar som bidreg til trivsel, meir enn det har handla om å mobilisere ressursar som finst i nærmiljø og lokalsamfunn. Nokre kommunar har likevel lagt vekt på mobilisering og kapasitetsbygging i sivilsamfunnet, og i løpet av prosjektperioden er det fleire kommunar som i større grad enn i starten har lagt vekt på den tilnærminga. Tabell 8 på neste side er ei oversikt over medverknadsverktøy og arbeidsmåtar i Nærmiljøprosjektet.

Tabell 8 Oversikt over medverknadsmåtar som er brukte i Nærmiljøprosjektet

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnetråkk</li> <li>• Ungdomstråkk</li> <li>• Gjestebod</li> <li>• Idéverkstad</li> <li>• Kafédialog/dialogkafé</li> <li>• Kakaokafé</li> <li>• Intervju</li> <li>• (Fokus)gruppeintervju</li> <li>• Spørjeundersøking/skjema</li> <li>• Friluftskartlegging</li> <li>• Folkemøte</li> <li>• Landskapsanalyse</li> <li>• Seminar om medverknad</li> <li>• Spørsmålshäfte</li> <li>• Ope prosjektkontor</li> <li>• Kafédialog og prosjektarbeid i ulike fag – ungdomsskule</li> <li>• Nærbutikkstand med informasjon – intervju/spørjeskjema</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• ABCD-metoden</li> <li>• Forum/møteplassar – fokusgruppe</li> <li>• Ordførarbesøk i tettstader og bygder</li> <li>• Besøk ved ulike institusjonar i kommunen</li> <li>• Rullande idéverkstad – dialog, datainnsamling</li> <li>• Nettportal</li> <li>• Nettsider om prosjekta og konkrete tiltak</li> <li>• Nærmiljøkontor</li> <li>• Workshop for publikum i definerte område i kommunen</li> <li>• Ungdomskonferanse</li> <li>• Risikorydding</li> <li>• Sosioromleg kartlegging (desirelines, telling og dotmaps)</li> <li>• Fotokonkurranse</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sosiokulturell stadsanalyse</li> <li>• Co-creation Gjestebod</li> <li>• Ope byutviklingskontor</li> <li>• Styringsgruppe</li> <li>• Refleksjonsfilm om medverknad</li> <li>• Elevdag - elevworkshop</li> <li>• Pilotgjennomføring/ data-innsamling i skule og barnehage</li> <li>• Kartlegging av aktivitetstilbod-sosiokulturell stadsanalyse – bruk av flyfoto</li> <li>• Spørjeundersøking – opne spørsmål</li> <li>• Levekårsundersøking</li> <li>• Frimarked</li> <li>• Synfaring</li> <li>• Observasjonar</li> <li>• Høyringsinnspel</li> <li>• Sosiale media</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Trafikkagenten</li> <li>• Mental Mapping</li> <li>• Workshop – velforeininga</li> <li>• Kartdigitalisering</li> <li>• Ope hus – Tankefangst: frivillige organisasjonar, innbyggjarar generelt, tilsette i kommunar, næringsliv, skular, foreldremøte, næringsliv</li> <li>• Temadagar</li> <li>• Ungt entreprenørskap og medverknad</li> <li>• Ungdomskonferanse/ innovasjonscamp</li> <li>• Verds kafé</li> <li>• Videointervju</li> <li>• Digital historieforteljing</li> <li>• Storytell</li> <li>• Bynettverk</li> </ul>
---	--	---	---

Som tabellen viser, har det vore stor variasjon og svært mange medverknadsmåtar er prøvd ut. I stor grad er det ferdigutvikla medverknadsmåtar som er brukte, som Gjestebud, Storytell, Barnetråkk, ABCD-metoden, sosiokulturell stadsanalyse, sosioromleg kartlegging, Trafikkagenten, Mental Mapping, ulike former for idé møte/dialogkaféar etter relativt likt format. Det er også mange døme på at kommunar har arbeidd godt med medverknad utan at framgangsmåten har hatt, eller fått, eit namn. Det har vore stand på nærbutikken, besøk og verkstadar i skular og barnehagar, intervju med utvalde grupper m.m. Formuleringa i delmålet om medverknad er «å prøve ut og utvikle». Spørsmålet er kor systematisk medverknaden må ha vore prøvd ut før ein kan snakke om at det er utvikla ein medverknadsmetode. Kanskje er det ikkje så viktig kva det heiter, eller at det er direkte overførbart til andre, så lenge medverknadsmåten har vore føremålstenleg i den samanhengen han er brukt i. Men prinsippa i måten å gå fram på, kan likevel ha overføringsverdi, og desse prinsippa vil vi kommentere nedanfor.

## Tilpassing til målgrupper og variasjon i tilnærmingar - Mobiliseringsgrep

Nokre kommunar har lagt vekt på at målgruppene for medverknaden skal vere med å velje medverknadsmåtar og utforme medverknadsprosessane. Det er mellom anna gjort ved at dei er inviterte inn i arbeidsgrupper for konkrete medverknadsprosjekt. På den måten vert prosessane godt forankra i målgruppene, og medverknadsmåtane betre tilpassa målgruppene enn dersom ein skulle prøve ut ein meir tilfeldig valt metode.

Vi har ikkje brukt ferdige metodar, og bygt på det som arbeidsgruppene har kome til er greie måtar å gå fram på. Dei har sjølve valt metodar som dei meiner når breiast slik at alle stemmene skal kome fram (prosjektlear i kommune).

Eit poeng som vert trekt fram som resultat av ei slik tilnærming, er at det gir større sjanse for å få dei såkalla «svake stemmene» i tale:

Vi har lært mykje om medverknadsprosessar som vi må ta vidare. Ikkje minst med tanke på sosial ulikskap og korleis vi klarer å få fram dei «svake stemmene» (prosjektlear i kommune).

Sjølv om denne måten å legge opp medverknadsprosessane på til ein viss grad har mobilisert grupper som kan vere vanskelege å nå – som flyktningar, innvandrargrupper, barn mfl. – viser erfaringane frå Nærmiljøprosjektet at det generelt er vanskeleg å mobilisere eit breitt lag av folket, sjølv om ein bruker ulike medverknadsmåtar. Likevel ser vi at variasjon og tilpassing til målgrupper bidreg til at ein i større grad lukkast med brei mobilisering, enn viss ein nærmar seg medverknad på meir tradisjonell måte:

Variasjon må vi ha for først og fremst for å legge til rette for at folk på ulike måtar kan få seie si mening, men også for å prøve ut ulike måtar, for å finne ut kva som fungerer for å mobilisere. Så variasjonen har hatt fleire siktemål. Vi har fått veldig gode tilbakemeldingar på at vi kjem ut til folk. Heller enn at vi inviterer til idedugnad eller folkemøte i kommunesentrum. At vi er med i pensjonistforeiningsmøte eller møte i LHL, at vi deltek på møte som dei har. Det blir enklare enn at vi skal invitere og mobilisere til ein ekstra happening. Viss vi skal nå «dei andre», må vi drive slik oppsøkande verksemd. Sjølv om det er ressurskrevjande, så trur eg at vi får veldig mykje betre informasjon om korleis folk har det (prosjektlear i kommune).

Ei tilnærming, som mange kommunar har gode erfaringar med, er å gjennomføre medverknadsprosessar på etablerte arenaer/fora, der folk elles er. Det kan vere skular, barnehagar, pensjonistlag, grendelagsmøte, nærbutikkar, arbeidsmarknadsbedrifter, språkkafear for innvandrarar m.m. På den måten har ein fått i tale personar og grupper som ein truleg ikkje ville nådd dersom medverknadsprosessane skulle gå føre seg i fora og på arenaer oppretta spesifikt for føremålet.

Det vart lagt vekt på å møte innbyggjarane der dei var i sin kvardag. Trygge/kjente omgjevnader og at dei som snakkar med folk er kjent, synest å fremje deltaking (prosjektlear i kommune).

I somme tilfelle har ein delegert ansvaret for å gjennomføre medverknadsprosessar til tilsettgrupper som i jobbkvardagen sin møter ulike innbyggargrupper. Til dømes har dei som arbeider i skule, barnehage og i Utekontakten fått i oppdrag å snakke med målgruppene. I ein kommune har grendelaga hatt hovudansvar for gjennomføring av medverknadsprosessane:

Det viktige på grendemøta var heile tida å seie at det var deira møte og at vi frå kommunen var gjester. No er det litt sånn at kommunen får beskjed om å halde seg borte, og så kan grendelaget heller be om hjelp viss dei treng det. Slik er det i fleire grendelag (prosjektlear i kommune).

For å få forslag til kva som er gode metodar og arenaer for å mobilisere målgrupper ein gjerne vil ha i tale, kan det vere ein ide å rådføre seg med representantar for desse målgruppene, eller andre som kjenner målgruppene. Å bygge på slike erfaringar og lokalkunnskap kan vere føremålstenleg særleg for å nå såkalla «svake stemmer», eller grupper som i mange tilfelle er vanskeleg å mobilisere til deltaking.

## Sette folkehelse på dagsordenen



*Bilete frå Olderdalen barnehage, som var med i Nærmiljøprosjektet gjennom deltaking i medverknadsprosessar. Foto: Ole Alexander Saue/Mediehuset Sunnhordland*

### Utfordringar med å sleppe til på arenaer

Barn og unge har vore ei viktig målgruppe for prosjektet i svært mange av kommunane, og difor har skular og barnehagar vore sentrale samarbeidspartar. Men det kan vere ei utfordring å sleppe til og få bruke av skuletida:

Det å jobbe med barn – det å slippe barn inn i en slik prosess... Da vi gikk direkte i dialog med elevene fikk lærerne litt panikk, men vi lyktes i å få til kreative prosesser, og de voksne fikk hakeslepp når de så hva som gikk an å få til. Vi har sett at metodene egner seg like godt for voksne som for barn (prosjektleder fylkeskommune).

I dei tilfella barn og unge er målgrupper i medverknadsprosessar, og tilsette ved skular er skeptiske til å bruke av tida til slikt, kan det vere føremålstenleg å vise korleis medverknadsopplegget kan legitimerast som ein del av kompetansemål og læringsmål i skulen. Fagfornyninga i skulen er ei omfattande fornying av alle læreplanane i grunnskulen og dei gjennomgåande faga i vidaregåande. I fagfornyninga er demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling, folkehelse og livsmeistring sentrale tverrfaglege tema (Utdanningsdirektoratet, 2018). Ut i frå profilen til fagfornyninga skulle det ligge godt til rette for aktivitetar der medverknad er sentralt. Nærare samarbeid mellom Utdanningsdirektoratet og Helsedirektoratet om korleis ein kan arbeide med desse tverrfaglege tema i skulen, kan truleg bidra til betre rammer for samarbeid lokalt mellom skule/oppvekst og andre tenester i kommunen. Det må til for å fremje dei nye kompetansemåla i skulen.

## Forankre i kommuneorganisasjonen og i sivilsamfunnet

Tanken er at erfaringane med og kompetansen om medverknad frå Nærmiljøprosjektet, skal vere til nytte i kommuneorganisasjonen og for lokalsamfunnet også etter at prosjektet er ferdig. For å få det til har det i prosjektperioden vore viktig å forankre arbeidsmåtar både i kommuneorganisasjonen og i lokalsamfunnet elles. Kommunane i Nærmiljøprosjektet har involvert relativt breitt i eigen organisasjon når dei har arbeidd med medverknad. Men det er somme som meiner det er ein fare for at «alt som gjeld medverknad» i litt for stor grad blir knytt til éin person i kommunen. Ein av prosjektleiarane formidlar bekymringa slik:

Å få denne kunnskapen om medverknad inn i organisasjonen må eg jobbe med, og eg lurar på korleis eg skal legge det opp. Korleis vi skal systematisere det vi veit som har kome fram i prosessane. Skal vi lage ei handbok? Skal vi ha ressurspersonar i kommunen som skal ha spesiell kunnskap om kvalitative metodar og kunnskap? Eg må jobbe med desse spørsmåla overfor rådmann, politikarar osv. Eg må vere litt strategisk no med tanke på korleis vi kan halde trykket på dette no når prosjektet er over, og vi ikkje har prosjektet, og ikkje har nettverket osv. Kva skal mi rolle som folkehelsekoordinator vere i det vidare arbeidet med medverknad og samskaping? Dei (andre i kommunen) spør meg mykje no. Korleis tenker du som folkehelsekoordinator at vi skal gjere? Kva trur du? (prosjektleiar og folkehelsekoordinator i kommune).

Det er tydeleg at denne prosjektleiaren, som også er folkehelsekoordinator, er oppteken av utfordringane som kan kome når Nærmiljøprosjektet er over, og ho ikkje har nettverket med fylkeskommunen og dei andre kommunane. Særleg er ho usikker på korleis kommunen skal ta vidare det som har kome fram i medverknadsprosessane, og generelt korleis kommunen skal arbeide med medverknad framover. Dette er eit døme på at somme kommunar har arbeidd for lite med politisk og administrativ forankring i prosjektperioden, og at ansvaret for medverknadsprosessane kan ha vore for mykje knytt til den som har vore prosjektleiar. I dei fleste kommunane er det folkehelsekoordinatorar som har vore prosjektleiar, og i desse kommunane kan det føre til forventningar om at medverknad er folkehelsekoordinator sitt ansvar. Det kan hende at folkehelsekoordinator kan ha hovudansvaret for det, men vi ser det som viktig at fleire i kommuneorganisasjonen har eigarskap til denne måten å jobbe på.

Å forankre internt og breitt i kommuneorganisasjonen er viktig, men for å skape engasjement for deltaking og medverknad hos innbyggjarane, bør dei også involverast i planlegging og gjennomføring av medverknadsprosessane. Det kan gjerast til dømes ved å spele på lag med frivillig sektor. I nokre kommunar har grendelaga hatt ei slik rolle:

Dei fekk 200 kroner timen til grendeutvalet for arbeidet dei gjorde i prosjektet. I staden for at det skulle gå til konsulentar. Representantar frå grendelaga sat på butikken og registrerte innspel og synspunkt (prosjektleiar i kommune).

Ved å involvere frivillig sektor kan ein oppnå fleire ting. Ein får fleire aktørar å spele på, det kan krevje mindre ressursar frå kommunen og det kan auke engasjementet og oppslutnaden frå folket i kommunen.

## Korleis ta vidare innspela?

Ei av utfordringane med medverknad er å finne fram til måtar å drive medverknad på som mobiliserer til deltaking. Ei anna utfordring er å handtere innspela som kjem. Ei tredje utfordring er å ta hand om forventningar som vert skapte hos dei som deltek i medverknadsprosessar. Å ta omsyn til



desse utfordringane, og finne svar på korleis ein kan handtere dei, har dei ulike aktørane i prosjektet blitt meir bevisste på i løpet av prosjektperioden. Nokre prosjektleiarar formidlar tankane slik:

Vi tek sikte på å informere dei som har vore med når innspel frå medverknaden skal behandlast politisk eller på annan måte går inn i prosessar i kommunen (prosjektleiar i kommune).

Det som skjer i sjølve prosessen er så viktig. Ein ting er det som kjem av resultat, men det barn og unge og andre opplever gjennom deltaking er minst like viktig. Med å fokusere på kva ein gjer undervegs, så forstår dei som er med at det har ein verdi. Det kan tone litt ned det som gjeld kva som kjem ut av desse innspela. Vi har laga innspelsrapportar som vi har formidla tilbake til innbyggerane (prosjektleiar i kommune).

Når du ber om innspel og involvering, så må du ikkje legge det i ei skuffe. Uansett må det gjerast noko med det. Det kan vere at det ikkje kan gjerast nokon med. Men det må «sjekkast» ut av saka (prosjektleiar i kommune).

Med andre ord må dei involverte i medverknadsprosessar bli orienterte også når det viser seg at innspel og synspunkt frå medverknadsprosessar ikkje kan bli tatt vidare.

#### Systematisere, bearbeide og ansvarleggjere

I Nærmiljøprosjektet er det mange kommunar som har brukt mykje tid på, og til dels streva med, å handtere innspel etter medverknadsprosessar. Slike prosessar kan generere mykje informasjon, som det kan vere vanskeleg å systematisere på ein måte som gir mening i vidare arbeid. Det handlar i stor grad om metodekompetanse. Involverte utdanningsinstitusjonar har spelt ei viktig rolle med tanke på å bidra med kompetanse knytt til å systematisere og analysere tilfanget av data frå medverknadsprosessar:

Vi (i kommunen) har fått masse kunnskap om kvalitative undersøkingar; det å analysere kvalitative data. I starten tenkte jeg; «shit, de må ha ny prosjektleder! Hvor skal jeg begynne?» Jobba masse med dette: kategoriserte – fikk ikke noe svar ut av det. Steg 2; Hjelp fra universitetet med analysearbeidet (prosjektleiar i kommune).

Noko av føremålet med medverknadsprosessane i Nærmiljøprosjektet har vore at dei skal bidra til kunnskap om kva som gir trivsel og livskvalitet i nærmiljø. Å formulere spørsmål som eignar seg for det føremålet dei er tenkt til er ikkje så beint fram som ein ofte trur. Mange kommunar i Nærmiljøprosjektet har erfart det. Fleire prosjektleiarar trekker fram at ikkje berre datainnsamlinga, men også systematiseringsarbeidet i stor grad handlar om å stille dei gode spørsmåla.

Det å lære seg å stille dei rette spørsmåla for å finne ei god retning på delprosjekta og på medverknadsprosessane har vore svært nyttig (prosjektleiar i kommune).

Innspel og andre data som vert samla i medverknadsprosessar kan systematiserast og bringast vidare på fleire måtar. I Nærmiljøprosjektet er det mange gode døme på korleis det kan gjerast. Mange kommunar har utvikla gode framgangsmåtar for bearbeiding og systematisering. Såleis burde vi tatt med fleire døme i rapporten. Men fordi vi har avgrensa plass, må vi gjere eit utval, og har tatt med døme frå Bømlo og Stord kommunar, jf. tabellane 9 og 10.<sup>9</sup> Vestvågøy kommune og kommunar i Numedal har også laga ein innspelsrapport til kommuneplanarbeidet etter ein liknande logikk.

Døma viser god systematikk med tanke på korleis innspel kan kategoriserast, og dei viser at andre aktørar enn kommunen også kan involverast i å følgje opp innspel. Både privat sektor og frivillig

---

<sup>9</sup> Bruk av døma er klarert med prosjektleiarane i Bømlo og Stord.

sektor kan spørjast. Døma er ikkje tekne med fordi vi meiner alle innspel frå alle typar medverknadsprosessar kan kategoriserast på same måten, men fordi dei viser ein logikk som kan brukast i andre samanhengar i andre kommunar.

Tabell 9 Kategorisering, ansvar og oppfølging av innspel. Døme frå Bømlo kommune.

## Kategorisering, ansvar og oppfølging av innspel

Kategorisering av samla innspel på Moster 2017 og 2018

Innspel MGU kan følgje opp i lag med innbyggjarane	Innspel til kommuneplanarbeidet	Innspel innan Helse	Innspel innan skule OKI	Innspel trafiksikring kommunen/SVV	Innspel kollektiv - Skyss	Innspel næringsliv
Brakar tilboda som ligg der i dag. Vera besøksvenn Sosiale møteplasser. Utvikle hagedagar som eit fast innslag og kystkultur	Områder til eldebustader i sentrum, og med sjøutsikt Sentrumsnære bustadar	Div. innspel ang. Servicesenteret	Mobbing	Generell mangel på sykkel, gangeveg og lys	Kollektivtilbodet, generelt	Industriutvikling lokalt
Ungdomsklubben også i framtida har gode vilkår/lokaler, ungdomsklubb kvar dag. Fritidstilbod for born med ulike aktivitetar	Område aktuelt til tursti Plan for gamle ferjekai-bubilpark, gjestehavn	Gode kommunale tilbod ,lege, aldersheim, tannlege	Badebasseng Skeisebane - myrane mellom Totland og Grindheim	Spesifikke vegstrekke	Manglande korrespondanse på Gassasundet.	Båthavner. fleire og service for båtindustri
Samarbeid m ulike lag og organisasjonar, Sommerkafe i Tollhagen? Samarbeid med Bømlo teater Framsnakke og syne fram bygda	Område for allmen ferdsel, tilrettelegging for m.a. badeaktivitetar - Tilgang til sjø Legge til rette for båtturisme	Organisering av tilbodet på Moster	Redsel for å miste ungdomstrinnet Nokre av ungdommen har angitt at dei ynskjer å bytte skule ved ungdomstrinnet	Trygge skuleveggar	Minibuss ruter morgon og kveld til og frå sentrum på Moster	Brake gamleskulen Treningsenter/studio Kafe
Meir bruk av Service senteret. Det er viktig å tenkja på og bruka pensjonister, og sjå på dei som ein ressurs Plastrydding Hagedagar, marknadsplass	Sentralt servicetilbod for heile livsløpet Fleirbrukshall med basseng Flytte sentrum tilbake til Mosterhamn – alt har krøpe på land	Omsorgsbustader med heildøgns bemanning Fleire eldebustader	«Rosehage Vetahaugen» 2024		Få snøggåten tilbake Gode busstilbod at borna kan gå på aktivitetar over heile Bømlo	
Ulike turstiprojekt, også universelt utforma tursti Bruke sosiale nettverk og media meir, invitera folk	Sikre og utvikle turløyper		God skule og barnehage			

Tabell 10 Kategorisering, ansvar og oppfølging av innspel. Døme frå Stord kommune.

## KATEGORISERING AV INNSPEL I HØVE TIL ANSVARLIGE AKTØRAR

Frivillige lag/ innbyggjargrupper	Næringsdrivande	Kommuneleiinga/ kommunale tenester	Kommuneplan samfunnsdel	Kommuneplan arealdel
Fremje inkludering i nærmiljø og idrettslag	Kafé/kaffibarar i tilknytning til nærbutikken	Samlingar for skuleelevar på tvers av skular/område	Aktive og livskraftige bydelshus/ grendahus i kvar bydel	Opne møteplassar for ungdom
Fremje bruk av lokale tilbod/tenester	Festivalar, større arrangement	Tilgjengeleg informasjon til arbeidsøkjande om aktuelle tilbod	Ungdomsklubb/hus i kvar bydel	Plass til nye idrettar/aktivitetar ved idrettsanlegg
Etablere møteplass i vellag og burettslag	Pub-tilbod på Heiane	Organiserte fellesdugadar	Oppretthalde etablerte tilbod/tenester utanfor sentrum	Fleire parkar/grøntområde i sentrum og tettbygde område
Vedlikehald/opprusting av nærmiljøanlegg/ leikeplassar	Drive-in kino i Sagvåg	Enkel søknadsordning for tilskot til nærmiljøanlegg	Etablere rådgjevande utval for estetikk og lokal byggeskikk	Nærmiljøanlegg i alle bustadområde
Open kiosk/kafe med sitjeplassar ved utandørs idrettsanlegg	Torg med overbygde sitjeplassar i Sagvåg sentrum	Lokal kafé/møteplass for eldre, gjerne saman med ungdom	Unngå sentralisering. Styrke tilboda i bydelane	Barnehage og barneskule i alle oppvekstområde

Alle innspel er kategoriserte utifrå kvar tiltaket kan forankrast, og er formidla skriftleg til dei aktuelle aktørane. Innspel til planlegging er samla i innspelsdokument i saksmappane til planprosessar som er på gang og til framtidige planprosessar. Innspel til næringsaktørar og frivillige lag er sendt som brev til dei.

Å systematisere og kategorisere innspel frå medverknadsprosessar på denne måten har også den funksjonen at dei som har vore med i prosessane vert orienterte om kva som er gjort med bidraga som er samla og kartlagde i medverknadsprosessane. Altså er det ei form for tilbakemelding til dei som har deltatt. Tanken med denne tilnærminga vert formidla slik frå ein prosjektleiar:

Det er difor lagt vekt på at alle innspel skal bli høyrte og formidla til dei som skal ta avgjersler. Prosjektgruppa har utarbeidd rapport med presentasjon av innbyggjarane sine innspel. Denne innspelsrapporten er tilgjengeleg for innbyggjarane på kommunen si nettside. Rapporten er sendt til strategisk leiing og einingsleiarane, og er formidla som referatsak til alle politiske utval. Prosjektarbeidet og kunnskapen det har gitt er presentert for kommunestyret to gonger. Rapporten har også fått omtale i lokale medium. Skulane og barnehagane har laga utstillingar og felles innspelpresentasjonar der administrativ og politisk leiing, einingsleiarar og fagpersonar har delteke (prosjektleiar i kommune).

### Konsulentar, eller?

I ein del tilfelle vert det hyra inn konsulentar til å gjennomføre medverknadsprosessane. Det kan vere grunn til å vurdere dette i lys av forankring og erfaringsbygging i eigen organisasjon. I ein kommune gjorde ein denne erfaringa:

I vår kommune har man leid inn eksternt firma til å holde workshop, men fant ut at vi ikke trenger det. Fant heller ut at det er bedre å heve kompetansen internt i kommunen og har laget vår egen veileder for medvirkning. Denne bidrar til å skape bedre samordning på tvers. Kjørte flere workshops internt for å øke kunnskapen om dette (prosjektleiar i kommune).

Det er eit poeng at eksterne bidrag gjennom konsulentar kan tilføre nye impulsar og inspirasjon, og det kan vere eit trekkplaster, som mobiliserer til deltaking. Å bruke eksterne konsulentar med spesiell kompetanse om medverknad, kan også bidra til læring hos tilsette i kommunen. Om det beste er at kommunen bruker eigne folk til å gjennomføre medverknadsprosessane, eller om det er meir føremålstenleg å hyre inn folk/ekspertar utanfrå, har vi ikkje grunnlag frå denne evalueringa til å seie noko klart om. Men uansett er at det er viktig å tenke gjennom kvifor ein vel det eine eller det andre alternativet. Vi meiner at med det trykket som er på deltaking og medverknad, er det eit poeng at kommunen sjølv har, eller utviklar, kompetanse om medverknad. Kommunane i Nærmiljøprosjektet har no omfattande erfaring med mange ulike medverknadsmåtar, og det er lagt eit svært godt grunnlag for vidare arbeid med medverknad, utan at det må brukast eksterne konsulentar.

### Politikarar i medverknadsprosessar

For å skape forankring av Nærmiljøprosjektet og ideane som ligg til grunn for det, har det vore lagt vekt på å involvere politikarar i prosjektet. I mange kommunar har det vore gjort gjennom å inkludere politikarar i styringsgruppe, referansegrupper eller prosjektgrupper. Å trekke politikarar inn i medverknadsprosessar har vore ein annan måte å forankre på. Til dømes har politikarar, på lik line med andre innbyggjarar, vore deltakarar i medverknadsprosessar. I andre tilfelle har politikarar, i lag med prosjektleiarar og andre, bidrege i gjennomføring av prosessane. Dei har snakka med folk, hatt ope ordførarkontor, vore med på skulebesøk osv.



Auka vekt på medverknad som grunnlag for planar og avgjerder i kommunane, inneber at ein må kombinere det representative demokratiet (valde politikarar) med deltakardemokratiet (innbyggjarane blir høyrde) (Klausen mfl., 2013, Nyseth & Ringholm, 2018)). Deltakardemokrati kan vere eit supplement til det representative, ved at det kan bidra til at fleire stemmer kjem til og blir høyrde. Deltakardemokrati kan også bidra til å styrke det representative demokratiet ved at dei valde politikarar får betre grunnlag for avgjerder ved at dei samhandlar med innbyggjarane rundt politikuttforming.

Det kan vere at politikarar kan kjenne seg forplikta til å ta omsyn til det som kjem fram i medverknadsprosessar, og som kanskje ikkje er i samsvar med partiprogram, og politikarar sine meiningar om utbyggingar, bruk av areal eller anna. I vårt politiske system er det dei valde politikarane som tek avgjerdene, sjølv om det har vore omfattande medverknadsprosessar. Klausen mfl. slår det fast på denne måten:

Det er opp til politikerne å vurdere og vekte ulike innspill med tanke på hvem som er mest berørt. Denne vektingen og veiingen vil politikerne måtte gjøre som hele kommunens representant – de påligger dem altså et ansvar for ikke bare å anvende prinsippet om berørthet, men å vurdere konsekvenser av et vedtak for alle kommunens innbyggere, også på lang sikt (Klausen mfl. 2013:175).

Politikarar vi har snakka med, og som har vore involverte i Nærmiljøprosjektet, er bevisste på denne balansen, og gir uttrykk for at dei oppfattar medverknad som eit føremålstenleg supplement til det representative demokratiet:

Det er viktig å holde fokus på at det er politikerne som vedtar planene til syvende og sist. Det er viktig hvordan man forholder seg til medvirkning og de innspill som kommer inn. Mye må håndteres i tråd med lovverket og mye er av en art som det er opp til politikerne å styre og gjøre vedtak på. Det er imidlertid viktig at de politikerne som går inn i slike roller, er erfarne og er opptatt av å søke konsensus i stedet for å fremme partipolitikk. Må vere i generalistrolla i slike sammenhenger (politikar i kommune).

Det er jo klart at det er jo en gråsoner her. Man skal jo kunne ha to tanker i hodet samtidig. Ellers lever de medvirkningsprosessene sitt eget liv uten politisk forankring. Her må politikken og prosessene med medvirkning gå hånd i hånd. Det handler om å ta det inn over seg og gjøre ting på en litt annen måte neste gang. Medvirkning er politisk initiert i prosjektene gjennom vedtak i kommunestyret og da er spørsmålet: Hva er det prosjektet skal avklare og hva er det som trenger politisk sanksjonering? Viktig å finne grunnlag, samtidig som det er viktig at folk blir hørt. Politikerne må samtidig ikke bli overkjørt. Altså viktig å finne balansen (politikar i kommune).

Prosjektleiarar i Nærmiljøprosjektet regionalt og lokalt har også gjort seg tankar om politikarar sine roller i medverknadsprosessar:

Tror at det lønner seg å jobbe tett opp mot politikerne og diskutere innspill fra medvirkningsprosessene. Har fått en økt bevissthet om hva det betyr. Oppnådd breiere begeistring. Har oppnådd en forpliktelse internt til å få med seg befolkningen og ser på innspill fra dem som like viktige som det fagfolkene bidrar med. Det har vært viktig å skape gode rammer (rapport frå fylkeskommune).

Lokalsamfunnsturnè er gjennomført - der politikerne har vært involvert. Dette har vakt interesse. I slike sammenhenger er det viktig å være bevisst på politikerrollen, dvs. at man ikke inntar en «typisk» politikerrolle, ikke kupper møtene for eksempel. Man har hatt noen

runder på dette. Føler at man har en gryende forståelse for dette og at klima endrer seg. At det går an å spille hverandre gode (prosjektleder i kommune).

Det er grunn til å vere merksam på dilemma knytte til at valde representantar involverer seg på andre lokaldemokratiske arenaer enn dei som er knytte til det representative demokratiet (utval, politiske parti, kommunestyre osv.). Men vår vurdering - basert på det som har skjedd i Nærmiljøprosjektet - er at politikarar er bevisste på kva rolle dei kan og bør ha når dei på ein eller annan måten er involvert i medverknadsprosessar. Vårt inntrykk er at politikarinvolvering kan gi medverknadsprosessar større legitimitet og bidra til større mobilisering og auka engasjement hos dei ein vil ha i tale.



Foto: Bjørn A. Enoksen



Foto: Jan Ivar Bøe, Akershus fylkeskommune

*Korleis ein ikkje bør og kanskje bør, gå fram for å fange politikarar si interesse for nærmiljøarbeid - Illustrasjonsbilete*

Vi meiner også at det å involvere politikarane i medverknadsprosessar i samband med at ein samlar data til kunnskapsgrunnlaget, kan vere ein god måte å dokumentere verdien av folkehelsearbeidet på. Ikkje minst fordi vi veit at det å dokumentere verdien av førebyggjande og helsefremjande arbeid lokalt kan vere ei krevjande oppgåve.

### Generelle erfaringar med medverknad

Delmålet om å prøve ut og utvikle medverknadsmåtar, er det som i størst grad har vore arbeid med i deltakarkommunane i Nærmiljøprosjektet. Somme tenkte at dei hadde god kompetanse om medverknad når dei gjekk i gang med prosjektet, men dei fekk ei anna oppfatning når dei sette i gang:

Mange aktørar her tenkte at «dette kan vi». Men etter kvart som prosjektet har gått framover, trur eg fleire erkjenner at dei ikkje kunne så mykje om det likevel, og det har skjedd svært mykje læring på det feltet i kommunane. Ikkje minst planleggarane (prosjektleder i kommune).

Positive erfaringar med medverknad kjem mellom anna til uttrykk på denne måten:

Eg vil påstå at det har endra meg. Eg vil jobbe veldig for at større arealplanar bør ha meir medverknad i seg. Veldig ofte så seier vi at vi skal ha identitet i prosjekta. Ofte ser vi på kva historisk har skjedd, og så brukar vi det som ide i prosjektet. Men identitet er minst like mykje det som skjer her og no, og kva dei som bur her, her og no, er opptekne av. Difor må vi ta meir omsyn til dei som bur der. Men eg trur det tilfører mykje kvalitetar i eit prosjekt, i ein plan (planleggar i kommune).

Prosjektet har gitt bedre innsikt i og erfaring med flere mulige metodetilnærminger og måtar å systematisere og analysere dataene på. Det viser at det er nødvendig å gå i dybden på noen utvalgte områder for å komme til kjernen og se sammenhenger, slik at det gjør det mulig å finne bedre og mer treffsikre tiltak med stor grad av medvirkning (rapport frå fylkeskommune).

Vi lærer noko om kvar vi kan legge lista for at det skal vere handterleg å drive medverknad. Vi kan bygge på dette vidare i program for folkehelse som vi har kome med i. Det er eit steg på vegen det som har skjedd i Nærmiljøprosjektet. Vi ser lyst på det med medverknad framover, men vi er også realistiske med tanke på kva vi kan få til (prosjektlear i kommune).

Folkehelsekoordinatorar, planleggarar og andre i kommunane er klar over at det å invitere til medverknad for å få innspel og synspunkt, skaper forventningar hos dei som bidreg. Dei som blir mobiliserte i medverknadsprosessane må få tilbakemeldingar og bli orienterte om kva som skjer, eller ikkje skjer, med utgangspunkt i prosessane som er gjennomførte. Ein prosjektlear oppsummerer sine erfaringar slik:

Framover må vi jobbe meir for å skape tillit, slik at dei vi spør vil bidra. Vi må få dei til å forstå kvifor det er bra å snakke med oss i kommunen. Så må vi følgje opp og gi tilbakemeldingar.

Medverknad er ikkje nytt for deltakarkommunane, og dei har hatt erfaringar å bygge på. Men evalueringa viser at deltaking i Nærmiljøprosjektet har bidratt til meir aksept for medverknad enn det var tidlegare, både hos innbyggjarane, politikarar og i kommuneorganisasjonen. Sitata nedanfor illustrerer godt generelle erfaringar frå Nærmiljøprosjektet når det gjeld arbeid med medverknad:

Vi har vel lært at det i mange tilfelle kan vere ein fordel å bruke etablerte arenaer og infrastruktur i medverknadsprosessar; Ungdomsråd, elevråd, klassens time osv., for å få barn og unge med. Vi bør vere på ein etablert arena. Det er vanskeleg å mobilisere til deltaking på ettermiddagstid. Når vi går inn i skulen og gjennomfører prosessane der, så når vi fleire enn vi ville gjort dersom arrangementa var på ettermiddagstid (prosjektlear i kommune).

Vi har god erfaring med å bruke ulike medverknadsmåtar, fordi dei vil gi variasjon med tanke på kven som vert mobiliserte og dermed også når det gjeld kva informasjon vi får inn (prosjektlear i kommune).

Når det gjeld planlegging og medverknadsprosessar, så har det verkeleg vore ei vitamininnsprøyting å vere med i Nærmiljøprosjektet (planleggar i kommune).

Etter å ha følgt kommunane i Nærmiljøprosjektet i over tre år, er det vårt inntrykk at medverknadsprosessar i mange tilfelle vert sette i gang utan at det er brukt særleg tid på å vurdere kvifor ein bruker den metoden ein har valt, og kva prosessen skal bidra til svar på. I løpet av prosjektet har aktørar i kommunane blitt meir bevisste på desse utfordringane, og vil ta dei med seg i det vidare arbeidet med medverknad. Vi meiner at det generelt kunne vore lagt endå meir vekt på å reflektere over kva for ein metode ein skal bruke og kvifor. Variasjon, tilpassing til målgrupper og lokal kontekst er sentrale stikkord i medverknad. Medverknad kan gjerne gjennomførast utan å bruke ferdigutvikla metodar «som heiter noko», for å sitere ein informant.

Ikkje minst er vurderingar knytte til variasjon og tilpassing til målgrupper nødvendige for å fremje deltaking blant personar og grupper som det er vanskeleg å mobilisere i slike prosessar. Det kan vere dei såkalla 'svake stemmene', folk som er utrygge på kva det inneber å delta, folk som er skeptiske til slike prosessar, eller av andre grunnar ikkje deltek. For å nå måla om å utjamne sosiale skilnader og fremme ei berekraftig utvikling, må medverknadsprosessane i større grad mobilisere til deltaking frå eit endå breiare lag av folket.

## Medverknadsprosessar – sentrale moment

I Nærmiljøprosjektet har det vore arbeidd svært godt med medverknadsprosessar, og mange ulike tilnærmingar, metodar og verktøy er prøvde ut. Utifrå erfaringane i Nærmiljøprosjektet, er det nokre generelle spørsmål vi meiner det er føremålstenleg å ta omsyn til før, undervegs og i etterkant av medverknadsprosessar.

### Relevante spørsmål i medverknadsprosessar

1. Kva veit vi om temaet/området/utfordringane frå før?
2. Kva vil vi finne ut meir om/utforske, og kvifor?
3. Skal medverknadsprosessane vere retta mot ein konkret plan eller avgjerd?
4. Kven er målgruppa, og kven bør medverke? Kvifor må desse vere med?
5. Kan vi ta målgruppene med i planlegginga av prosessen? Korleis kan dei vere med der?
6. Kva medverknadsmåte er beste eigna for målgruppa og for kva vi vil vite noko om? Bør vi bruke fleire ulike måtar?
7. Kva arena bør vi bruke?
8. Kven skal vere ansvarleg for prosessen? Kommunen og/eller andre?
9. Kvifor gjennomførte vi den medverknadsprosessen/dei prosessane?
10. Kva spørsmål har vi fått svar på?
11. Kva har vi fått av kvalitativ kunnskap som kan inngå i kommunal folkehelseoversikt? Kva er dei største utfordringane og dei viktigaste påverknadsfaktorane?
12. Kva veit vi no om kva som bidreg til trivsel/livskvalitet, ut i frå dei data vi har samla inn?
13. Kva har vi ikkje fått svar på, men som vi kanskje trudde vi skulle få svar på?
14. Korleis held vi deltakarane orienterte om det som skjer med bidraga deira?

Tidlegare i rapporten omtalte vi årsaker til at innbyggarmedverknad er viktig, slik som at det gir betre kunnskapsgrunnlag for målretta planarbeid og at det er ein demokratisk rett. Ei anna side ved innbyggarmedverknad er at det bidreg til engasjement og tilhøyrslø. Å oppleve tilhøyrslø bidreg i neste omgang til engasjement. På den måten kan medverknad bidra å styrke befolkninga slik at behovet for tenester kan reduserast. Det er vårt inntrykk at denne sida ved medverknadsperspektivet generelt har vore lite vektlagt i norske kommunar. Dette gjeld også, med nokre unntak, i Nærmiljøprosjektet. Medverknad må ikkje eine og åleine bli eit verkemiddel for at innbyggerane skal fremje ønske, synspunkt og behov, men også for å skape engasjement og bidra til at folk tek ansvar for sjølve å gjere det dei kan for å skape trivsel i sine nærmiljø.

## Mål 4. Å utvikle tiltak som tek utgangspunkt i utfordringane lokalt og regionalt

Eit fjerde delmål i Nærmiljøprosjektet har vore å utvikle tiltak som tek utgangspunkt i lokale og regionale utfordringar. Kva som er aktuelle tiltak skal mellom anna bygge på det som kjem fram i medverknadsprosessar når det gjeld utfordringar og nærmiljøfaktorar som folk meiner er viktige for trivsel og livskvalitet. Midlar frå ordninga skulle ikkje finansiere igangsetjing, gjennomføring eller drift av tiltak.

## Mange tiltak

Sjølv om midlane i prosjektet ikkje skulle finansiere tiltak, var det ein del kommunar som gjekk direkte i gang med tiltak, basert på utfordringar dei kjende til frå før eller frå medverknadsprosessar tidleg i prosjektperioden:

Vi visste ikke at pengene skulle gå til prosess, så vi gikk rett på tiltak (prosjektlear i kommune).

Det er stor utålmodighet etter å gjøre konkrete tiltak og ikke bare kartlegge (prosjektlear i kommune).

Det er en balansegang mellom rom for innspill og tid til oppfølging. Har masse arbeid med å følge opp innspill - viktig å gå til tiltak på kort sikt (prosjektlear i kommune).

I første del av Nærmiljøprosjektet var det ein del kommunar som ikkje hadde oppfatta at tilskotta ikkje skulle finansiere tiltak, og at utvikling av tiltak helst skulle kome som ei følgje av medverknadsprosessar. Ideen var altså at tiltak skulle utviklast, og kome som resultat av ein systematisk prosess – gjennom medverknad via kommunal folkehelseoversikt til planar og tiltak. Ein slik tankegang er sentral i folkehelselova og i plan- og bygningslova.

At innbyggerane ser raske resultat av prosessar dei er involverte i, kan gi større tru på at det nyttar å delta, noko som kan bidra til større mobilisering i andre samanhengar. Men slike enkelttiltak må ikkje ta over for å sjå planar og avgjerder i ein større samanheng.

Det er mange konkrete tiltak som er gjennomførte, fleire tiltak er i kjømda, og variasjonen er naturleg nok stor. I denne evalueringsrapporten kan vi ikkje ta med oversikter over alle tiltaka, så vi viser til rapportar og dokumentasjon frå fylkeskommunar og kommunar som ha vore med i Nærmiljøprosjektet.



*Det er stor breidde i tiltak som er sette i verk i eller som resultat av Nærmiljøprosjektet - Illustrasjonsbilette*

Medverknadsprosessar, der innbyggerane eller grupper av innbyggjarar har vore med, skaper forventningar om at noko skal kome ut av prosessane dei er med i. I nokre tilfelle kan det følgjast opp med tiltak på kort sikt, i andre tilfelle må det ligge til grunn ein plan før det kan følgjast opp med tiltak som kan bli realiserte på litt lengre sikt. I dei tilfella der det er nødvendig med planforankring, er det særleg viktig at dei som har medverka i prosessane er orienterte om korleis det som kjem fram i prosessane vert følgt opp, eventuelt ikkje vert følgt opp. Ikkje minst er det viktig for barn, som gjerne har andre tidsperspektiv enn unge og vaksne. Ein prosjektlear seier det slik:

Brukarmedverknad er «ferskvare» og vi ønskjer at barna skal kunne kjenne seg igjen i resultatata. Difor hastar det med å vise dei at vi tek dei på alvor, og at dei får oppleve at alt arbeidet har ein verdi og blir realisert (prosjektlear i kommune).

Det gjeld å finne ein balanse mellom tiltak som kan gjennomførast på kort sikt og det langsiktige systematiske folkehelsearbeidet. Nedanfor er eit døme frå Levekårsløftet på Storhaug i Stavanger. Det viser breidda i tiltak som kan bidra til eit levekårsløft.



## Levekårsløft i praksis

### Noen eksempler

#### SOSIALE TILTAK:

- «Eg vil lære!» – En god skolestart = en fullført skolegang
- Fritid for alle – Opplevelseskortet
- Lavterskel treningstilbud i Storhaug-hallen
- Integrering gjennom idretten – Folkepulsen

#### FYSISKE TILTAK:

- Opprustning av uterom som park og aktivitetsområde på Kyviksmarka, klatreskulpturen Bøygen og dam- og trimpark i Emmaus
- Belysning i Badedammen
- Nabolagshager
- Et grønnere Storhaug – kartlegge hvor det kan plantes mer

#### MILJØMESSIGE TILTAK:

- Nabolagsarbeid og omdømmebygging på Midjord
- Tilskuddsordning til store og små nærmiljøtiltak
- Utprøving av medvirkningsopplegg – opprustning av Blåsenparken
- Utvikle nettportal for mobilisering av dugnadsinnsats

#### «PÅ-TVERS-JOBING»:

- Bydelsgruppe med beboere, bydelspolitikere, frivillighet og næringsliv
- Bydelskontor – kommunens tilstedeværelse i bydelen
- Samarbeid mellom avdelinger/ fagstaber i kommunen
- Konsulentbistand fra LÉVA Urban Design

*Bilete frå informasjonsheftet om Levekårsløft på Storhaug bydel i Stavanger kommune*

### Tiltak på systemnivå

Nokre av dei intervjuja prosjektdeltakarane kritiserer at presentasjon av fysiske tiltak, som bygging av leikeplassar, bruk av uterom m.m., tok stor plass på samlingar i Nærmiljøprosjektet. Dei opplever at andre typar tiltak, som nettverksbygging, kompetansebygging, utvikling av plan- og prosesskompetanse og erfaringar med medverknadsprosessar – altså tiltak på systemnivå, vart formidla i mindre grad. For «tiltak som tek utgangspunkt i utfordringar lokalt», som det heiter i målformuleringa, kan også vere tiltak for å koordinere og samordne innsats, utvikle rutinar for medverknad i kommunen og å drive utviklingsarbeid internt i kommunen. Nokre kommunar konkluderer med at viktige tiltak for å møte utfordringane i kommunen nettopp er tiltak på systemnivå. Som døme kan nemnast at ein kommune skal gjennomføre ei undersøking blant tilsette i kommunen om kva dei tenker og meiner om medverknad i planarbeid. Ein annan kommune er i gang med å prøve å samordne innsatsen betre mellom tenester i kommunen. Ein tredje kommune har etablert rutinar for medverknad i kommunalt plan- og utviklingsarbeid.

## Mål 5. Kompetansebygging i samarbeid med utdannings- og forskingsmiljø

Kompetansebygging i samarbeid mellom fylkeskommunar, kommunar og regionale utdanningsinstitusjonar er det femte delmålet i Nærmiljøprosjektet. Eit krav for at fylkeskommunane skulle få midlar frå Helsedirektoratet til deltaking i prosjektet, var at det var inngått intensjonsavtale om samarbeid med eit regionalt utdannings- og forskingsmiljø, UH-miljø. Tabell 11 viser kva utdannings- eller forskingsinstitusjon dei ulike fylkeskommunane har hatt samarbeidsavtale med innanfor Nærmiljøprosjektet.

Tabell 11 Utdannings-/forskinsinstitusjonar i Nærmiljøprosjektet

Fylkeskommune	Utdannings-/forskinsinstitusjon med avtale
Buskerud	Universitetet i Sørøst-Norge, USN
Finnmark	Norges arktiske universitetet, Tromsø, UiT
Hordland	Høgskulen på Vestlandet, HVL
Møre og Romsdal	Høgskulen i Volda, HVO
Nordland	Nordlandsforskning
Rogaland	Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling, HBL
Vestfold	Universitetet i Sørøst-Norge, USN
Østfold	Høgskolen i Østfold

Kriterium som låg til grunn for fylkeskommunane sine val av utdanningsinstitusjonar var geografisk nærleik, tidlegare erfaring frå samarbeid mellom fylkeskommune og utdanningsinstitusjon, og/eller at utdanningsinstitusjonen hadde relevante fagmiljø og kompetanse. Somme fylkeskommunar og kommunar har samarbeidd også med andre kompetansemiljø enn dei hadde samarbeidsavtale med. Andre kompetansemiljø som har vore involverte i Nærmiljøprosjektet er:

- Norges miljø- og biovitenskapelige universitet - NMBU
- Cititek
- COurban Design Collective
- Design og arkitektur Norge - DOGA
- Telemarksforskning
- Utviklingskompetanse AS
- Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet - NTNU

Utgangspunktet for å samarbeide med fleire kompetansemiljø var å få tilgang til spesifikk kompetanse, som avtaleparten ikkje hadde. Å samarbeide med fleire, tilførte også meir kapasitet i ulike deler av prosjektet. Desse samarbeida er ikkje undersøkte og evaluerte på same måte som samarbeida som er avtalefesta jf. tabell 11. Men aktørar i fylkeskommunar og kommunar formidlar at dei har svært gode erfaringar med desse samarbeida. Å samarbeide med fleire kompetansemiljø har gitt breidde i tilfanget på faglege og metodiske perspektiv, som har kome dei lokale prosjekta til gode.

«Samarbeid», «regional» og «kompetansebygging» er stikkord knytte til delmål fem i prosjektet. Ideen er at fylkeskommunar, kommunar og utdanningsinstitusjonar skal samarbeide, noko som inneber bidrag frå alle partar. Føremålet er at samarbeidet - i den enkelte regionen - skal bidra til å styrke kompetansen om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer trivsel og livskvalitet, regionalt og lokalt. Kompetansebygging knytt til medverknad, nærmiljøarbeid, planlegging og systematisk arbeid med folkehelse har såleis vore sentralt i samarbeidet.



## Ulike tilnærmingar til følgje-med-rolla

Det var ingen eintydige føringar på korleis samarbeidet om kompetansebygging skulle skje. Frå Helsedirektoratet si side var det forventat at dei regionale institusjonane skulle ha ei følgje-med-rolle, men det var opp til fylkeskommunar og kommunar korleis det skulle skje. Det opna for ulike måtar å gjere det på. Alle utdannings- og forskingsinstitusjonane har deltatt på regionale og nasjonale konferansar og samlingar i Nærmiljøprosjektet, men elles har rollene vore ulike. Nordland fylkeskommune valde å legge vekt på evaluering av aktiviteten i Nærmiljøprosjektet, og lyste ut ei ekstern evaluering, som Nordlandsforskning fekk tilslag på (Andrews & Antonsen, 2019). Samarbeid med kommunar og fylkeskommunar om kompetansebygging undervegs i prosjektet var ikkje ein del av den avtalen. Nordlandsforskning har dermed ikkje hatt ei følgje-med-rolle på den måten utdanningsinstitusjonar i andre fylke har hatt. Dei har mellom anna ikkje hatt ei rolle som dialogpart for kommunane. Buskerud og Vestfold hadde avtale med Universitetet i Sør-Øst Norge, og der vart det lagt vekt på å følgje med på og evaluere sider ved Nærmiljøprosjektet som først og fremst gjaldt medverknadsperspektivet (Stang & Lorentzen, 2019a og 2019b).

I dei andre fylka har utdanningsinstitusjonane spelt ei rolle overfor kommunane og fylkeskommunane meir direkte, ved at dei har bidratt på regionale samlingar og vore på besøk i enkeltkommunar og bidrege i ulike prosessar der. I Hordaland har samarbeidet særleg vore knytt til ein konkret medverknadsmetode, som heiter ABCD-metoden (Agdal & Midtgård, 2019). I Finnmark har representantar frå universitetet besøkt kommunar særleg for å samarbeide med kommunane om å systematisere og analysere data frå medverknadsprosessar. Det har til dels også vore gjort i Rogaland, Møre og Romsdal og Østfold. I tillegg har utdanningsinstitusjonar i dei fylka bidrege med faglege innlegg på samlingar, og elles vore i dialog med enkeltkommunar etter behov. I Hordaland, Østfold og Møre og Romsdal har også studentar ved utdanningsinstitusjonane vore involverte i prosjektet. Studentar har bidrege i datainnsamlingar og medverknadsprosessar, og dei har skrive masteroppgåver og bacheloroppgåver basert på aktivitet i Nærmiljøprosjektet. Østfold har ein samarbeidsmodell der fylkeskommunen bidreg til å finansiere ei stilling knytt til folkehelse ved Høgskolen i Østfold. Erfaringane med denne er gode, og i løpet av 2019- 2020 skal det publiserast ein rapport der erfaringane med dette samarbeidet er tema.

## Erfaringar med samarbeidet om kompetansebygging

Samarbeidet om kompetansebygging har i stor grad funne si form undervegs. Somme meiner den fleksibiliteten har vore positiv:

Rollen var i liten grad forhåndsdefinert av Helsedirektoratet, derfor har den gradvis utviklet seg og funnet sin form underveis. Det har vært en fordel med en frihet i hvordan rollen skulle fylles (prosjektleder i fylkeskommune).

Mykje av samarbeidet i Nærmiljøprosjektet har skjedd på dei regionale nettverkssamlingane, som fylkeskommunane har teke initiativet til. I nokre fylke har representantar frå utdanningsinstitusjonane også vore på besøk i kommunane. Som vi kan sjå av sitata nedanfor, er det gode erfaringar med samarbeidet:

Det har bidratt til å løfte de funnene lokalt, kople opp mot forskning – det har jeg likt veldig godt. Knytte det opp mot mer generell forskning. Veldig interessant å se våre funn opp mot livskvalitet, lykke og psykisk helse. Kople opp mot aggregert nivå og teori. Positivt å få oppmerksomhet og å kunne diskutere våre problemstillinger med dem. Få et blikk utenfra (prosjektleder i kommune).



Vi har fått masse kunnskap om kvalitative undersøkinger; det å analysere kvalitative data. I starten tenkte jeg; shit, de må ha ny prosjektleder! Hvor skal jeg begynne? Jobba masse med dette: kategoriserte – fikk ikke noe svar ut av det. Steg 2; Hjelp fra universitetet med analysearbeidet. Ho jobba med oss på den måten at vi skulle sette data inn i konteksten. Bruke konteksten vi har og som vi står i. Kjennskapen til kommunene, analysemåter, som når de sa det, i den konteksten de var i, hvordan kan man se det i lys av *det* igjen. Ho (universitetet) drog oss gjennom dette med å reise spørsmål, få oss til å tenke (prosjektleder i kommune).

I nokre tilfelle knytte fylkeskommunen vilkår til kommunane for at dei skulle få besøk frå utdanningsinstitusjonen:

Forutsetningen var at kommunene etablerte en tverrfaglig/tverrsektoriell arbeidsgruppe og at prosjektet ble forankret i ledelsen. Det ble stilt krav om at ved kommunebesøkene (dialog og prosessveiledning) måtte hele arbeidsgruppa og kommuneledelsen delta (rapport frå fylkeskommunen).

Informantar i kommunar formidlar at dei meiner samarbeid med utdannings- og forskingsinstitusjonar gir legitimitet til arbeidet lokalt, og at det «løftar det lokale» som fleire informantar uttrykker det. Kommunar har blitt meir bevisste på at utdannings- og forskingsmiljøa kan vere ein ressurs, og at dei både kan og vil samarbeide. Ein annan lærdom er at tilsette i kommunar har erfart at utdannings- og forskingsinstitusjonane også kan lære av det som skjer i kommunane, og ha nytte av kompetansen som finst der:

Det er ikkje berre vi i kommunen som kan trenge noko, men dei (fagmiljø) kan også lære noko. Det har vore godt å ha dei med, og dei har bidratt mellom anna til å endre kurs (prosjektleder i kommune).

I så måte har samarbeidet om kompetansebygging ført til at tilsette i fylkeskommunar og kommunar har fått større tru på eigen kompetanse.

### Kompetansebygging hos alle partar

I første del av prosjektet, vart delmålet om kompetansebygging hovudsakleg oppfatta som at utdanningsinstitusjonane skulle bidra med fagkompetanse på ulike område som er relevante for Nærmiljøprosjektet lokalt og regionalt, og at samarbeidet i mindre grad handla om gjensidig samarbeid om kompetansebygging. Når ordet kompetansebygging er brukt, gir det gjerne assosiasjonar til akademia, og representantar for utdanningsinstitusjonar gir uttrykk for at dei har erfart forventningar om at det er dei som er autoritetar, og som kan bidra med kompetanse:

Vi blir gjerne sett på som autoritetar, men vi har vore opptekne av at vi skal bli oppfatta som meir likeverdige partar, der det er vår felles kompetanse som er det viktig, ikkje berre at vi skal bidra overfor kommunane og at det er vi som veit best (informant frå utdanningsinstitusjon).

I løpet av prosjektperioden har det, mellom anna frå oss som nasjonal evaluator, vore gitt signal om at delmålet har eit breiare siktemål. I siste del av prosjektet har det vore lagt meir vekt på at det er snakk om **samarbeid om kompetansebygging**, der både kommunar, fylkeskommunar og utdanningsinstitusjonar har kompetanse å bidra med.

To år og to og eit halvt år, så begynner det å skje. Det trengst lange tidsperspektiv for å kome godt i gang med slikt arbeid (informant frå utdanningsinstitusjon).

Tiltak som viser at det har vore utveksling av kompetanse, og ikkje berre bidrag frå utdanningsinstitusjonar si side, er at folk frå kommunane er inviterte til å bidra i undervisning av studentar, og at dei endåtil har delteke på forskingskonferansar i lag med representantar frå utdanningsinstitusjonen. Å bruke tilsette i kommunane som gjesteforelesarar gir studentane innblikk i praksis, på same tid som det utfordrar tilsette i kommunane positivt, fordi dei må tenke meir systematisk gjennom sin eigen praksis, og setje den inn i ein annan samanheng.

Det krever tid å lage oppgaver til studentene, ha forelesning og følge opp. Men det gjør noe med mitt arbeid også, når jeg skal lage opplegg og forelesninger, så må jeg tenke meg om med tanke på hva jeg gjør og jeg må vurdere arbeidet på en «ny» måte (prosjektleder/planlegger i kommune).

Ein faktor som fylkeskommunar la til grunn for val av utdanningsmiljø var erfaring med tidlegare samarbeid, og det er mykje som tyder på at Nærmiljøprosjektet har bidrege til å forsterke tilknytning mellom fylkeskommunar og utdanningsinstitusjonar:

Vi har samarbeidd med fylket tidlegare, men aldri i ein så stor skala. Prosjektet har bidrege til å forsterke partnerskapen og det har vore viktig for oss. Prosjektet har vore eit av dei større. Nokon av strukturane har vore godt forankra. No har dei fått høve til å blomstre (informant frå utdanningsinstitusjon).

Det har styrka relasjonen til fylkeskommunen, og etablert grunnlag for betre samarbeid (informant frå utdanningsinstitusjon).

#### Relevansen for utdanningsinstitusjonar

For utdanningsinstitusjonar er denne type samarbeid svært relevant for samfunnsoppdraget som utdanningsinstitusjonane har. For fagmiljø ved utdanningsinstitusjonar er samarbeid med praksisfeltet interessant og nyttig på grunn av dei erfaringane og den innsikta det gir. Kunnskapen kan vere utgangspunkt for FoU-arbeid, og det kan bidra til å heve kvaliteten i utdanningane, mellom anna ved at studentar på ulike måtar kan involverast i prosjekta. Arbeidet i Nærmiljøprosjektet har bidrege på alle desse punkta, om enn i ulik grad i dei ulike regionane.

Erfaringane frå Nærmiljøprosjektet har gitt involverte ved utdanningsinstitusjonar innsikt og erfaring – både metodisk og når det gjeld nærmiljøarbeid, medverknad o.a. – som er verdifull i deira undervisning.

Vår filosofi er at FoU-arbeidet og utvikling av utdanningane skal skje i nært samarbeid med «brukane» (t.d. kommunar) våre. På den måten blir kunnskapen vi bygger direkte nyttig for oss, fordi våre studentar ofte skal arbeide i kommunar eller i organisasjonar, som er nære samarbeidspartar med kommunane. Vi prøver å utdanne studentane til å bli lagspelarar der dei skal ha arbeidet sitt (informant frå utdanningsinstitusjon).

#### *Studentar i Nærmiljøprosjektet*

For utdanningsinstitusjonane sin del gjeld det mellom anna å sjå verdien av å knyte studentar til slikt utviklingsarbeid. I fire fylke har studentar direkte eller indirekte vore involverte i Nærmiljøprosjektet, der dei har bidrege med kartleggingar, skrive studentoppgåver, bacheloroppgåver og masteroppgåver. For kommunar med knappe ressursar kan det å involvere studentar, t.d. i kartleggingsarbeid, gjere det mogleg å gjennomføre aktivitetar som kommunen kanskje elles ikkje kunne sett i verk, eller som i alle fall ville tatt mykje av tida deira.

Når studentane kan gå ut i felt så får kommunen gjort mykje på éin dag, og det sparer kommunen for ressursar (prosjektleder/planleggar i ein kommune).

I tillegg til at det sparer kommunen for ressursar, så gir det studentane praksiserfaring og innsikt i kommunen sitt arbeid. På denne måten blir det praksisnær utdanning, som er vektlagt i styringssignal for høgare utdanning. I ei pressemelding frå Kunnskapsdepartementet 6. november 2018 vert det varsla at det skal leggest fram ei stortingsmelding om tettare samarbeid mellom høgare utdanningsinstitusjonar og arbeidslivet, med vekt på praksis.

### Skal kommunar forske og drive teoriutvikling?

Å samle data og utvikle kunnskapsgrunnlag, som er sentrale element i Nærmiljøprosjektet, ligg nær opp til arbeidsmåtar i forskning. I fleire samanhengar har spørsmålet om kommunane skal drive forskning vore lufta. I så måte har det vore diskutert om utdanningsinstitusjonane si rolle har vore å drive forskaropplæring.

Som forskere har vår jobb vært å bidra til at kommunene utvikler kompetanse på hvordan de gjennom systematisk kvalitativ metode- og analysearbeid kan gjøre bruk av lokal kunnskap og erfaring i produksjon av pålitelig kunnskap, som i neste omgang blir del av kunnskapsgrunnlaget i lokale utviklingsprosesser og i relevant planarbeid. Det har ikke vært en ambisjon å kvalifisere prosjektgruppene for forskningsarbeid, men å sette dem i stand til å samarbeide med forskere om kvalitativ datainnsamling, systematisering og analyse av data. I tillegg har forskerne bidratt til at prosjektarbeidet knyttes opp mot pågående og forestående planarbeid, i tråd med folkehelseslovens krav (rapport frå utdanningsinstitusjon).

Det vil gjerne vere ei spenning i utviklingsprosjekt at tilknyttede forskarar er meir opptatt av nyskaping og potensialet for teoretisk nytenkning, enn av umiddelbare lokale resultatmål. I dette prosjektet har vi utvikla forskning saman med medforskarar i kommunane, og balansen har vore god (Agdal & Midtgård, 2019:38).

Når dette spørsmålet har vore drøfta, har signala som er gitt frå fylkeskommunane og frå vår side, vore i samsvar med det som blir formidla i dei to sitata ovanfor. Men det er grunn til å peike på at det vil oppstå slike dilemma når ein skal samarbeide om kompetansebygging. Ikkje minst når det i aukande grad er forventa at kommunane skal drive utviklingsarbeid og ha kunnskap som langt på veg kan seiast å vere innanfor rammer av forskings- og utviklingsarbeid. Når desse forventningane er kombinerte med ambisjonar om meir praksisnær utdanning, vil det forsterke potensialet for at det oppstår dilemma knytte til kva roller høvesvis kommunar og utdanningsinstitusjonar skal ha.

### Bruk tid på samarbeidsavtalen

Fylkeskommunane hadde ansvaret for å gjere avtale med ein regional utdanningsinstitusjon, og for å koordinere det regionale samarbeidet om kompetansebygging. Å bruke tid i oppstarten av prosjektet til å avklare innhaldet i samarbeidet, ser ut til å ha vore ei god investering for både fylkeskommunen, utdanningsinstitusjonane og kommunane. Ein fylkeskommune la ned mykje arbeid i å få på plass ein avtale der forventningar om samarbeidet vart avklarte. Følgjande hovudpunkt var med i avtalen:

- Bidra til kunnskapsbygging i kommunane
- Nytte resultat av prosjektet inn i relevante utdanningar ved høgskulen
- Vidareutvikle samhandling mellom høgskulen og fylkeskommunen på innsatsområdet folkehelsearbeid, nærmiljø og lokalsamfunnsutvikling
- Bidra til auka samhandling mellom høgskulen sine ulike fagmiljø og prosjektkommunane

Punkta frå denne avtalen er tekne med som døme på kva ein avtale kan innehalde, og er ikkje løfta fram som ein mal. Innhald i avtalar kan sjølvstøtt vere forskjellig frå samarbeid til samarbeid, men

uansett vil det vere nyttig for samarbeidet og forventningar til samarbeidet å ha gjort slike avklaringar.

### Samarbeid om kompetansebygging – eit godt grep

Hovudinstrykket frå evalueringa er at fylkeskommunar, kommunar og utdanningsinstitusjonar har godt utbyte av samarbeid om kompetansebygging, og at dette er eit godt grep i prosjektet. Uavhengig av om profilen i samarbeidet har vore «tradisjonell» evaluering eller kunnskapsoverføring og dialog undervegs, har samarbeidet bidrege til meir kompetanse i kommunar, fylkeskommunar og UH-miljø om nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar trivsel og livskvalitet. Særleg har det bidrege til auka kompetanse om kva rolle medverknad kan spele i den samanhengen. Eit anna tema som har vore sentralt er systematisering og bearbeiding av data, og generelle spørsmål knytte til metodiske vurderingar.

Sjølv om samarbeidet har funne si form undervegs, og erfaringane med samarbeid om kompetansebygging for det meste er gode, så burde det vore tatt ein runde tidleg i prosjektfasen, der det vart avklara kva som var ideen med og forventningane til delmålet om kompetansebygging i samarbeid med utdanningsinstitusjonar. Dersom ideen var at utdanningsinstitusjonar undervegs skulle bidra med faglege innspel, at studentar skulle koplast på og at ein på andre måtar skulle få kunnskapen frå prosjektet inn fagmiljø og utdanningar, så misser ein høvet til det ved å legge opp til ei «tradisjonell» evaluering. Vi vil understreke at våre argument er knytte til korleis vi les og forstår delmål fem, og det er ikkje ei vurdering av om «tradisjonell» evaluering i seg sjølv var smart eller ikkje. Vi trur at dei fylkeskommunar som utelukkande har valt «evalueringsmodellen», vil ha stort utbyte av evalueringane, men dei får det først etter at prosjektet er ferdig og i mindre grad som korrigerer av prosjektet undervegs. Vår vurdering er at det ikkje er grunn til å styre ovanfrå nøyaktig kva som skal ligge i samarbeidet, fordi dei regionale og lokale behova kan vere ulike. Men vi meiner det er viktig å avklare kva samarbeidet skal handle om før ein går i gang, og i somme fylke vart det truleg brukt for lite tid på slik avklaring.

I løpet av prosjektperioden har vi sett ei utvikling i retning av at fleire, både fylkeskommunar, kommunar og utdanningsinstitusjonar, er meir bevisste på kva som kan ligge i eit slikt samarbeid, og har gjort erfaringar med det. Det som i nokre tilfelle starta med einseitig bidrag frå utdanningsinstitusjonane si side, vart i løpet av prosjektet justert i retning meir gjensidig samarbeid om kompetansebygging.

For at samarbeidet skal bli best mogleg, er det nokre forhold det kan vere grunn til å tenke gjennom, før kommunar/fylkeskommunar avgjer kva utdanningsmiljø som er aktuelle å samarbeide med:

- For at samarbeidet skal bli beste mogleg for alle partar, er det tenleg å bruke tid på å utforme ein god avtale, som klargjer roller i og forventningar til samarbeidet.
- Det kan vere praktisk å samarbeide med fagmiljø/personar som ein kan møte fysisk, men dette bør ikkje vere eit absolutt krav.
- Tenk gjennom kva rolle utdanningsmiljøet kan ha. Utvalskriterium kan t.d. vere: Fagkunnskap som er sentral i prosjekt (helse, nærmiljø, medverknad, metode m.m.). Prosesskompetanse. Evalueringskompetanse. I vurderinga er det viktig å hugse på at nærmiljø og folkehelse er eit tema som spenner vidt, og at ein kanskje kan ha stor nytte av fagmiljø som ikkje umiddelbart verkar relevante. Vurderingane av kva som er relevante fagmiljø, må sjølvstøtt gjerast med grunnlag i profilen i prosjekta og kva behov fylkeskommunar og kommunar har.
- Utdanningsmiljøa kan gi fagleg støtte, vere kreative diskusjonspartnarar og bidra til å bygge nettverk med andre fagmiljø. I mange tilfelle kan det vere føremålstenleg å trekke inn ulike samarbeidspartnarar i ulike fasar av prosjektet.

- Studentar kan bidra i datainnsamlingar/kartleggingar i delprosjekt, og dei kan sjølve skrive studentarbeid med utgangspunkt i prosjektet (arbeidskrav, bacheloroppgåver, masteroppgåver, doktoravhandlingar) og dei får innsikt i nærmiljø og folkehelse som er svært nyttig kunnskap å ha når dei kjem i jobb.
- Det er viktig at fagmiljøa er interesserte i samarbeid, og at dei er merksame på at samarbeidet er eit godt grunnlag for studiekvalitetsarbeid, utvikling av studietilbod osv.

I tillegg til at samarbeid om utviklingsprosjekt er kompetansebyggande for alle partar, framhevar kommunane at det gir prosjektet legitimitet og status lokalt (mellom anna hos politikarar og den administrative leiinga) at forskings- og utdanningsmiljø er kopla til prosjektet. Evalueringa viser at det fungerer godt å bruke konkrete utviklingsarbeid, som i dette tilfellet Nærmiljøprosjektet, som utgangspunkt for kompetansebygging i samarbeid mellom kommunar, fylkeskommunar og utdanningsinstitusjonar.

I Nærmiljøprosjektet er det – med eitt unntak - utdanningsinstitusjonar som har vore samarbeidspart om kompetansebygging. Både utdanningsinstitusjonar og forskingsinstitutt har kompetanse på utforming av prosjekt, prosessleiing og evaluering. Dei kan begge ha kunnskap om metode, folkehelsearbeid, medverknad og kommunal planlegging. Utdanningsinstitusjonar har i tillegg ansvar for utdanningar, som i mange tilfelle utdannar for yrke og sektorar som bør ha kjennskap til måtar å jobbe på som er sentrale i Nærmiljøprosjektet. Vi meiner dette har gitt ein «ekstragevinst» både for kommunar, studentar og tilsette i utdanningsinstitusjonane. I så måte har det vore eit godt grep å knyte samarbeidet til utdanningsinstitusjonar.

## Oppsummering

### Organisering og rammene rundt Nærmiljøprosjektet

Evalueringa gir ikkje grunnlag for å trekke klare konklusjonar om kva organisering eller funksjonsmåte som har vore mest føremålstenleg for gjennomføringa av Nærmiljøprosjektet. Men prosjekt som dette må ha ein prosjektleiar som har eigarskap til prosjektet og som sørger for framdrift. Sjølv om Nærmiljøprosjektet har fungert bra og hatt god framdrift regionalt og lokalt, utan at prosjekta er organiserte med prosjektgrupper, styringsgrupper e.a., ser det ut til at arbeidet har betre vilkår dersom prosjektet har ei prosjektgruppe, og gjerne med politikarrepresentasjon. Å involvere frivillig sektor og sivilsamfunnet i prosjektorganisasjonen, er også føremålstenleg. Det gir gode føresetnader for å forankre og legitimere ideane og arbeidsmåtene i prosjektet, slik at dei kan leve vidare etter at prosjektet er ferdig.

Dei kommunane i Nærmiljøprosjektet som har involvert politikarar direkte i prosjektet, anten gjennom prosjektgrupper og/eller ved at politikarane har vore med på å gjennomføre medverknadsprosessar, har gjort eit godt grep med tanke på å løfte fram folkehelsearbeidet politisk. Indirekte er det også ein måte å dokumentere på. Fleire kommunar må jobbe meir aktivt med det.

I eit prosjekt som Nærmiljøprosjektet, der mobilisering av innbygarane, politikarane og tilsette i kommunen har vore sentralt, er informasjon og kommunikasjon viktig. Ein del kommunar har involvert kommunikasjons- og informasjonseiningane i kommunen, eller brukt enkeltpersonar i kommuneorganisasjonen med slik kompetanse, til å gjere prosjektet og aktivitetar i prosjektet kjent, både i kommuneorganisasjonen og overfor innbygarane. Somme har også utarbeidd ein kommunikasjonsplan/strategi. Å legge vekt på informasjon og kommunikasjon har bidratt til brei mobilisering og til å gi prosjektet legitimitet, både hos innbygarane og politikarane.

Rapportering, dokumentasjon og formidling på nasjonale og regionale samlingar har fungert som eigenvurdering for kommunane. Det har bidratt til framdrift og nyttige justeringar av prosjektarbeidet både i fylkeskommunane og lokalt.

Kommuneleiinga oppfattar i mange tilfelle at prosjekt er noko som kjem i tillegg til oppgåvene som kommunen har ansvar for, og på sett og vis er det ein viss logikk i det. Men for Nærmiljøprosjektet sin del handla det om å ta tak i lovpålagde oppgåver, jf. folkehelselova og plan- og bygningslova, og ikkje om oppgåver som ligg på utsida, eller skal kome i tillegg til slike oppgåver. Såleis kunne deltaking i prosjektet like gjerne oppfattast som ein gylden sjanse til å få framdrift i det lovpålagde systematiske folkehelsearbeidet. For prosjektleiarane og andre i kommunane som har arbeidd med prosjektet, har det også vore oppfatta slik – etter kvart. Men dersom den politiske og administrative leiinga i kommunane i større grad hadde blitt klart introdusert for ei slik tilnærming i søknadsfasen, og tidleg i prosjektperioden, ville det kunne skapt betre vilkår for forankring og endå betre tilslutning til prosjektet i kommuneorganisasjonen.

### Fylkeskommunen si rolle

Fylkeskommunane har vore svært viktige for å engasjere og motivere kommunar, og for å bidra til retning og framdrift i prosjektet. Fylkeskommunane har også hatt ei viktig rolle for å legge til rette for kompetanseheving og erfaringsdeling i prosjektet. For å bidra til heilskapleg samfunnsutvikling kan fylkeskommunen bruke både juridiske, pedagogiske og økonomiske verkemidlar. I

Nærmiljøprosjektet er det særleg dei pedagogiske verkemidlane, i form av nettverkssamlingar, dialog undervegs og erfaringsdeling, som har vore viktige for framdrift og retning i prosjektet. Gjennom å bidra med slik aktivitet, og at det har skjedd i samarbeid med UH-miljø, har fylkeskommunane spelt ei nøkkelrolle i Nærmiljøprosjektet.

### Påverknadsfaktorar, utfordringar og kommunal folkehelseoversikt

